

# Årbok

F O R S Y K K Y L V E N 2 0 1 4



Sykkylven Sogenemnd

Januar  
Mandag    Tirsdag  
6            7  
3            14  
0            21  
Fredag    Laurdag    Søndag  
7            8            15            16            22            23            29  
14            17            24            25            30  
21            28

Onsdag    torsdag    Fredag    Laurdag    Søndag  
1            2            3            4            5  
8            9            10            11  
15            16            17            18            19  
22            23            24            25            26  
29            30

## Innhald

|                               |   |    |
|-------------------------------|---|----|
| <i>Kjetil Tandstad (red):</i> | Aurefunna flyttar grenser .....                                   | 3  |
| <i>Per Arne Grebstad:</i>     | Kyrkje på historisk grunn .....                                   | 4  |
| <i>Bjørn Ringstad:</i>        | Auregården – et 25-årsminne .....                                 | 6  |
| <i>Per Arne Grebstad:</i>     | Vogga på Klokkehaugen .....                                       | 17 |
| <i>Harald Bratli:</i>         | Tolmod og tøffe tak bak rattet .....                              | 18 |
| <i>Eldar Høidal:</i>          | Rullings og svart kaffi .....                                     | 23 |
| <i>Guro Leirmo:</i>           | Moro med motor og måling .....                                    | 28 |
| <i>Reidar Skarbø:</i>         | Den første dyrlegen på Sunnmøre .....                             | 31 |
| <i>Jarle Tusvik:</i>          | Damekoret frå januar 1934 .....                                   | 34 |
| <i>Per Svein Tandstad:</i>    | Gudbrand i Vik .....  | 36 |
| <i>Kjell Løseth:</i>          | To sykkyldiktatar .....   | 40 |
| <i>Guro Leirmo:</i>           | Ny giv for naturmuseet .....                                      | 44 |
| <i>Rolf Sagen:</i>            | 30.6 – eit kapittel frå romanen MS Liv .....                      | 48 |
| <i>Thor Willy Strømme:</i>    | Tynesbilen .....  | 50 |
| <i>Hans Strømmegjerde:</i>    | Øvinga Blåtind 1954 .....   | 52 |
| <i>Kjetil Tandstad:</i>       | «Mandfolkene ere hengivne til Reiselivet<br>og Dagdriverie» ..... | 54 |
| <i>Kjell Løseth:</i>          | Bomber mot Brand IV .....   | 56 |
| <i>Jarle Tusvik:</i>          | Møbelgründerar i Sykkylven (del 2) .....                          | 59 |
| <i>Stein Arne Fauske:</i>     | Amerikabrev .....   | 68 |
| <i>Hans Strømmegjerde:</i>    | Langeneset 1951 .....   | 66 |
| <i>Monica Aure:</i>           | Biletkaualkaden 2014 .....  | 70 |
| <i>Roald Solheim:</i>         | Eit ord .....   | 76 |

### Sogenemnda 2014

Eldar Høidal (leiar), Edel Pernille Ystenes (nestleiar), Astrid Aure, Stein Arne Fauske, Thor Willy Strømme, Heidi Heggem og Ingvill Kjærstein.

### Årbokredaksjonen 2014

Kjetil Tandstad (redaktør), telefon 90 20 12 31, kjetil.tandstad@online.no  
Eldar Høidal, Thor Willy Strømme, Jarle Tusvik, Kjell Løseth og Aase Wick Sætre.

### Utgjevar: Sykkylven Sogenemnd

Skrifttyper: Frutiger 11/13 pt. Titlar i Frutiger Bold.  
Grafisk produksjon: Hatlehols AS, Brattvåg 14222-11 www.hatlehols.no  
Papir: 130 gram Gallerie silk  
ISBN: 978-82-92269-22-0

### Forsidebilete

2014 var året då den nye overføringslina for elektrisk kraft mellom Ørskog og Sogn – monsternestene blant uvener – vart strekt gjennom kommunen. I bakgrunnen Riksheimfossen i all si prakt, slik vi enno kan sjå han når magasin og røyrgata til kraftverket ikkje greier å svelje unna. Foto: Hallvard Sandvik.

## Forord: Aurefunna flyttar grenser

Det er i år 25 år sidan oppsiktsvekkjande arkeologiske funn vart gjort på Aurefløten. Her er det funne spor etter sykkylingar heilt frå yngre steinalder, via bronsealder, jernalder til kristen tid. Den moglege gildehallen på meir enn 500 kvadratmeter er ein av dei største i sitt slag som er funne her i landet frå perioden 500–750 e. Kr. Interesse for funna har vore stor. I desse dagar leverer ei kommunalt nedsett gruppe nye forslag til korleis funna kan brukast og formidlast.

I Årbok for Sykkylven gjer vi vårt for å halde interessa varm. Fylkeskonservator og arkeolog Bjørn Ringstad skriv i ein grundig artikkel om funna på Auremarka og kva forskarane har lært. For få år sidan meinte forskarane at det ikkje fanst sikre spor av jernalderbusetnad inne i fjordane før rundt år 500. På Aure vart det funne ein gard som ein sikkert kan seie er 1500–2000 år eldre enn dette. Vi er då tilbake til eldre bronsealder. Det kan heller ikkje utelukkast at busetnaden går heilt tilbake til slutten av yngre steinalder, skriv Bjørn Ringstad.

Dermed har funna på Aure flytta jordbruksamfunnet på våre kantar eit par tusen år bakover. Det er noko å markere. Men årboka interesserer seg også for nyare historie. I år er det fleire artiklar som tek føre seg transportnæringa. I eit intervju med Olav Overå, som Harald Bratli gjorde for nokre år sidan, får vi grundig kjennskap til

det tøffe livet som sjåfør på ein knottfyrt buss under krigen. Vi kan også lese om langtransport-sjåførane som heldt det gåande med rullings og countrymusikk langs vegane mellom Sykkylven og Oslo. Vil ein ha det endå meir tidsaktuelt, kan ein la seg fange av Guro Leirmo sin reportasje om ungdomsaktivitetar. Her luktar det fersk eksos.

Elles kan ein lese om den første dyrlegen frå Sykkylven – han var elles ein av dei første i landet. Eller ein kan lese om Sykkylven Naturhistoriske Museum, som feirar 35 år og står i ferd med å flytte inn i nye lokale i Storgata. Vi kan også bringe utdrag frå den lyriske romanen MS Liv av Rolf Sagen som kom ut i år. Utgangspunktet er ei loggbok frå den ganske skrøpelege fiskeskøyta som den unge og ikkje særleg sjøvante studenten Rolf Sagen kjøpte i 1970. Saman med ein kamerat bestemte han seg for å segle skuta frå Sykkylven til Oslo. Lukka var eit hakk betre enn åtferda.

Har du stoff du kan tenkje deg å publisere, ta kontakt med redaksjonen snarast. Velkomne i spaltene skal de vere, som lesarar, tipsarar og skribentar!

For årbok-redaksjonen  
*Kjetil Tandstad*

(redaktør)

## Berre nokre tastetrykk unna

Har du oppdaga heimesidene til Sykkylven sogenemnd?

### Her kan du finne i digital form:

- Eldre utgåver av Årbok for Sykkylven
- Ola Tandstad: Sykkylven i eldre tid
- Sykkylven sogenemnd: Gardssogene for Sykkylven
- Martin Gjævenes: Utvandrarane frå Sykkylven
- Jan Grebstad: (red) Ord og uttrykk i Sykkylven
- Fotosamlingar m.m.

Logg inn på: [www.sogenemnd.no](http://www.sogenemnd.no)



Per Arne Grebstad, fødd 1944, er frå Kapralgarden på Aure og er tidlegare lærar. Han er historieinteressert og ein habil fotograf. Over hagegjerdet har han halde eit vake auge med dei arkeologiske funna sidan utgravingane kom i gang i 1989.

## Kyrkje på historisk grunn

Av Per Arne Grebstad

Sommaren 1989 var det stor aktivitet på kyrkjetomta. Bygget var i ferd med å ta form, betongarbeidet og teglsteinmuringa var ferdig. Ein var i gang med å få på plass dei berande konstruksjonane av laminat, dei som skulle garantere at det alltid ville vere høgt under taket.

På uteområdet arbeidde dei med ein veg der folk kunne gå over kyrkjetomta. Då dukka det opp ei røys med kampesteinar, steinar som ingen mann kunne løfte. Alle undra seg over dette, då jorda på Aure var steinfri.



Den nye kyrkja er i ferd med å reise seg i 1989. Like ved fann arkeologane jarnaldergarden. Foto: Per Arne Grebstad.

Aure er ein gammal kyrkjestad, det første gudshuset var Aura-Pål sitt huskapell. Så kom stavkyrkja, krosskyrkja og den vakre trekyrkja. Ho fekk stå i hundre år før eldebrann la ho i oske i februar 1983.

Vi trur at Aura-Pål var ein djupt religiøs mann som heile livet bar på eit minne frå unge år. Han sto tilbake på Auresanden medan faren Skofte og dei eldre brørne Ogmund, Finn og Tord la ut med langskipet. Pål var for ung til å vere med.

Skofte med dei fem langskipa var den første som segla gjennom Nørvasund, Gibraltar. Han døydde på Romaborg og er gravlagt på Petersplassen. Brørne døydde der og. Dei som tidlegare hadde reist sørover, hadde drege over land. Mange overlevde turen og kom tilbake på dei russiske elvane. Dei hadde mykje å fortelje. At Aura-Pål bar på minnet om faren og brørne er kanskje grunnen til at sonen hans, Nikolaus, bygde den vakre marmorkyrkja på Giske. Kanskje skulle ho stå som eit minne om Skofte og sønene.

Universitetet i Bergen sende arkeologar. Under røysa fann dei eit kollag etter eit bål av brend einer. C-14-dateringane var interessante. Dei viste til same året som astrologane si datering av Betlehemstjerna. Kanskje vart ein mektig hovding kremert i båten sin. Lenger nede kom det fram åker og kokegroper. Truleg har her budd ein huslyd på 50 menneske i tidleg romartid (0–200 etter Kr.) Nyare funn tyder på at her har budd endå fleire. Dette vil vi få vite når undersøkingane er ferdige.

På kyrkjetomta var det funne to sunnmørsøkser. Arkeologen Per Fett har gjort ei undersøking på desse. Ei gammal kone fortalde at ho kunne hugse at dei brukte desse til å flå svinepelsar. Det var eit stort bergstykke av same bergart som øksene var laga av. Truleg var han frakta dit på snøen frå Raudbergane ved Lysholsetra. Av det stykket kunne dei hogge ut emne til økser, vinterarbeid kanskje. Vidare kom det fram to fragment av kleberstein,



Ei steinrøys midt på den steinfrie Aurefløten fekk folk til å lure og Per Arne Grebstad til å alarmere arkeologane. Under røysa låg åkeren og kokegroperne. Foto: Per Arne Grebstad.

ein bit av ei bakstehelle og hanken av ein drikkebolle.

Eg har budd ved ei kyrkje heile livet, har sett menneske kome og gå. Dåpsbarnet er ei lett bør. Andre er tunge å bere. I sorg og glede har menneska samla seg her. Når eg står ved spora etter dei som budde her på Jesu tid, blir eg still og kjenner meg audmjuk. Menneska før oss var som eg og du, dei gret og dei lo. Ein dag sat dei i solveggen mette av fisk frå sjøen og korn frå åkeren. Ein annan dag kraup dei saman medan stormen reiv i huset. Kanskje både fraus og svalt dei.

Desse menneska måtte som oss leve i gode og vonde dagar.



I kyrkjetomta vart det funne to sunnmørsøkser.



Bjørn Ringstad er fylkeskonservator i Møre og Romsdal og har heilt sidan dei arkeologiske funna dukka opp i Sykkylven sentrum i 1989 vore sentral i arbeidet med utgravingane og tolking av funna. I denne artikkelen, opphavleg skriven for den arkeologiske skriftserien UBAS, som blir gitt ut av Universitetet i Bergen, summerer han opp kva forskarane har lært av utgravingane dei siste 25 åra.

## Auregården – et 25-årsminne

Av Bjørn Ringstad

### Siden 1989 har det nesten årlig vært utført arkeologiske undersøkinger i form av registrering eller utgraving på Auregården.

Det er i år 25 år siden Kjersti Randers, på vegne av Historisk Museum i Bergen, gjennomførte de første arkeologiske undersøkingene på Aure. (Randers 1989). Dette skjedde i august 1989. Gjennom disse undersøkingene er det kommet frem et mangfoldig og variert materiale, som er med å gi et godt bilde av gårdens struktur og utvikling gjennom flere tusen år.

Mange av undersøkingene har vært små og av lite omfang, men samlet er de med å gi et godt

bilde av den sentrale vestlandsgården i forhistorisk tid. Det er få gårder på Vestlandet der det totalt sett har vært mulig å få et så godt innblikk i ulike topografiske deler av et gårdsområde som på Aure. En del av registreringene som er utført, har gitt negativt resultat, i den forstand at det ikke er påvist funn. Dette er like fullt undersøkinger som er med å si noe om totaliteten og utnyttelsen av ulike arealer knyttet til gårdens interesseområde. I det følgende vil det bli gitt en generell oversikt over hva som er funnet på Aure gjennom de siste 25 årene, og det hele vil bli satt inn i en forvaltningsmessig og faghistorisk sammenheng.



Det arkeologiske området på Aure ligger helt opp til kommunesenteret i Sykkylven. Foto: Bjørn Ringstad.

### De første spor etter gårdsbosetning

«No byggjer dei der byen låg». Denne replikken skal den synske personen Karl Tandstad ha kommet med rundt 1950 da de drev med tomtearbeid og utvidelse av Aure sentrum (Myklebust 2000 :100). Om Karl Tandstad var synsk, eller svært observant, skal det ikke tas stilling til her. Vi kan likevel konkludere med at hans uttalelse hadde en viss rot i virkeligheten. Her hadde vært en omfattende bosetning med mange hus. Noen år tidligere var det også funnet ryddige spor etter menneskelig aktivitet i forbindelse med gravearbeid i sentrum. Dette skjedde i 1946, da det ble funnet fem såkalte «gruver».

Rasmus Buset fra Sunnmøre Museum var på stedet og fikk undersøkt den siste av dem. Han fikk også den lokale fotografen Peder Lyshol til å ta to bilder av dem, ett før og ett etter at han hadde undersøkt den. I dag ville det være naturlig å omtale dette funnet som en kokegrop eller et ildsted.

Rasmus Buset prøvde å få kontakt med Per Fett og professor Johs Bøe ved Historisk Museum i Bergen, da han fikk høre om funnet på Aure, men uten å lykkes. Senere sendte han «kultur-



I 1946 ble det funnet flere «gruver» eller ildsteder/kokegropen på Aure. Foto: P. P. Lyshol.

jorda», som han beskriver det, i en kasse til museet i Bergen. Hva som videre skjedde, vet vi ikke, men trolig ble bare innholdet kastet. Det var lite å få ut av et slikt funn.

I 1955 ble det i Sykkylvsbladet skrevet en artikkel om Aure i tidligere tider. Her står det å lese:

«Når det fra tid til annen blir gravet ut byggetomter på Auresletten kan en se kulturlaget kan gå opp i 1/2 meter og mer: Det betyr stor elde».

Denne oppteignelsen viser at folk lokalt tidlig var oppmerksom på at det lå funn i jorda på Aure som vitnet om eldre bosetning. Hvor langt tilbake i tid denne bosetningen strakte seg visste man ikke, men på grunn av dybden i jorda antok man en betydelig alder. Det er ikke noe i arkivmaterialet, eller andre skriftlige kilder som tilsier at fagarkeologer, eller historikere viste særlig interesse for de observasjonene som ble gjort. På denne tiden var det heller ikke så lett å tidfeste denne typen funn. Kullholdig jord uten tids-typiske gjenstander ga liten eksakt informasjon. Datering av kullprøver ved hjelp av 14C-metoden lå fortsatt mange år fram i tid.

### Auremarka 1989

Sommeren 1989 skulle fagfolk endelig få anledning til å se nærmere på hva som skjulte seg i jorda på Aure. Sykkylven kommune var godt i gang med omfattende gravearbeid for bygging av ny gang- og sykkelsti forbi den nye kirka, da en av naboene, Per Arne Grebstad, ble oppmerksom på en større steinpakning nede i matjorda. Her skulle det da ikke ligge stein, mente han. Han hadde selv vært med å pløye opp jorda i sine yngre dager og visste at det her var nærmest steinfritt. Hva kunne dette være?

Han tok kontakt med Sunnmøre Museum i Ålesund, og dermed kom arkeolog Helge Sørheim ut for å se nærmere på hva som var funnet. Med seg hadde han amatørarkeolog Petter Dyrkorn fra Fjørtoft. Konklusjonen var at dette var noe som Historisk Museum i Bergen burde undersøke nærmere. Dermed ble Kjersti Randers satt på saken og sendt opp til Sykkylven.

Steinpakningen eller røysa som ble funnet, og som enkelte mente kunne være ei gravrøys, viste seg ikke å være så interessant. Den ble tolket som en større rydningsrøys. Undersøkelsen avdekket imidlertid andre spor av langt større interesse. Her var det spor etter gårdsbosetning i form av pløying med ard, store kokegropen og stolpehull tilhørende hus (Randers 1989). Det ble sendt inn seks trekullprøver til 14C-datering. Samtlige viste en datering innenfor tidsrommet eldre romersk jernalder. Jernaldergården var funnet.

### Et tidsskille

For å rense opp og undersøke funnområdet mer grundig, tok Kjersti Randers i bruk gravemaskin og torvet av deler av den aktuelle gang- og sykkelveien som skulle bygges. Selv om matjorda



Bjørn Ringstad under dei første utgravingane på Aurefløten. Foto: Per Arne Grebstad.

var om lag 1 meter dyp, og det var et relativt lite område som ble undersøkt, viste resultatene noe av potensialet som lå i metoden med maskinell flateavdekking.

Denne arkeologiske undersøkelsen kom ikke bare til å markere starten på kartlegging av Auregården, den er også med å markere et tidsskille forvaltningsmessig og forskningsmessig i Møre og Romsdal, det meste av Vestlandet og Midt-Norge. Fram til nå hadde undersøkelsene på Forsand i Rogaland langt på vei vært enerådende ved bruk av flateavdekking i Norge (Løken et al. 1996). Resultatene herfra viste likevel at dette var en metode som var godt egnet ved arkeologiske registreringer.

Det tidsskillet som flateavdekkingsmetoden markerer, må også sees i sammenheng med omorganisering av kulturminnevernet og delegering av statlig myndighet til fylkesnivået. Denne omorganiseringen fant sted fra 1.1.1990. Nå ble det egne fylkesarkeologer i alle fylkeskommunene i landet. Møre og Romsdal fylkeskommune var svært tidlig ute med å prøve ut maskinell flateavdekking som metode. Det første prosjektet fant sted på gården Årø i Molde allerede sommeren 1989.

Dette skjedde i samband med utvidelse av Molde lufthavn (Ringstad 1989). Ut fra et kulturhistorisk synspunkt var resultatet av undersøkelsen heller magert. I ettertid vil en også kunne si at man var svært forsiktig, men det var viktig å prøve ut metoden. Siden den gang er det gjennomført om lag 500 registreringer i form av maskinell flateavdekking i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune. Det er gjort funn fra forhistorisk tid i anslagsvis 50–60 % av disse registreringene.

På mange måter har metoden med maskinell flateavdekking revolusjonert norsk arkeologisk forskning. Det er kommet inn et enormt stort kildemateriale fra sentrale jordbruksområder. Dette er en ny type materiale som langt på vei direkte og tydelig forteller om gården, dens struktur med hus, uteområder, åkrer og inngjerdinger. Metoden er i senere år også tatt i bruk i utmark og mer perifere områder, og ikke bare på de sentrale gårdsområdene med dyrket jord (Åstveit 2005; Ringstad 2007; Mokkelbost 2010). Grave-maskin nyttes nå også i større grad ved undersøkelse av steinalderlokaliteter slik at den romlige dimensjonen kommer bedre frem.

Det *skillet* som maskinell flateavdekking repre-

senterer som arkeologisk metode til innsamling av kildemateriale, illustreres godt i bygdeboka for Stordal på Sunnmøre som kom ut i 1989, samme året som Kjersti Randers gjennomførte de første undersøkelsene på Aure. Boka er skrevet av historikeren Jostein Sande, og forhistorisk tid utgjør første del av boka. Her gjør Sande en grundig analyse av bosetningshistorien og gårdssamfunnets framvekst ut fra ulike kilder som gravhauger, gravfunn, gårdsnavn, matrikkelskyld, eiendomsforhold, topografi og gårdsgrenser. Hustuffer og andre direkte spor etter den eldste gården var ikke kjent, og det var heller ikke forventet at det var mulig å gjøre slike funn i et aktivt jordbruksområde som Stordal.

«Slik sett er dei svært viktige kjelder for oss. Hustuffer frå jernalderen kjenner vi ikkje til i Stordal, slike fornminne er i det heile svært sjeldne. Stadig fornying av hus og tun saman med den nærast fullstendige oppdyrkinga av



Sentralt på «helsesentertomta» ble det funnet spor etter flere hus, mellom annet et ca. 40 meter langt hus fra romersk jernalder. Foto: S.B. Fiksdal.

dalbotnen har «viska» ut slike funn: Gardane vi kjenner frå i dag står nok stort sett på dei gamle tuftene.» (Sande 1989:32)

Det synet som her presenteres, var en forholdsvis vanlig oppfatning på dette tidspunktet, også blant norske arkeologer. Eldre spor med tufter var «visket bort» etter mange århundre med oppdyrking og pløying, og man så for seg stor grad av tunkontinuitet, noe som også skulle tilsi at eldre spor var ødelagt.

De omfattende arkeologiske undersøkelser som foregikk på Forsand i Rogaland, et stykke fra Stavanger på dette tidspunktet, viste likevel at mange spor fra forhistorisk tid kunne ligge bevart intakt under åkerjorda (Løken 1987).

### Nye funn 1991–93

Som nevnt ble de første registreringene i form av maskinell flateavdekking i Møre og Romsdal gjennomført i 1989. Det var likevel først et par år senere, i 1991, at det ble virkelig full klaff med bruk av metoden. Da var det på ny Auremarka som stod i fokus. Sykkylven kommune hadde i flere år hatt ønske og planer om bygging av helsesenter på deler av Auremarka. Før de kunne realisere disse planene var det nødvendig å gjennomføre en arkeologisk forundersøkelse og eventuell utgraving. Dette skjedde i regi av Bergen Museum, mens undertegnede som fylkesarkeolog fikk lede arbeidet (Ringstad 1994).

Allerede i det første feltet som ble avtorvet ble det gjort en mengde funn av ulike struktur-



Arkeolog Bjørn Ringstad, den kunnskapsrike amatørarkeologen Petter Dyrkorn fra Haram og Helge Sørheim fra Sunnmøre Museum på Helsesentertomta i Sykkylven like etter at dei første funna er gjort i 1991. Foto Per Arne Grebstad.



Rød markering viser positive funn, de blå områdene viser til områder der det ikke er gjort funn. Brunstadtomta (Musikkpaviljongen) inne i kvadraturen er ikke markert. Her ble det gjort funn fra eldre jernalder/romertid. Grafikk: Bjørn Ringstad.

er i form av stolpehull, kokegroper, ildsteder, vegggrøfter og ardspor. Strukturene lå tett og delvis over i hverandre. En god del av det som ble funnet fremstår i dag som selvsagt og lett forståelig, men den gang ble det brukt mye tid på å tolke sporene og finne ut av sammenhengene mellom strukturene.

Den store konsentrasjonen med funn gjorde at Sykkylven kommune valgte å se seg om etter et nytt alternativ for plassering av helsesenter. En tomt ca. 200 meter lenger mot sørøst, på Auremarka ble plukket ut («Blinkentomta»), men det viste seg at også dette området inneholdt en god del funn med spor etter eldre gårdsbosetning.

### Hva ble funnet på Auremarka?

I løpet av perioden 1991–93 ble det avtorvet om lag 5000 kvadratmeter og det ble registrert tallrike strukturer av ulik karakter. Det meste av dette var stolpehull, men det ble også funnet en rekke kokegroper, ildsteder og groper av mer usikker funksjon. I tillegg ble det også funnet en mengde med godt bevarte ardspor.

### Hus

En stor del av stolpehullene dannet system og

kunne skilles ut som hus. Totalt sett er det funnet spor etter nærmere 30 hus, men de fleste er det bare registrert deler av. Husene varierer i størrelse. Det minste er bare 4 meter langt, mens det største er hele 56–57 meter og med en bredde på om lag 9–10 meter (Ringstad 2005:263). De eldste klart definerte husene går tilbake til yngre bronsealder, tidsrommet ca. 800–700 f.Kr., men det er også stolpehull datert til tidsrommet 1155–915 f.Kr. Antageligvis dreier dette seg også om et hus, men her er det vanskelig å si noe nærmere om konstruksjonen (Ringstad 2001:37). De fleste spor etter hus ligger innenfor tidsrommet romertid – folkevandringstid, men det finnes tilnærmet sammenhengende dateringer av hus innenfor tidsrommet ca. 800 f.Kr.–700 e.Kr.

Den fine sandholdige, tilnærmet steinfrie matjord på Aure gjør at funnforholdene er gode, og det er lett å oppdage spor etter aktivitet som har medført ulike typer nedgravinger. I ett av husene, tidfestet til ca. 200 e.Kr., er det spor etter mindre stolper i vegggrøften til huset. Dette viser at huset trolig har hatt en yttervegg i flettverkskonstruksjon og at de små stående stolpene, med tverrmål på ca. 12–15 cm, har stått med en avstand på ca 15–25 cm (Ringstad 2001 :63–64).

| Tidsrom | Område                              | Merknader                  | Datering                                      |
|---------|-------------------------------------|----------------------------|---|
| 1989    | Gangvei ved kirka                   | Bosetningsspor - hus       | Ca. 0–200 e.Kr.                               |
| 1991–92 | Helsesentertomta                    | Bosetningsspor - hus       | Ca. 100–600 e.Kr.                             |
| 1992–93 | Blinkentomta                        | Bosetningsspor - hus       | Ca. 800–100 f.Kr.                             |
| 1993    | Nyveien i sentrum                   | Bosetningsspor - hus       | Ca. 800–100 f.Kr.                             |
| 1994    | Kirkegårdsutvidelse                 | Ikke funn                  |   |
| 1995    | Kildehaugtomta                      | Bosetningsspor             | Ca. 200 f.Kr.<br>tidligere funn av steinøkser |
| 1995–96 | Sparebanktomta                      | Bosetningsspor - lite hus  | Ca. 1000 f.Kr.–800 e.Kr.                      |
| 1997    | Hotelltomta                         | Ikke funn                  |   |
| 1997    | Telenor, kabelgrøft, Ullavika       | Ikke funn                  |   |
| 1997–98 | Strømmetomta                        | Bosetningsspor - mulig hus | Trolig bronsealder/førromersk jernalder       |
| 1998    | «Aure Aust 84»                      | Ildsteder                  | Uviss alder                                   |
| 1999?   | «Vårdal» bnr. 8                     | Ikke funn                  |   |
| 2000    | Øvsteteigane                        | Ikke funn                  |   |
| 2000    | Rellingmarka                        | Steinalderfunn             | Ca. 3000–2500 f.Kr.                           |
| 2000    | Kildehaugtomta                      | Mindre bosetningsspor      | Trolig førromersk jernalder                   |
| 2001    | Smiåkeren                           | Bosetningsspor             | Trolig jernalder                              |
| 2001    | Ullavika - marinarkeologi           | Ikke funn                  |   |
| 2003    | Informasjonstavle                   | Bosetningsspor             | Trolig jernalder                              |
| 2003    | Krikane li                          | Ikke funn                  |   |
| 2004    | Utvidet telekiosk, Ullavika         | Groper                     | Trolig jernalder                              |
| 2005    | Kommunedelplan sentrum              | Bosetningsspor - hus       | Ca. 400 f.Kr.–200 e.Kr.?                      |
| 2005    | Driftsbygning - kirkegården         | Ikke funn                  |   |
| 2006    | Justering av vei - sentrum ved Coop | Bosetningsspor             | Trolig jernalder                              |
| 2007    | Skjerva, bnr. 2                     | Ikke funn                  |   |
| 2008?   | Sunddalen, Auresetra                | Tjæremile                  | Middelalderen                                 |
| 2009    | Jacobsgarden, bnr. 13               | Ikke funn                  |   |
| 2011    | Kabelgrøft bnr. 15                  | Dyrkingslag                | Jernalder?                                    |
| 2012    | «Bussholdeplassen»                  | Bosetningsspor             | Eldre jernalder                               |
| 2014    | «Brunstadtomta»                     | Bosetningsspor             | Eldre jernalder                               |

Flettverksveggen har etter alt å dømme vært kledd med leire. I det samme huset ble det også funnet avtrykk etter det som er tolket som skillevegger mellom båser i en egen fjøsdel. Avstanden mellom skilleveggene har vært om lag 1 meter, og huset kan ha hatt plass til 18–20 dyr.

### Gjenstandsfunn

I flere av stolpehullene og noen andre strukturer, er det funnet gjenstander. En del av disse, som skår av keramikk, flintavslag og små glassperler, kan ha kommet tilfeldig ned i strukturene som del av fyllmassen. Andre større gjenstander, som

en spydspiss og en øksebarre, kan ikke tilfeldig være tapt, men må ha vært lagt ned intensjonelt, kanskje som en form for husoffer (Myhre 1988; Guttormsen 2003). I enkelte strukturer og i matjordlaget ble det også funnet fragmenter av brente bein. Beinmaterialet gir oss et lite innblikk i det som stod på menyen (Ringstad 2001 :78).

### Spor etter pløying

Åkerjorda på Auremarka består som nevnt av tilnærmet steinfri, litt sandholdig, jord. Tykkelsen på åkerjorda varierer en god del. På flaten nærmest kirka er den omkring 1 meter tykk, mens

den noe lenger opp fra sjøen, enkelte steder, er skrinnere og bare 25–30 cm tykk. Hovedregelen er likevel at åkerjorda over det meste er ca. 40–60 cm. Over store deler av det undersøkte området er det funnet spor etter pløying med ard (Ringstad 1993). Det er gjennomført enkelte mindre botaniske undersøkelser på deler av Auremarka, men resultatene av pollenprøvene og makroanalysene ga lite informasjon om hva som var dyrket.

### Vern eller utbygging?

Det har vært et stort press på utbygging av Auremarka helt siden de første funnene ble gjort omkring 1990. Spørsmålet om vern kontra utbygging har vært et stadig tilbakevendende tema. Behovet for nye sentrumsareal har vært påtrengende. Samtidig er funnene på Auremarka blant de viktigste spor etter gårdsbosetning gjort i Møre og Romsdal. De har dermed en meget høy verneverdi. Bevaring gjennom dokumentasjon er således ikke en god nok løsning. Det har vært viktig å ta vare på et representativt utvalg av funnene slik at den store tidsdybden i kulturlandskapet blir bevart. Selv om de automatisk freda kulturminnene, som viser den omfattende gårdsbosetningen, ikke er synlige på markoverflaten, inngår de i et lesbart kulturlandskap preget av bondens virke. De grasdekte markene omkranser dagens gårdstun, og gårdsutviklingen kan følges over tid på Auremarka, fra sør mot nord, innenfor et område på ca. 200 meter.

Da de arkeologiske undersøkelsene startet opp på Auremarka i 1991, var det meningen å bygge helsesenter på den aktuelle tomte. De rike funnene skapte imidlertid en lokal interesse for vern, og det fant sted en deling og polarisering for og mot vern. Den delingen som gjorde seg gjeldende gjenspeilte seg også i valgprogrammet til et par av partiene ved kommunevalget i 1995. I valgprogrammet til Frp stod det å lese «...miljøvern, slik det vert praktisert på Auremarka, er miljøvern på avvegar.» SV hadde en litt annen oppfatning om forholdene; «Auremarka er ein kulturhistorisk skatt som vi bør ta vare på. Det er eit kommunalt ansvar at ein i samarbeid med fagfolk lagar ein plan for tilrettelegging og utnytting.»

Den planlagte byggingen av helsesenter på Auremarka ble aldri realisert. Sykkylven kommune valgte til slutt å bygge om et eldre nedlagt fabrikklokale til helsesenter. Enkelte av funnene som er gjort på Auremarka er frigitt gjennom dispensasjon fra kulturminneloven, men de mest sen-

trale og viktigste funnområdene er blitt bevart. Miljøverndepartementet har to ganger gått imot å bygge ned deler av Auremarka.

### Auregården – den typiske sentralgården?

Auregården er på mange måter et typisk eksempel på hva flateavdekkingen har betydd for å gi økt kunnskap om bosetningsutviklingen i forhistorisk tid på Vestlandet. Før metoden ble tatt i bruk, var det kun kjent noen få løsfunn fra steinalderen, – noen øksefunn. I tillegg fantes det rester av en overpløyd gravhaug på en flate nede ved sjøen i Ullavika, samt opplysninger om at det tidligere lå en gravhaug kalt «Plommehaugen», ca. 100 meter fra tunet på gården. I følge eldre opplysninger skulle det være funnet noen store heller i «Plommehaugen», men det var ikke et kjent funn (Fett 1950).

Med utgangspunkt i disse opplysningene ville det ha vært naturlig å se for seg en gårdsbosetning på Aure som gikk tilbake til eldre jernalder. De store hellene ville kanskje tilsi en datering til yngre romertid – folkevandringstid, tidsrommet ca. 300–550 e.Kr. Det er også et slikt bilde vi gjerne får presentert av den eldste gårdsutviklingen i de mange bygdebøkene og bosetningshistoriske studiene fra tidsrommet ca. 1950–90. Gårdshistorien og den generelle bosetningshistorien ble naturlig nok ofte skrevet med utgangspunkt i gravfunn og løsfunn, samt en generell oppfatning av tidfesting av gårdsnavn.

Bergljot Solbergs magistergradsavhandling, «Jernalder på nordre Sunnmøre» fra 1976, gir et godt tidsbilde av fagarkeologenes oppfatning om bosetningsutviklingen på dette tidspunkt. Her er gravfunnene den viktigste kilden. De viser en spredning konsentrert til ytterkysten og øyene i eldre jernalder, mens gravfunnene fra yngre jernalder er jevnere spredt, men med en viss konsentrasjon i de indre fjordstrøk. Dette funnbilde ble tolket dit hen at de eldste gårdene fra eldre jernalder lå på ytterkysten, og at det senere i yngre jernalder fant sted en gårdseksponering innover i fjordene. «Sikre spor etter bosetning i indre strøk finnes ikke før i 5. årh.» (Solberg 1976:90).

Resultatene av de arkeologiske undersøkelsene på Aure viser en gårdsbosetning som vi med sikkerhet kan si er 1500–2000 år eldre enn dette. Vi er da tilbake til eldre bronsealder. Det kan heller ikke utelukkes at gårdsbosetningen i området går tilbake til slutten av yngre steinalder (Ringstad 2001:37–39).

### Auregårdens utbredelse

Noe av det spesielle med Auregården er at det i løpet av de 25 årene som er gått siden den første undersøkelsen ble gjennomført, er utført en rekke nye arkeologiske registreringer og mindre utgravninger. Totalt er det gjennomført om lag 25 arkeologiske undersøkelser siden 1989. Det er ikke en gård i Møre og Romsdal fylke der det er gjort så mange undersøkelser de senere årene, neppe heller på hele Vestlandet. Det funnmateriale og de opplysningene som er kommet for dagen har vært med å gi et unikt innblikk i en gårds utvikling, dens utnyttelsesområde, struktur og særegenheter.

Hva er så bakgrunnen til at det er gjennomført så mange undersøkelser på Aure? Her er det flere momenter som må trekkes fram:

1. Stort potensiale for funn – arkeologene er ekstra oppmerksomme på tiltak i området.
2. Stort utbyggingspress – sentrumsnært område.
3. Nabo som er ekstra observant og tar kontakt med fylkeskommunens arkeolog.
4. Sykkylven kommune har fått gode rutiner og tar i større grad kontakt med fylkeskommunen som forvaltningsorgan og høringsinstans.

De arkeologiske undersøkelsene er av ulik kvalitet og omfang. Noen omfatter registrering og undersøkelse av større areal, mens andre bare gjelder mindre stikkprøver og små søkesjakter. Kartleggingen omfatter både de mest sentrale jordbruksareal på Auremarka og mer perifere areal oppover i dalen, ved sjøen og i skrånende terreng langs dalsiden. Både solsiden og mer skyggefulle partier er undersøkt. Gjennom denne kartleggingen er det dekket areal som er representativt for en svært stor del av det som må ha vært Auregårdens interesseområde i forhistorisk tid.

Både de positive og negative funnsjaktene er viktige i forståelsen og tolkingen av gården og utnyttelsen av ressursene i området. Kartlegging av Auregården, må også sees i sammenheng med nabogården Grebstad der det også er gjennomført en del undersøkelser de senere årene (Ringstad 2001:30–31, 38–39, 58). Her ble det også gjort funn fra eldre jernalder i 2013.

### Den forhistoriske åkeren

Store deler av flaten med dyrka mark nord og øst for Aure sentrum er punktregistrert. Ut fra disse registreringene har det vært mulig å danne



Over store deler av Auremarka er det påvist spor etter pløying med ard. Undersøkelsene viser at omkring 90 – 100 mål har vært utnyttet til åker i forhistorisk tid. Røde felt viser områder med ardsports. Blå felt er områder uten funn av ardsports. Grønt område viser antatt ardpløyd åkerareal. Grafikk: Bjørn Ringstad.

seg et bilde av grensen mellom gammel innmark og utmark. Den fine undergrunnen med merker etter ardsplor viser hvor den beste åkeren med sjøldrenerende undergrunn har vært. Sammenligner man resultatet av disse undersøkelsene med det gamle utskiftingskartet over Aure fra 1892, er det et påfallende sammentreff. Den gamle fegeta eller geilen, som vises på kartet, markerer langt på vei grensen mellom god og mindre god jord og grensen for den forhistoriske ardløydde åkeren. Unntaket er et mindre parti med god jord som ligger som ei øy på en lav forhøyning i utmarka noe øst, utenfor geilen.

Dersom man sammenstiller resultatet av de arkeologiske undersøkelsene, der det er funnet ardsplor, med lokalpografien, lokalkunnskap om jordbunnsforhold og åkerkvalitet, samt utskiftingskartet, gir dette en antydning om hvor stort område som har vært utnyttet til åker i forhistorisk tid. Trolig dreier dette seg om et areal på om lag 90–100 dekar (Ringstad 2001:45–53). Dette vil likevel ikke si at alt dette åkerarealet har vært utnyttet samtidig. I perioder kan noe ha ligget brakk.

### De forhistoriske tunområdene

Over store deler av Auremarka er det funnet spor etter hus fra forhistorisk tid. Totalt kan det dreie seg om et 30-talls hus. Resultatene av undersøkelsene så langt viser at tunområdet under yngre bronsealder lå i sør, like øst for sentrumsbebyggelsen. Senere er tunet flyttet gradvis nordover, først i førromersk jernalder og deretter i eldre romersk jernalder. Det forhistoriske tunet endte til slutt opp like sør for «Kapralgarden» i dagens tunområde. Her ble det liggende fram til yngre jernalder, eller overgangen mellom eldre og yngre jernalder, tidsrommet ca. 450/500–700 e.Kr. (Ringstad 2005:269).

Under førromersk jernalder og eldre romersk jernalder har bebyggelsen med hus også trekt seg noe østover, innover på Auremarka. I dette tidsrommet kan det se ut til at det har vært etablert flere tun på Auremarka. Senere skjer det en sammentrekning og mulig konsolidering av bosetningen, kanskje omkring ca. 200 e.Kr. Da ble tunet liggende like sør for dagens tunområde. I dette området, og der dagens tun ligger, har det trolig vært kontinuerlig gårdsbosetning



Kart over registrerte funn på Aurefløten. Heltrukket rød strek er bronsealderområdet. Grønt markerer funn fra førromersk jernalder (500 f. Kr.–0). Blått markerer romertid/folkevandringstid. Svart markerer langhuset fra jernalderen. Korset markerer middelalderkirken. Grafikk: Bjørn Ringstad.

fram til i dag. Det er ikke funnet spor etter hus fra vikingtid og middelalder, men trolig lå disse innenfor dagens tunområde. Noen enkeltfunn og 14C-daterete strukturer vitner om bosetning i tidsrommet. På denne tiden fant det sted endringer i byggeskikken som gjør det vanskeligere å påvise spor i undergrunnen. Lafteteknikken slo igjennom (Christie 1974), og man ser også for seg at de takbærende stolpene i grindbygde hus ikke lenger ble gravd ned i jorda, men hovedsakelig ble satt oppå bakken, på syllsteiner.

Under middelalderen, kanskje på 1100–1200-tallet, ble det bygd kirke på Auregården, like nord for dagens tunområde. En kisteformet gravstein i marmor fra dette tidsrommet, vitner om den tidlige kristne fasen i området (Ringstad 2001:107–109).

Den bosetningshistoriske skissen som her er antydning, gir et bilde og en mulig tolkning av forholdene på Auremarka. Nye registreringer og utgravninger vil kunne supplere og justere dette en god del, men enkelte områder vil vi aldri få full oversikt over. Det aller meste av sentrumsområdet er nedbygd. Det samme gjelder store deler av dagens tunområde.

### Sammenfattende betraktninger

Bruken av maskinell flateavdekking på Auremarka har vært med å avdekke et rikholdig arkeologisk materiale som er med å kaste lys over gårdens bosetning gjennom 3000 år. Da de første funnene ble gjort for vel 25 år siden, var dette starten på en forvaltningsmessig registreringspraksis i Møre og Romsdal og på Vestlandet, som har frembrakt et enormt forskningsmateriale. Det som den gang fremsto som noe særegent og enestående, er senere blitt mer vanlig, og på de fleste sentrale gårdene blir det nå gjort funn som viser til gårdsbosetning i eldre jernalder.

Det spesielle ved funnene på Aure er kanskje at dette er eksempel på den typiske sentralgården på Vestlandet. Gårdsbosetningen går tilbake til eldre bronsealder, muligens til slutten av yngre steinalder. Bosetningen ekspanderer i førromersk jernalder, og i århundrene etter Kristi fødsel blir det bygd store langhus med en lengde på 40–57 meter. Husene er store og imponerende, men dette var trolig det vanlige på de mest sentrale gårdene i bygdene våre utover i eldre og yngre jernalder. I overgangen mellom eldre og yngre



Arkeolog Aaron Johnston i utgravningene på Brunstادتmta inne i kvadraturen på Aure i 2014. Her ble det gjort funn fra eldre jernalder/romertid. Foto: Bjørn Ringstad.



jernalder fremstår Auregården som det økonomiske, sosiale og religiøse tyngdepunktet i Sykkylven.

Selv om det de senere årene er avdekket mange spennende funn ved flateavdekking i Møre og Romsdal, står funnene på Aure fortsatt i en særstilling. Ingen andre steder er det påvist så mange hus. Gårdsbosetningen viser stor tidsdybde, og det er svært gode bevaringsforhold med hensyn til lesbarheten på ulike typer strukturer og nedgravninger. Store deler av området er også sikret arealmessig som grøntareal og del av kulturlandskapet rundt dagens gårdstun. Dette gjør det også mulig for fremtidige forskere å kunne søke etter ny kunnskap i dette området.

### Litteratur

Christie, H. 1974. *Middelalderen bygger i tre*. Bergen.

Fett, P. 1950. *Forhistoriske minne på Sunnmøre. Ørskog prestegjeld*. Universitetet i Bergen, Historisk Museum.

Guttormsen, T.S. 2003. *Husoffer fra eldre jernalder. Refleksjoner omkring jernalderens byggetradisjon på Moer i Ås, Akershus*. Nicolay 89: 35–44.

Løken, T. 1987. *Driftsformer i folkevandrings-tidsgården i Rogaland*. Viking Bind L: 79–98.

Løken, T. Pilø, L. & Hemdorff, O. 1996. *Maskinell flateavdekking og utgraving av forhistoriske jordbruksboplasser*. AmS-Varia 16. Stavanger.

Mokkelbost, M. 2010. *Rauma*. Upublisert rapport, topografisk arkiv, Kulturavd. Møre og Romsdal fylkeskommune. Molde.

Myhre, B. 1988. *Materielt som åndelig i pakt med tida*. I: Indrelid, S. Kaland, S. & Solberg, B. (red.) *Festskrift til Anders Hagen*. Arkeologiske skrifter. Historisk Museum. No. 4: 310–324. Bergen.

Myklebust, O. 2000. *Synske hjelpere i hundre år*. Gjøvik.

Randers, K. 1989. *Hva foregikk på Aure i Romertiden? Undersøkelse, august 1989*. Upublisert utgravningsrapport ved Historisk Museum, Universitetet i Bergen.

Ringstad, B. 1989. *Arkeologiske undersøkelser på Ytre-Årø, gnr. 33, Molde kommune 12. juni–11. august 1989*.

Upublisert rapport, topografisk arkiv, Kulturavd. Møre og Romsdal fylkeskommune. Molde.

Ringstad, Bjørn 1993. *Spor etter tidlig bearbeiding av åkrer i Møre og Romsdal*. Spo1: Nr. 2 1993: 16–18.

Ringstad, B. 1994. *På jakt etter den eldste gården*. *Arkeologiske utgravninger i Sykkylven kaster nytt lys over gårdsbosetningen*. I: Larsen, S. U. & Sulebust, J. (red.) *I balansepunktet. Sunnmøres eldste historie ca. 800–1660*: 402–407. Ålesund.

Ringstad, B. 2001. *Aura-Pål sitt rike. Auregården i forhistorisk tid og tidleg mellomalder*. Sykkylven Sogenemnd.

Ringstad, B. 2005. *Gildehallen på Aure*. I: Bergsvik, K.A. & Engevik A. (red.) *Frå funn til samfunn*. *Jernalderstudier tilegnet Bergljot Solberg på 70-årsdagen*. UBAS Nordisk, Universitetet i Bergen *Arkeologiske Skrifter 1*: 259–278. Bergen.

Ringstad, B. 2007. *Nyhamna gjennom 12 000 år – fra jegersamfunn til gassleverandør*. Molde.

Sande, J. 1989. *Farne tider 1: Bygdesoga fram til 1920*. *Stordalssoga band I*. Orkanger.

Solberg, B. 1976. *Jernalder på nordre Sunnmøre*. Upublisert magistergradsavhandling. Universitetet i Bergen.

Åstveit, L.I. 2005. *Arkeologisk registrering på Gossen/Nyhamna, Aukra kommune*. *Ormen Lange-prosjektet*. *Kulturhistoriske skrifter og rapporter 3*. Møre og Romsdal fylke. Kulturavdelinga. Molde.



Per Arne Grebstad, fødd 1944, er frå Kapralgarden på Aure og er tidlegare lærar. Han er historieinteressert og ein habil fotograf.

## Vogga på Klokkarhaugen

Av Per Arne Grebstad

Sentralt i bygda, berre nokre meter vest for kommunehuset, står Solnørdalhuset. Den store kvite trebygningen har vore industribygg. Det var Andreas Furseth som sette opp huset. Han kom i året 1900 frå Stranda som skreddar og heldt første tida til i Hotel Søndmør. Hotelldrifta var då flytta til Aurekaia.

Børre Strømme fortalde om morfar sin at han hadde tolv sveinar. Vi snakka om alle skreddarane som gjennom åra gjekk over til arbeid i møbelindustrien. Konfeksjonsindustrien i Sykkylven var på mange måtar eit fundament for den komande møbelindustrien. «Det er i grunnen liten skilnad på å sy vinterkåpe og trekkje ein sofa», brukte Børre Strømme å seie.

Så bygde Andreas Furseth Grønehuset, det vakre stilreine huset som Turid Overå eig i dag. Etter Furseth overtok Sykkylven Kurvwarefabrikk Solnørdalhuset. Der heldt dei hus til Jens Ekornes tok med seg ti mann og flytta til Ørsta der dei leigde eit lokale. I Sykkylven var det ikkje råd å få

tomt, hevda dei. Seinare dreiv Martin Solnørdal trikotasjefabrikk til han bygde huset nede i Bukta.

Nedanfor Solnørdalhuset har vi også Fønixbygget. O.T. Lied hadde ikkje mindre enn 55 skreddarar i aksjon. Det gule Skotte-huset var første bakeriet i bygda. Her vart det etter kvart sykkelfabrikk og sportsbutikk. Sparebanken står framleis, bygd av teglstein frå Aure teglverk, som var skipa i 1814 og var eitt av dei aller første industritiltaka på Sunnmøre.

Berli, som hadde sommarresidensen sin i Berlihuset på Klokkarhaugen, tørka klippfisk. Jens Inge Klokkehaug sitt hus var rundt 1910 atelier for fotograf O.T. Dahle. Der tunnelen er, stod smia og den mekaniske verkstad til P. K. Thoresen. Så er det Klocksfabrikken.

Med utgangspunkt i Nikolai Grevstads plass (Sjå Martin Gjævenes: Utvandrarar frå Sykkylven) kunne ein ha ei fast vandrerute her dersom statsråden, statsministeren, Kongen eller andre skulle kome. Her er det råd å gi ei innføring i bygda si næringshistorie dei 200 siste åra. Klokkarhaugen er ei vogge for den industrien som folk kjenner.



Dagens industriprodukt blir stilte ut på rett plass – det var på Klokkarhaugen det byrja. (Foto: Kjetil Tandstad.)



Grønehuset har blitt kvitt – men det er like stilreint framleis. (Foto: Kjetil Tandstad.)



Her i Skotte-huset var det første bakeriet. Her vart det sykkelfabrikk og -butikk, seinare Frivilligsentral og no – tatoveringsstudio. (Foto Kjetil Tandstad.)



Harald Bratli, fødd 1936, var arbeidskamerat med Olav Overå i Stranda og Sykkylven Billag. Artikkelen er eit utdrag av eit lengre videointervju.

## Tolmod og tøffe tak bak rattet

Av Harald Bratli

Dei måtte kunne meir enn trafikkreglane, dei som valde sjåføryrket for eit par mannsaldrar sidan. Materiellet var primitivt og dei skulle ta seg fram på dårlege vegar. Så kom attpåtil dei fem lange krigsåra, med leveringstopp på drivstoff og alle reservedelar. Det var rikeleg behov både for muskelkraft, vågemot, tolmod og kreative løysingar – også om turen berre gjekk mellom Stranda og Ålesund.

Olav Overå (1922–2007) kom tidleg ut i arbeidslivet. Han var framleis berre seksten då han i april 1939 drog til Longva for å arbeide som dreng på ein storgard med 200 høner og 30 revar. I tillegg til det vanlege gardsarbeidet gjekk arbeidet ut på å stelle hønene, vaske egg og stemple kvart enkelt egg. Han var også med på å spa torv på Rogne-myrane.



Olav Overå slapp å køyre opp for å få sertifikatet. Har ein greidd seg som lastebilsjåfør i Liabygda i fleire år, er det ikkje tvil om at ein kan å køyre bil, meinte bilsakkunnige. (Foto: Privat).

### Griskokk

Han var på Longva over sommaren. Om hausten reiste han til ny teneste på Stranda der han fekk arbeid hos Ole Andreas Ødegård. Om vinteren passa han griser. Han var med på å slakte, skâlde og køyre griseskrottane ned til fjordabåten med hest. Seinare hamna han i Sjurgarden i Liabygda. Det var ein stor gard med mykje skog og pelsdyrgard med 200 revar. Han arbeidde i skogen og på sagbruket og han køyrde tømmer og ferdig skoren material med hest.

Han var der i halvanna år, før han fekk seg arbeid på møbelfabrikken i Liabygda. Det var framleis transportteneste. Jobben hans var å køyre material opp og møblar ned bratte vegen til Liasjøen med hest og vogn. Fabrikken betalte han 24 øre for stolen og 50 øre for kvar sofa han frakta. I denne situasjonen tok han til å drøyme om lastebil. I 1939 gjorde han alvor av det. Han kjøpte ein Chevrolet, ny av året. Om vinteren gjorde biltrafikken at den bratte vegen ned til kaia vart ekstra glatt. Bøndene, som skulle køyre mjølka ned bakkane til fjordabåten med hest og vogn, fekk problem. På den måten fekk eg avtale om mjølkekøyringa også, seier han.

Bilen gjorde jobben lettare, men det var også komplikasjonar. Ein stad rann elva over vegen. Det bygde seg opp ein issvoll som eg måtte hogge vekk for at eg skulle få bilen over. I slike situasjonar vart det teke sjansar. Ein gong sette eg på handgassen før eg sjølv klatra ut på stigbrettet på passasjersida medan bilen passerte over issvollen med juvet under. Det kjendest tryggast å kunne hoppe av om det vart nødvendig.

### Førarkort?

Så kom våren 1940 og krigen. Lastebilen vart rekvirert av tyskarane. Då forsvann jobben også. I Liabygda hadde han passa rev i byte for hus og mat og klesvask. No vart det mindre å gjere. Han reiste tilbake til Sykkylven og fekk arbeid på kon-

feksjonsfabrikken til Olav Furseth fram til 1942. Så fekk han arbeid som sjåfør hos Andreas Aure (Pihl-Andreas). Det vart spurt etter sertifikat. Eg hadde køyrt både lensmann, doktor og prest og det hadde aldri vore spørsmål om papir. Under krigen var det berre dei som kunne dokumentere at dei hadde behov for å køyre, som kunne få sertifikat. Olav Overå måtte til Ålesund for å skaffe dei nødvendige papira.

– Mannen på kontoret spurde om eg kunne køyre. Det svara eg ja på. Kvar har du lært det då, spurte han. I Liabygda, svara eg. Det er berre ein bil der, sa bilsakkunnige. Ja, det var min det, svara eg. Ja, der inne er det bratt, så då kan du vel køyre då, sa han og skreiv ut førarkortet utan fleire ord.

### Vedfyrt bil

Under krigen måtte vi ha gassgenerator på bilane. Bensin var så godt som umogleg å oppdrive. Oreveden, eller knotten som vi kalla det, laga ein gass som fungerte som drivstoff. Først saga vi den opp til famneved. Seinare vart han kløyvd og saga opp med ei spesialsag med 10 cm mellom sagblada.

Generatoren blei fylt ovanfrå. Ei trakt førte vedstykkja til brennkammeret. Det skulle ikkje brenne, berre vere glør. Røyken og gassen vart ført gjennom eit rørsystem via eit kjøleanlegg og filter før gassen var så rein at han kunne leiast til motoren. Filteret fylte vi med gran- og furukongler. Her vart mykje av urenskapen hengande att. Det som kom fram til motoren, måtte nemleg vere svært rein gass. Derfor måtte vi ikkje berre skifte filter, vi måtte også spyle ut og reinse kammer og røyr kvar kveld.

Effekten av knottmotoren var så som så. Pihl-Andreas hadde greidd å få tak i noko bensin på Sunndalsøra som han hadde gøymt unna. Det tilsette vi litt av gjennom eit rør ned til gassinntaket. Når vi tilsette bensin, greidde bilen å kome seg opp bakkane med ganske store lass. Det var ei god hjelp. Men det var så lite bensin at vi berre kunne bruke denne metoden når det var aldeles nødvendig.

Gassen var farleg å puste inn og den var ganske lumsk. Du merka han ikkje på lukta. Drog du han ned i lungene, kunne det bli fatalt ganske fort. Vi lærte fort at vi alltid måtte hive ein fyrstikk opp i generatoren før ein stakk hovudet bort til. Det same galt når ein skulle starte bilen om morgonane. Først måtte vi brenne ut gas-

sen før du kunne ta til å stake ut og gjere reint. Var det lekkasje, måtte det bøtast straks, elles kunne det få alvorlege konsekvensar.

Eg køyrde for Pihl-Andreas i 1943 og 1944. Då byrja eg i Stranda og Sykkylven Billag. Billaget hadde kome i gang i 1938. Ole T. Lied hadde kjøpt ein Ford og Petter Hjelle på Stranda hadde ein annan. Vi kalla dei Fjellgeita og Hjelleforden. Billaget overtok dei to Fordane og supplerte etter kvart med to av typen Reo og ein International.

### Tre toppakningar

Det var engelske bilar alt saman og naturleg nok var det vanskeleg å få delar til dei under krigen. Alt vart utslite. Vi måtte reparere alt sjølve og vi måtte sjølve lage både styrekuler og stag og fjører og alt som var. Når vi køyrde, hadde vi alltid verktøy med oss i bilen. Ein gong måtte eg skifte toppakning tre gongar på strekinga Vågstranda – Ålesund. Det var ikkje råd å få tak i kopar den gongen, så ein var nøydd til å bruke sink, som brann opp etter kvart. Mot slutten av krigen kom det litt kopar. Då var det ein verkstad i Ålesund som laga nye toppakningar til oss.

Generatordrifta heldt sjåføren med fullt arbeid heile tida. Eg budde på Stranda den gongen. Det var Olav Brunstad og eg som køyrde kvar vår Reo. Vi stod opp i femtida for å gjere klart. Vi hadde ikkje elektrisk start, så vi måtte rulle bilen i gang. Vi måtte først få start på den eine. Då kunne vi bruke den til å slepe den andre i gang med.

Vi rekna at det gjekk 11 hektoliters sekker knott tur-retur Stranda–Ålesund. Halv sju var det avgang frå Stranda. Behaldaren på generatoren tok to sekker. Vi fylte opp på Aurekaia og tok med nokre sekker ekstra slik at vi kom oss ut til byen. Så gjekk det fire sekker ekstra frå Ålesund til Sykkylven. Gardbrukarane selde oss famneved. Vi fylte ein hengar og køyrde til Aure der Emil Bøe saga det opp for oss. Vi måtte også ha elektrisk tørke. Vi fylte knotten inn på nokre nettinggrinder som låg som skuffer i anlegget. Det var ganske effektivt.

### Døgnet rundt

Som sjåfør skulle ein ikkje berre køyre. Vi måtte også halde anlegget ved like. Då måtte vi bruke kvar ledig stund. Bussen kom til Ålesund i ti-elleve-tida om formiddagen, viss alt gjekk etter planen. Då var det straks for sjåføren å ta til å reinse generatoren, plukke ned røret framover



Trufaste slitamar: To bussar frå Stranda og Sykkylven Billag, T-1086 Ford og T-1303 Reo. Begge bussane var 1938-modell. Foto: Stein A. Roald. Utlånt av Rutebillohistorisk foreining.

taket og feie det. Lenger kom du ikkje den dagen. Neste dag spylte du filteret og tok ut oske. Tredje dagen var det innsugingsrør og filter som måtte reingjerast. Fjerde dagen var det opp att og til att med generatoren igjen. Ein måte ha eit avslappa forhold til klokka. Bussen kom ofte ikkje tilbake til Stranda att før ved halv tolv-tida om kvelden. Så måtte bilen klargjerast til neste dag. Så var det

opp att og til at neste morgon klokka halv fem.

Ferja gjekk nesten heile tida under krigen, bortsett frå siste krigsåret. Då korresponderte bussen med mjølkebåten. Dei greidde å ordne det slik at det vart ein dagleg tur med ferja slik at bussen kunne kome over – den såkalla postruta. Ferja var så lita at ho berre tok to bussar. Den eine måtte rygge om bord. Då stod bussane støytfangar ved støytfangar og ferja var smikk full.

Som sjåfør måtte vi reparere minst like mykje som du køyrde. Ein gong gjekk det ei tann ut av kronhjulet. Vi var komne til Aure. Eg sende passasjerane opp på hotellet til henne Emma. Eg visste eg hadde eit gammalt utslite kronhjul liggjande i verkstaden og gjekk i gang med å skifte. I to-halv tre-tida om natta var eg ferdig. Eg kom til Stranda akkurat i tide til å køyre bussen tilbake. Det var ikkje overtid. Lønna var 375 kr månaden uansett arbeidstid, sju dagar i veka.

### Nesten-ulukker

Eg har sloppe unna alvorlege ulukker, men nokre nesten-ulukker har det vore. Det gjekk ofte betre enn ein skulle tru for dei fleste av oss.

Eg hugsar det gjekk av ei styrekule for Johan Ramstad i Tynesstranda. Han gjekk i grøfta, men heldigvis på øvste sida av vegen. Johan Ramstad miste eit styrestag som var utslite ein vinterdag. Han hamna i Fetvatnet. Men bilen kvelva ikkje.

Han stoppa på isen. Heldigvis var det ingen heime som klaga. Det einaste konene våre spurde om, var om vi kom heim att same dagen. Det var det ikkje alltid så greitt å svare på.

I Puskhola var det heilt obligatorisk at passasjerane måtte gå av og skuve bussen for å hjelpe oss opp den siste bakken. Også framme på Hole var det ein kneik der passasjerane måtte hjelpe til. Det var tunge grusveggar den gongen. Når folk merka at det tok til å gå tregt, gjekk dei berre av bussen i fart og rusla bak og dytta. Når dei merka at farta auka og omdreiinga vart betre, gjekk dei om bord igjen. Vi hadde berre gåfart, så det var ikkje så vanskeleg å gå av og på.

Då krigen var slutt, fekk billaget tak i tyske krigsbilar som Magirus og Mercedes. Det var eit veldig behov. Alle rutebilar var nedslitne. Ein måtte greie seg med det ein fekk. Svenskane og engelske hadde venstrekøyring. Vi køyrde venstreratt og høgreratt om kvarandre. Det vart ein vane.

I 1946 køyrde eg vareruta, ein Magirus, ein tysk bil som vi fekk overta då tyskarane drog. Det var eg og han Lars Brunstad. Vi skulle over med ferja i eit overhendig vør. Vi bolta oss fast i ferjedekket ned kjettingar rundt framhjula og sette oss inn i førarhuset med føtene på dashbordet. Båra kløyvde seg på radiatoren og vatnet slo over dekk og inn i bilen. Ikkje kunne vi gå ut. Vi tenkte at risikoen var omtrent den same anten vi sat i bilen eller i salongen. Ja, det var anna tid.

Etter krigen kom diesebilane. Vi visste ikkje noko om diesel den gongen. Måtte lære oss det sjølve. Fekk jo kurs seinare, men det var lenge etterpå. Etter kvart som dei store bilane kom, måtte vi ta ein tur til Ramstadalen for å prøve om dei kom over brua der. Brua var smal og det låg nokre breie heller som kanta køyrebanen mot elva. Vi måtte ofte køyre eine hjulgongen opp på hellene for å kome over.

Eg køyrde ein tur Ålesund–Oslo med den lokale Heimefronten. Dei skulle vere med å ta imot Kongen då han kom heim etter krigen. Det var ein lang tur og vi fekk ikkje med oss nok knott. Vi måtte kjøpe oss famneved undervegs og kappe og kløyve opp til knott før vi kunne køyre vidare. Vi brukte fire dagar til Oslo og like lenge tilbake. Men vi var to til å køyre. Olav Osnes, seinare lensmann, hjalp til bak rattet.

### Ingen å spørje

Tyskebilane hadde trykkluftbremser, alle føringar til sylindrane var mekaniske. Det var slik at miste

du først bremsen på eitt hjul, så miste du på alle. Ein måtte greie seg med det ein hadde. Eg var på Åndalsnes og kompressoren gjekk sund. Eg pumpa opp anlegget med trykkluft på Vestnes, Innfjorden, Åndalsnes og same måten tilbake. Slik kom eg meg fram. Nei, du måtte sjølv finne ut kva du kunne gjere. Det var ingen andre å spørje. Det var ein gledens dag då han Drabløs kom ein gong i 1946 og sa at vi kunne fjerne generatorane. Vi skar dei av med skjerebrennar.

På femtitalet tok det til å kome nye bilar litt etter kvart. Dei første nye bilane med diesel. Var ikkje alt som var perfekt der heller. Det var mykje feil der og. Det måtte reparerast etter kvart. Det kunne skje mykje på ein langtur. Eg køyrde ein tur til Oslo: I Romsdalen gjekk ei bakfjør. Eg måtte jekke opp og legge sjakkelet fram slik at vi kunne fortsette. I Oslo miste eg bremsene på eit framhjul. På Gjøvik på veg heim hengde hjulet seg opp, så alle boltane vart kappa. Det var mørkt og eg lyste med ei lommelykt og såg at boltane ikkje var der. Måtte kople opp det eine bakhjulet. Eg



Solkinnsbussen var eit flaggskip for Stranda og Sykkylven Billag i mange tiår. Det var gjerne denne bussen som vart brukt når ein skulle på lengre bussturar i inn- og utland. (Foto: SSB)

køyrde Trollstigen tilbake til Valldal og hadde alle delane med tilbake. Det var ikkje berre å ta opp mobiltelefonen som no.

Møbeltransport til jarnbanen på Åndalsnes hadde gått med Jarnesbåtane. Billaget kom no meir og meir til å ta over transporten. Knut Drabløs var ein føregangsmann for å få tak i større bilar og bygde trailerar og tilhengarar. Han bygde også til Sularuta og Valldal. Også Otterlei på Skodje laga mange hengarar.



Knottgeneratorane var store, arbeidskrevjande og ikkje veldig effektive. Her ser vi T-1304 Reo frå Valldal–Åndalsnes Rutebilloag som trafikkerte ruta Dombås – Åndalsnes i krigsåra og var ganske identisk med Reoen som Olav Overå køyrde Stranda – Ålesund. Foto: Ivar Hoel. Utlånt av Rutebillohistorisk foreining.



Ein buss frå Stranda og Sykkylven Billag av merket Volvo frå om lag 1960. (Foto: P. P. Lyshol)

### Trailarar

Mjølkebilen – ein Volvo – det var ein trailer. Ti meter lang. Tre høgder. Vi hadde ståande ein firehjulshengar på Drabløs. Der lesste vi på med to høgder med spanner. Endå lengre framme stod ein tohjulshengar som vi også hengde på. Vi køyrde altså med to hengarar etter traileren. Slepefestet vart blått på grunn av belastninga. Det var noko som ikkje skulle skje. Det kom folk heilt frå England for å undersøkje saka, minnest han.

Det var mange episodar: Ludvik Riksheim var på veg over Strandafjellet på spegelblank is. Han såg plutseleg nokre baklys i spegelen. Han kunne ikkje huske at han hadde møtt nokon bil, sa han. Det var hans eigen hengar som hadde snudd seg

på det glatte føret. Turane til Åndalsnes gjekk på dårlege vegar. Innanfor Gjermundnes, i Hjellevika, var der veldig smalt. Ein gong då tunnelen nesten ferdige, men vegen framleis var stengd, sette eg støytfangaren mot stabbesteinen og skuva han utfor slik at eg kunne køyre forbi.

Det var eit spennande liv, men eg fekk eksosforgiftning og måtte slutte som sjåfør. Eg slutta i Billaget og byrja på Brunstad i 1966. Eg var med på å byggje opp den nye fabrikk. Eg arbeidde på Brunstad frå 1966 til eg var pensjonist på 90-talet. Eg var der 23 år og var like lenge i bil-laget, fortalde Olav Overå.

(intervjuet er redigert av Kjetil Tandstad).



Eldar Høidal, fødd 1956, er møbelhistorikar lokalpolitikar og ivrig syklist. Han har skriva ei rekkje møbelhistoriske bøker. Det siste bokprosjektet hans er Gull av gråstein, næringssoge for Sunnmøre dei siste 250 år, som kjem ut i desse dagar.

## Transportveteranane Oddvar Hjellegjerde og Arne Harstad – Rullings og svart kaffi heldt oss vakne gjennom Gudbrandsdalen

Av Eldar Høidal

– I 1959 var eg 18 år og då kjøpte eg den første lastebilen min. I 1960 var eg i militærteneste, og då leigde eg han John Overå til å køyre bilen. Hovudlasta sørover var møblar frå fabrikkane her. Returlasta var mykje skumgummi frå Askim Gummivarefabrikk, som hadde eit lager i Ålesund.

Oddvar Hjellegjerde sit saman med transportørkollega Arne Harstad og søskenbarnet Norvall Hjellegjerde og ser tilbake på sine år som langtransportør i Sykkylven. Oddvar var ein av fleire lastebilpionerar i Sykkylven, men han var ikkje den første. I Sykkylven voks det frå 1930-åra fram ein rik møbelindustri, og bedriftene hadde heile landet som marknad. Mange av møblane vart sende sjøvegen nord- og sørover, men etter krigen, med betre ferjesamband og vegstandard, vart det stadig fleire som nytta seg av bilen som transportmiddel.

### Fleire mindre selskap

Bernhard Tynes skal ha vore den første som dreiv med lastebiltransport av møblar i Sykkylven. Før 1940 frakta han også møblar sjøvegen med Tynesskuta. Etter krigen var det nokre fleire som fekk lastebilar. Dei dreiv mellom anna småkøyring for vegstellet. Desse transportørane slutta seg saman i Sykkylven Lastebileigarforeining. I 1950 vart det bestemt at foreininga skulle legge lastebilentralen sin til Straumgjerde.

Ein av dei første som spesialiserte seg på møbeltransport var Ole Ellefsen. I midten av 1950-åra tok han over transportkonsesjonen til Tynes og byrja å frakte møblar frå Sykkylven til Austlandet.



Tre veteranar frå langtransport i Sykkylven. Frå venstre Arne Harstad, Oddvar Hjellegjerde og Norvall Hjellegjerde. (Foto: Eldar Høidal)

I 1957/58 kjøpte han ein lastebil med skap til møbeltransporten. Dette var eit framsteg. Dei første bilane hadde opne lasteplan og lasta måtte vernast ved hjelp av presenningar. Fleire av dei som seinare arbeidde i transportnæringa i Sykkylven, byrja yrkeskarrieren sin hos Ellefsen, mellom andre Johan Hellesylt og Olger Hjelle, som starta eiga transportforretning i 1965.

Håkon Emdal var ein annan av pionerane. Han innleidde transportkarrieren sin då han gjekk treårig bilskule i Trondheim frå 1955 til 1957. Medan han gjekk på skulen, skaffa han seg ein krigsmodell Mercedes Benz. Han nytta feriar og skulefri til å køyre material frå Skjåk til møbel-fabrikkane i Sykkylven. Med denne transporten betalte han skulegangen i Trondheim. Då han var ferdig med utdanninga, kjøpte han ein Austin



Norvall Hjellegjerde kørde ofte utstillingsbussen til Hjellegjerde. Her var det siste av dei nye produkta til fabrikkens representert. (Foto: Hjellegjerde).



lastebil og tok til med langtransport for lokale produsentar.

Også Severin Erstad, Leidulf Liaskar og brørne Olav og Paul Hole byrja med langtransport i 1950-åra. Hovudproduktet for Erstad var madrassar frå Ekornes. Dette var i åra før Ekornes fekk i gang madrassproduksjon på Fetsund, i 1969. Liaskar kørde fast tre turar i veka mellom Sykkylven og Trondheim frå han kom i gang i 1958.

### Dieselen fraus

Det var ikkje enkelt å få tak i køyrety dei første åra etter krigen. Det var mykje gjenbruk av bilar, til dømes såkalla «kriksbytte». Kring 1960 vart det betre tilgang på køyrety og det året fekk også Oddvar Hjellegjerde sin andre bil. Han måtte då til-



Langtur. Arne Harstad og Erling Frøysa på veg med møblar til Kautokeino i Finnmark. Foto: Privat.

sette ny sjåfør. Opp gjennom åra har han hatt fleire sjåførar i tenesta si; Harald Overå, Elling Westerås, Olav Lillestøl, Finn Tynes, Jostein Hatlemark, Magne Hausvik, Peder Strømme og Gunnar Mjeltevik. Sistnemnde kørde for han i mange år.

Det var ikkje den same komforten i lastebilane i 1950- og 60-åra som det seinare vart. Oddvar minnest ein tur med Magirusen gjennom Dovre då temperaturen var nede i 36–37 kuldegrader.

– Dieselen som vi brukte den gongen var ikkje så frostsikker som han seinare har blitt. Dieselen fraus og brått stoppa alt. Dette var i tretida om morgonen. Heldigvis såg eg eit hus i bakken like ved der det var lys i vindauga. Eg gjekk dit og møtte ein kar som sat ved peisen og fyrte. Eg var hos han til det lysna. Då fekk vi slepa bilen til verkstad på Dombås og tina han opp att.

Håkon Emdal har også fortalt om tøffe møte med vinterklimaet i det indre austlandsområdet. Den første Austinen han hadde, var ingen vinterbil. Førarhuset var trekkfullt, utan isolasjon og med dårleg varmeapparat. På kalde dagar var det å tulle ein sovepose rundt beina slik at dei ikkje skulle få frostskeidar.

### Grusveg gjennom Romsdalen

Arne Harstad er son til Hallvard Harstad. Hallvard Harstad byrja med langtransport i 1959 då han kjøpte ein ny Mercedes Benz «bulldog» av bilforhandlar Adolf Pedersen i Ålesund. Denne bilen hadde berre to sete, og nokre benkar bak som han laga for å kunne leggje seg ned på litt. Hallvard byrja å køyre for Brunstad, og fekk etter kvart oppdrag frå andre møbelfabrikkar som Velledalen, Vestlandske og Ekornes. Som returlast hadde han mellom anna stoff frå Gudbrandsdalen Ullvarefabrikk og trelast frå Otta.



Møbelekspressen var ein milslukar som leverte møblar frå Sykkylven over heile landet. Foto: P. P. Lyshol.

Før den nye vegen over Strynefjellet kom i 1977, gjekk størstedelen av yrkesbiltrafikken til Austlandet om Åndalsnes. Oddvar og Arne fortel at den vanskelegaste strekinga her var vegbiten mellom Tresfjord og Måndalen. Her måtte dei passere ein hammar der vegen var både smal og uoversiktleg. – Der håpa vi berre at vi ikkje skulle møte nokon, for det var ikkje råd å kome seg forbi, seier Oddvar. Bilane hadde som regel ei breidde på to meter og femti centimeter, og på dei smalaste partia var ikkje vegen breiare. I Romsdalen og gjennom Lesja var det berre plass til ein bil på vegen.

– Når du såg ein bil kome eit stykke framme, var det å svinge seg inn på ein møteplass og stå der og vente til bilen passerte. Dei lærte fort kvar det gjekk an å passere.

– Vi kjende kvar ein sving på vegen mellom Sykkylven og Oslo, seier Oddvar Hjellegjerde.

Vegane hadde lenge berre grusdekke. Då Arne Harstad byrja å køyre for faren i 1972, var vegen gjennom Romsdalen grusdekt. Men ikkje lenge etterpå la dei asfalt over Ørskogfjellet og gjennom Romsdalen.

### Bot som svei

Transportørane var ein viktig del av produksjonsmiljøet i Sykkylven. Lenge gjekk mykje av varefrakta på kjø. Jarnesbåtane drev med møbelfrakt til Åndalsnes frå 1945 til 1978. Men meir og meir gjekk over til bilen. Fordelen med bilfrakt var at kundane fekk ei dør til dør-teneste og at varene kom raskare fram. Rask leveringstid byrja å bli ein viktig faktor i konkurransen mellom fabrikkane. Oddvar og Arne minnest korleis dei manøvrerte seg fram i Møllergata i Oslo, den sentrale møbelgata i hovudstaden.

– Det vart ein del ulovlig parkering, vedgår Oddvar. Arne held fram: – Vi parkerte som regel litt inn på fortauet. Det var ikkje snakk om å stå og vente til det skulle bli ein ledig parkeringsplass. Vi måtte jo ha fleire parkeringsplassar for å få parkert bilen lovleg. Du måtte berre få av lasta så fort som råd. Parkeringsvaktene var fleksible. Berre du parkerte slik at trafikken kom seg forbi, gjekk det greitt. Vi måtte helst byrje tidleg på dag med desse utkøyeringane, før trafikken tetna til. Både Oddvar og Arne minnest at dei ofte fekk med seg lausarbeidarar som dei trefte ved ein terminal på Grønland. Då gjekk det raskare å få



Hallvard Harstad og Jon Harstad ved Møbelekspressen – eit kjent syn langs vegane mellom Sykkylven og Oslo. Guten i midten er Helge Brunstad. Foto: Privat.

møblane av. Som regel sette dei berre møblane frå seg utanfor butikkane. Dei høyrde aldri om at noko vart stole.

Oddvar fortel at han fram til i dag ikkje har fått ei einaste parkeringsbot. Arne har berre fått ei, og det var ikkje i Møllergata, men då han ein gong i 70-åra sette frå seg bilen på Grønland i Oslo. Då fekk han ei bot på 500 kroner, og det svei skikkeleg. Dei hadde ikkje meir for heile turen ned og opp den gongen. I dag er betalinga for ein tur til Oslo og tilbake det tidoble, sjølv om dei nok har enklare turar i dag. Det er ikkje vanleg å køyre ut til enkeltkundar i hovudstaden no. Lasta vert som regel lossa på store terminalar i utkanten av Oslo, eller andre byar.

### «Svoltne» telefonkioskar

Sykkylvstransportørane dekte stort sett heile landet med varerutene sine, men til Nord-Noreg gjekk det meste med båt eller jernbane. Leidulf Liaskar hadde faste ruter til Trondheim lenge. Det gjekk også bilar sørover langs kysten. Håkon Emdal var den som starta med køyring til Bergen, fortel Arne Harstad. Etter kvart gjekk det bilar heilt til Kristiansand.

– Vi hadde ei rute til Skien, der vi også var innom Bø i Telemark og andre plassar i det indre austlandsområdet. Oddvar hugsar at han også køyrde til Rjukan og han minnest dei dårlege vegane ned til Rjukan. Det sit i enno.

Norvall Hjellegjerde har også hatt sine turar

med langtransport. Mellom anna var han med på fleire turar i 1980- og 1990-åra då Hjellegjerde Møbler reiste rundt med utstillingsbuss. Med desse var han mellom anna på årvisse turar til Danmark. Men som regel følgde han transportørane frå fabrikkene, og det var heller ikkje heilt enkelt før den mobile telefonen sin tidsalder. Måtte dei ha tak i ein sjåfør kunne dei ringe til ein telefon-sentral i området der dei trudde sjåfør og bil var, eller dei kunne prøve å ringe til ein butikk som dei visste var på ruta. Ville sjåføren ringe nokon stad, var det gjerne å ty til ein telefonkiosk der pengane rann snøgt igjennom på langdistansesamtalar. Alt vart mykje enklare både for sjåførane, fabrikkane og kundane då dei fekk mobiltelefonar og kunne kommunisere heile tida.

### Rullings heldt dei vakne

Ein av dei største endringane innan transportbransjen frå 1960-åra og fram til i dag, er det som gjeld arbeids- og kviletida.

– I pionéråra var det ingen som kontrollerte om du hadde fått blund på auga når du starta på tilbaketuren frå Oslo. Det vart gjerne to-tre timar i køya på kvelden, før det barst nordover igjen, seier Arne. I dag er det obligatorisk med ni timars stopp kvar einaste natt. Begge dei to karane er samde om at dette er eit framsteg. Reglane har ført til færre trøytt sjåførar langs vegane.

Arne Harstad utdjupar: – Ja, du veit, på fabrikkane jobba dei den gongen til fire. Då skulle vi laste, og det kunne bli både seks og sju før vi kom oss av garde. Før jul, med mykje varer, kunne det bli endå seinare. Det var ofte tungvint å få møblane ut frå fabrikkane. Pakkeavdelingane var som regel i øvste etasjen, og då var det å heise ned eitt og eitt kolli om gangen med taljer. Møblane var ikkje pakka i kartongar heller den første tida. Det var berre surra papp rundt, og det kunne vere ei utfordring å stable i høgda.

Men stabla vart det likevel. Lastekassa var som regelen heilt full når vi reiste. Då var det å ta natta til bruk, utfrakting av varene skjedde neste dag og så var det opp att neste natt. Det var heilt uansvarleg, samstemmer dei to sjåførveteranane.

– Men vi var unge, veit du, Arne, og tolte mykje, humrar Oddvar. Men eg har ikkje høyrte om nokon som sovna heller. Om det var bilane som rista og heldt folk vakne, eller kva det var, det veit eg ikkje.

Her kjem Norvall Hjellegjerde inn med eit minne han har frå Olger Hjelle. Hjelle også strevde med å halde seg vaken oppover Gudbrandsdalen. Eit

vanleg knep var å rulle seg ein røyk. Det vart ofte tett mellom rullingsane. Det gjekk også ein del kaffi med langs vegane. Så noko sunt yrke har kanskje ikkje dette vore, reflekterer Norvall.

– Den gikta mange av oss slit med er kanskje også eit resultat av slurv, trur Oddvar. Når vi skulle ut og lesse av nedover i dalane, så tok vi jo ikkje på oss klede. Du sjaua med det du sat med inne i bilen, sjølv om det var kaldt ute. Det var berre slik i den alderen.

### Større selskap

Dei siste åra har det vore store endringar innan transportbransjen både lokalt og nasjonalt. Selskapa måtte utvikle seg i lag med kundane sine og dei fleste selskapa som driv i dag har store bilparkar og mange sjåførar. Lenge var det Håkon Emdal Transport som var det store transportselskapet i Sykkylven. Etter at denne bedrifta vart selt til Bring i 2008, har VD Transport med terminal i Straumgjerde teke over mykje av den lokale varefrakta. Bring vedtok i 2014 å leggje ned terminaldrifta i Sykkylven.

Arne Harstad dreiv familieselskapet vidare då faren gav seg i 1985. I 1990 gjekk han saman med Oddvar Hjellegjerde, Victor Berg og Magne Hausvik og etablerte selskapet Møbeltrans. Det vart selt til Stranda og Sykkylven Billag i 1994. Seinare har det vore namneskifte, til Transferd og Fjord1.

Oddvar og Arne er samde:

– Det var ikkje lenger råd å drive på slik vi hadde gjort. Bilane køyrde jo etter kvarandre, utan

samordning. Først kom ein transportør til ein butikk med møblar, så kom ein annan like etterpå med møblar frå ein annan fabrikk i same kommune. Det vart tungvint for kundane. Og så var det slik at dei kundane som hadde returlast etter kvart kravde køyring kvar dag. Dette kravde fleire bilar og fleire folk. Det var derfor vi slo oss saman.

Arne Harstad har heilt til det siste arbeidd i transportbransjen. No er han sjåfør for Sandella. Oddvar Hjellegjerde har hatt mange jarn i elden. Han har drive både med sportshandel og skobutikk, i tillegg til eigedomsutvikling. No er han ein del av året i Syden. Der merkar han mindre til gikta som han pådrog seg gjennom hyppige turar i kalde og trekkfulle bilar tilbake til byrjinga av 1960-åra.

### Kjelder:

*Samtale med Arne Harstad, Oddvar Hjellegjerde og Norvall Hjellegjerde, mai 2014.*

*Eldar Høidal: Industrisoge for Sykkylven. Sykkylven 1990.*

*Odd-Østen Hurlen: Fra 5 til 50 tonn totalvekt. En historikk om transporten mellom Møre og Romsdal – Oslo. Ålesund 2004.*

*Sykkylvsbladet.*

*Lokalhistoriewiki. Artiklar om Jarnesbåtane og Ekornes ASA.*



Guro Leirimo, fødd 1992, er medlem av redaksjonen i årboka. Ho studerer økonomi og administrasjon ved Høgskolen i Ålesund. Ho tek på seg oppdrag for Sykkylvsbladet. Ho spelar også gitar og er glad i å lese bøker og gå turar ute i naturen.

## Moro med motor og måling

Av Guro Leirimo

**Ungdom har eit breitt spekter av tilbod som strekkjer seg frå ballspel til bilskruing. Engasjerte pådrivarar har organisert aktivitetar til glede for dei som vil dyrke sine interesser.**

Sykkylven Paintball, Sykkylven Gatebil og Sykkylven Motocross er tre av desse klubbane. Dei er relativt nye, men har alt blitt omfatta av stor interesse blant bygdefolket. Dei skil seg nok litt frå dei vanlegaste fritidsaktivitetane i bygda, men er ikkje mindre prega av energi, adrenalin og eldsjeler med engasjement.

### Fartsfylt og lærerikt

Sykkylven Motocrossklubb vart etablert i 2004, med Robert Hurlen som primus motor for prosjektet. Då dei sette i gang, var målet å etablere ein seriøs klubb og satse stort, noko dei har fått til. SMK er med på fleire store konkurransar, til dømes Midtnorsk meisterskap – og vil gjerne satse enda større. Sporten inneber banekøyring på motorsyssel, som er ein spennande og lærerik aktivitet for born og unge. Utøvarane får trenar motorikk, balanse og styrke i trygge omgjevnadar. Klubben har om lag 140 medlemmar. 40 personar trenar aktivt.



Full peising i Megardsdalen. Medlemmene i Sykkylven Motocross opplever både skrens og luftige sjev under løpa som blir arrangerte. Foto: Guro Leirimo.

SMK er i stor grad tufta på dugnad og stå-påvilje. I tillegg har dei blitt sponsa og fått gåvemidlar frå mange organisasjonar og bedrifter, både sykklar og anna utstyr. Det er nemleg viktig at alt utstyret er på plass. Tryggleik og ansvarleg bruk vert teke svært alvorleg. Kontroll av utstyr og vedlikehald gir god lærdom for dei unge. Og som ein sår, haustar ein – Idrettsrådet i Sykkylven er samstemde om at SMK er ein veldriven organisasjon.

### Godkjent bane

Banegodkjenninga fekk dei i 2008 og anlegget er eit flott utforma område tilpassa ulike nivå, alder og evne hos utøvarane. Motocrossanlegget i Megardsdalen har ei av dei beste banene, noko både lokale og tilreisande førarar har bekrefta mange gongar. På mjukt underlag, i skarpe svingar og luftige sjev, får utøvarane verkeleg bruk for det dei har lært. Utøvarane frå Sykkylven får ein god start. Bana er krevjande, men det fører også til at ein blir flink til å køyre den.

Banene er ofte i bruk, noko som er positivt då det gir born og unge moglegheita til å oppleve litt fart og spenning innanfor trygge rammer, og få utløp for energi. Det fins eiga «knøttebane» for dei yngste frå fem år og oppover, som køyrer sykklar på 50–65 kubikk. Ein kan altså starte nokså tidleg. Det finst inga øvre aldersgrense – fleire aktive crosskøyrarar i klubben har passert både 40 og 50 år.

Motocross krev ein del styrke, då motorsyklane kan vere tunge å manøvrere. Kanskje akkurat difor er det ein gutedominert sport, men det er tydeleg at dei jentene som er flinke å trene, hevdar seg like godt som gutane. SMK er svært positive til auka rekruttering, og vil gjerne ha inn fleire jenter. Det er på ingen måte problematisk å vere nykomar i Megardsdalen. Så langt har dei fire tohjulingar og tre firehjulingar samt anna utstyr til utlån. I tillegg er det fokus på at foreldra skal vere involverte, noko som gir eit fint samhald i klubben. Det er altså lagt godt til rette for aspirerande crosskøyrarar i Sykkylven Motocrossklubb!

### Ein spontan suksess

Gatebilklubben vart offisielt stifta januar 2014, men har i realiteten eksistert i to–tre år. Bilinteressa har vore stor i årevis for mange av medlemmane i SGK, og dei ønskte å engasjere ungdom med same interesse. Det var ganske tilfeldig at prosessen kom i gong. Ei uhøgtideleg Facebook-side

for Sykkylven Gatebilklubb kom i gang for ei tid tilbake. I dag har klubben rundt 150 medlemmar i denne gruppa, og kjennskapen til klubben har auka både i og utanfor bygda.

I 2013 fekk gjengen i SGK ideen om eit treff, og i løpet av fire dagar klarte dei å setje opp arrangementet. Det var usikkert kor mange som ville kome, ettersom heile greia var litt «på sparket». Då kom det tydeleg fram at det var liv laga for ein gatebilklubb i bygda. Mellom 70–80 bilar og langt fleire personar frå Sykkylven, Ørsta, Volda, Stryn, Skodje, inkludert over 20 bilar frå Ålesund åleine tok turen til bygda for å vere med på treffet. I ettertid har klubben delteke med stand på andre arrangement, og arrangerte i tillegg treffet «Street Meet 2014» med fleire hundre påmelde.

### Gatebil

Alle bilentusiastar er nemleg velkomne på treffa deira, uavhengig av alder og medlemsskap i klubben. SGK håpar på å bli ein stadig større klubb og få til større arrangement. I geografisk avstand er næraste liknande treff på Bud og Motorfestivalen i Stryn – sistnemde drøymmer dei om å kunne måle seg med i storleik om nokre år.

Det finst nokre fordommar mot gatebil. Likevel ser det ut til å gå rette vegen for klubben. SGK ønskte å gjere det tydeleg at dei er ein seriøs gjeng som vil samlast for å drive med si interesse. Ved å etablere klubben fekk dei til ein sosial arena for bilentusiastar, i tillegg til at dei arrangerer treff og prøver å vidareutvikle miljøet for gatebil i bygda.



Eit par av bilane som vart stilt ut av Sykkylven Gatebilklubb. Foto: Guro Leirimo.



Gatebilstand under Sykkylvsdagane 2014. Foto: Guro Leirmo.

Dei har ein framtidambisjon om å få laga til eit eige, lovleg område for til dømes burning, ein plan som både fleire politikarar og politiet støttar. Med den positive utviklinga klubben har hatt så langt er det grunn til å tru at dei kan utvikle seg vidare.



Speedballbane blei etablert på ei slette i sentrum av Aure under Sykkylvsdagane i år. Mange fekk prøve den nye sporten for første gong. Foto: Guro Leirmo.

### Skytesport

Dei engasjerte pådrivarane i Paintballklubben har drive på med sin aktivitet i om lag fire år, hovudsakleg på Hjellane. Hausten 2013 vart dei offisielt etablert som klubb, og har brukt mykje av 2014 til å vidareutvikle seg. Drifta er det styret som står for, saman med ein gjeng andre som vanlegvis deltek på paintball. I styret sit Vegard Eidem, Simon Langlo, Cato Tveit, Bjørn Olav Vangen Aure og Svein Inge Nykrem. Paintball er ein actionfylt aktivitet der ein verkeleg får kjenne adrenalinet i kroppen.

Paintball inneber altså å skyte små målingsballar på kvarandre, og blir ein treft eller «markert» ein gong, så er ein ute av spelet. Det finst ulike typar spel, og ulike baner. Dei siste åra har Paintballklubben spela på det som kallast ei woodsballbane, altså i skogen. Plankar og pallar blir brukte som hinder. Bana på Hjellane er ei slik.

### Speedball

Etter at kommunen løyvde pengar til klubben frå ungdomsmillionen, vart det mogleg å investere i ei speedballbane også. Då spelar ein med oppblåsbare element på ei relativt flat slette, gjerne med netting rundt slik at tilskodarar kan sjå kva som skjer. Speedballbana vart sett opp og testa for første gong under Sykkylvsdagane 2014. Då kunne folk leige utstyr og teste ut den spennande sporten. Det var mange som vart interesserte. Klubben har eit mål om å få til ei permanent speedballbane på ein fast plass i bygda.

Påkrevd utstyr er maske og ein markør, som inneheld våpen, magasin med malingsballar og lufttank. Utstyret fins i ulike prisklassar, men er uansett ei investering. Difor kan det kanskje vere lurt å leige utstyr og prøve nokre gongar først. Klubben tilbyr nemleg utleige av utstyr, og legg ut arrangement og informasjon på si Facebook-side når dei skal spele. I tillegg er ei nettside under utvikling, der skal ein kunne melde seg inn i klubben. Sjølv om ein er godt sikra med paintball-utstyret, er det viktig å respektere dei fastsette aldersgrensene. 14-åringar må vere under tilsyn av føresette for å spele. Frå ein er 16 år må ein ha løyve frå føresette og for å kjøpe og eige utstyr må ein vere over 18 år.



Reidar Skarbø var dyrlege på Stranda og også ordførar i kommunen 1964 - 1965. Som interessert i veterinærhistorie skreiv han denne artikkelen ein gong på åttitalet. Som slektning av veterinærpioneren og fordi han bur i Kapralgarden på Aure fekk Per Arne Grebstad tilsendt denne artikkelen

## Den første dyrlegen på Sunnmøre

Av Reidar Skarbø

**Dei første norske veterinærane fekk si opplæring i København, noko seinare i Stockholm. Veterinærhøgskulen i Danmark kom i gang i 1773. Mellom dei 40 første nordmenn med veterinæreksamen finn ein og Hans Jørgen Aure.**

I Gardssoga I for Sykkylven av Gustav Weiberg-Aurdal står det mellom anna følgjande: «Hans Jørgen Amundsen Aure frå Kapralgarden, f. 1782, g. 1806 m. Berte Hansdtr. Fødd ca. 1777 i Danmark». (...) Hans Jørgen Aure var dyrlækjar. Han reiste i 1801 til København for å studere og var der i fire år. I 1814 er han nemnd som jordbrukar og dyrlækjar i Sykkylven. I 1815 var han lagrettemann. I 1818 vart det opplyst på tinget at dyrlækjar Aure ikkje var i Bergen eller i Søndre Bergenhus amt. Nokre år seinare er han nemnd som fadder i Sykkylven, men han må ha flytt på nytt. Hans Jørgen er elles kjend frå saka mot Lars Nilsen Aurdal i 1810.»

I veterinærdirektør H. Horne si bok Træk av Veterinærvæsenets Historie i Norge finn ein fleire opplysningar om Hans Jørgen Aure. Han er første gongen nemnd i 1806 i samband med at han frå Bergen Stift har fått tilbakebetalt utgiftene til studieopphaldet i København. Ordninga med offentleg stipend for norske veterinærstudentar i utlandet var fastsett av regjeringa. Som motyting måtte veterinærane binde seg til å slå seg ned og praktisere innanfor stiftet utan godtgjersle frå det offentlege.

Men i 1812 søkjer «dyrlegen i Søndmør Fogderi» det danske kanselliet om fast løn og får følgjande svar: Hans Jørgen Aure, dyrlege i Søndmør fogderi, har i en hertil indsendt og med hr. amtmandens erklæring av 24. december f.a. forsynet ansøking anholdt om at kunne bli tilstaat som fast løn 3 a 4 ss av hver gårdbruker og 1 a 2 ss av hver husmand i bemeldte fogderi, som kan græsse 2 kjør.

Det Kongelige Rentekammer, med hvilken man i denne henseende har korrespondert, finder det betænkelig at paalegge almuen en sådan byrde, saa meget mere som det ansees at distriktet efter dets lokale ikke derav kan ha almenlytte. Da kanselliet saaledes ingen utveie til at skaffe aplikanten fast løn, skulde han tjenstligst anmode hr. amtmand behageligen at ville tilkjendegi ham dette til efterretning». Brevet er underskrive av det kgl. danske kanselli 13/7 1813.

Men Hans Jørgen Aure, som i 1816 titulere seg som «beskikket dyrlege og autoriseret vaccinatør», gir ikkje opp. I 1815 søkjer han om fast løn i følgjande skriv.

*Underdanigst forestilling til Romsdals amt. Høivelbårne Hr. amtmand Ridder Krohg.*

*Da vanskeligheten ved at forskaffe medikamenter til de syke kreaturer jeg som dyrlege får under behandling, er årsaken til at jeg ikke kan stifte den nytte jeg ønsker, har dette beveget mig til underdanigst at forestille det høie amt disse hindringer i dyrlægevidenskapen her på Søndmør, hvilket jeg håber at amtet gunstig vil ta i betænkning».*

*Som fattig mand formår jeg ikke at forsyne mig med de medikamenter som behøves til syke kreaturer, og når lægemidler først efter at et dyr har blitt sygt skal hentes fra et langt fraværende apotek, så kommer medicinen oftest forsilde (for seint), og desuten vil den bli alt for kostbar især for den fattige. Følgen derav er denne, at her årlig kreperer hester som mange andre kreaturer som dog kunde reddes hvis jeg indehavde de hjælpemidler ved hånden som behøvedes».*

*For at avhjelpe denne mangel vover jeg altså underdanigst at foreslå og ansøke om, at mig som dyrlæge måtte tillægges en årlig fast løn av samtlige Sunnmørske jordbrukere, derved vilde jeg sættes i stand til forut at forsyne meg med de behøvede lægemidler, og distriktet hadde derved*



den fordel, at deres syke kreaturer stedse kunde få hjælp når sygdommen ellers var lægelig. Og det for meget mindre bekostning, thi da behøvedes ikke at hente medikamenter fra apoteket som her formedelst veienes lengde alltid er så kostbart for det pågjældende at de som oftest heller må la deres kreaturer hjælpeløse.

Finder min ansøgning om fast løn bifald, forbinder jeg mig til ei alene på egen bekostning for de fattige at gjennomreise fogderiet en gang årlig for at hjelpe hvor jeg kan og det behøves, men jeg forpligter også at gjøre reiser for intet, når enkelte henter mig for at helbrede deres syke kreaturer, og hvis noget kreatur dør mens jeg har det under kur, skal jeg ei heller forlange noget for den forbrukte medicin når dyrets eier er fattig, hvorimot de formuende må betale de anvendte medikamenter efter billighet, hvad enten deres dyr ere lægelige eller ei.

Jeg har stor lyst til at gavne i mit fag saavidt mulig, men saa lenge de ovenmeldte hindringer ikke ryddes av veien, må jeg tilstå at jeg som dyrlæge kun kan være til liden nytte for distriktet og selv bringes jeg alt mer og mer armød. Vel har jeg det tilbud at bli beskikket som dyrlæge i Bergen i den avdødes Christian Furas sted, hvor jeg kunde nyde den samme løn som han hadde av byens kasse, men jeg ønsker dog helst at praktisere i min fødeegn når en årlig viss løn ble mig bevilget.

*I håp om at det høie amt gunstigst vil ta min ansøgning i betænkning, skulde jeg fremdeles utbede mig amtets resolution i ovenmeldte henseende.*

Auregård. Det 21. januar 1816.  
Underdanigst Hans Jørgen Aure

Amtmannen skriv i si påteikning til departementet at dersom dette ikkje kan gå med på løyving, må amtmannen få fullmakt til «at la dyrlægen av fogedkassen årlig forskydes en passende sum til de fornødne lægemidlers anskaffelse»

Resultatet av denne søknaden kjenner ein ikkje, men truleg vart svaret eit tvert nei. Departementet heldt nemleg på det prinsippet at veterinærer som hadde fått studiestipend, ikkje skulle ha løn frå det offentlege. Av same grunn gjekk det også lang tid før departementet ville godkjenne at distriktet (amtet) fekk løyve til å betale dyrlækjaren ei fast godtgjersle.

I åra fram til 1838 har ein lite oversyn over kvar dei ymse veterinærane i landet var busette. Men det året og like eins i 1846 og 1852 er Hans Jørgen Aure oppført med Bergen som bustad. Det er vel ingen grunn til å tvile på at dei dårlege økonomiske tilhøva for ein dyrlækjar på Sunnmøre, noko han sjølv skildrar i sine søknader, gjorde at han mykje mot sin vilje flytta til eit distrikt der han fann levelege vilkår.

## Rakkarane frå Christianshavn

Å vere dyrlege på slutten av 1700-talet, gav korkje status eller gode inntekter. I folks omdømme var dei lite betre enn dei som tømde utedoar og gjelda hestar.

Rakkarane frå Christianshavn, vart dei kalla, pionerane som studerte til veterinærer i Danmark seint på 1700-talet. Rakkarane eller nattmennene var den lite akta gruppa tenestemenn som tømde doar og latriner i byane og som elles gjelda hestar og fanga laushundar. Det var ei gruppe som både var forakta og frykta på 1700-talet.

Den første veterinærutdanninga i verda kom i gang i Lyon i Frankrike i 1764. Året etter vart ein ny skule opna i den franske byen Maisons Alfort – ein skule som framleis eksisterer og som blir rekna som det eldste veterinærstudiet i verda.

Takka vere den liberale hofflegen Johan Friedrich Struensee, som i nokre få år vann den psykisk sjuke kongens tillit og sette i gang ei rekkje reformer i det tilstivna danske monarkiet, vart Danmark tidleg ute når det galt veterinærutdanning. Som den femte dyrlegeskulen i verda kom veterinærutdanning i gang i Christianshavn i 1773. Den første leiaren var Peter Christian Abildsgaard.

Det var først og fremst den trugande kvegpesten og omtanken for dei militære hestane som førte til at staten vart villig til å satse pengar på slik utdanning. Men kåra for dei første veterinærane var ikkje gode. Den som arbeider med sjuke dyr, må også ha med døde dyr å gjere og blant anna utføre obduksjon for å finne ut årsaka til sjukdommar. De var eit arbeid som likna mykje dei oppgåvene som dei forakta rakkarane hadde, meinte folk flest. Inntektene var heller ikkje til å leve av. I Sverige var det i ein periode krav til dyrlegane at dei måtte ha ei tilleggsutdanning som organist eller klokkar slik at dei kunne greie å livberge seg.

*(Kjelde: Kim Greiner, Det biovitenskapelige fakultet, Frederiksborg, Danmark.)*

## Vaksinasjonsstriden

Lars Jørgen Aure var ikkje berre veterinær, han var også godkjent vaksinatør og den som skulle gjennomføre dei kongelege forordningane om vaksiner mot den frykta koppesjukdommen.

I Sykkylven vart han hindra i arbeidet sitt av Lars Nilsen Aurdal som var sterkt skeptisk til dei nye forordningane om vaksinasjon mot koppar. Lars Nilsen Aurdal var ein framgangsrik mann i Sykkylven og orda hans hadde stor vekt. Derfor var det eit problem når han gjekk imot kongelege forordningar.

I 1810 vart Lars Nilsen Aurdal klaga inn for rettsvesenet fordi han hadde agitert mot pokevaksinasjon, fortel Gustav Weiberg-Aurdal i Sykkylven i eldre tid. Blant anna kom det eit notat til dommaren frå futen Landmark der det heiter at «her i Søkvelven Sogn skal gives Personer hvoriblandt i Særdeleshed en Lars Nilsen Overdal, der har Dristighed nok til at nedsætte hos Almuen de kgl. Anordninger saasom den af 3. April d. aa. om Vaxination».

Etter ei lang rettssak vart Lars i 1811 dømd til ei stor bot og landsforvist. Saka vart anka til stiftsretten, men med same resultat. Lars ville ikkje ha saka fram for høgsteretten, men søkte om nåde. Ved Kongeleg Resolusjon vart domen gjort om til ei bot på 400 rdl. til den «Kongelige kasse», og dessutan vart Lars dømd til å betale alle sakskostnadene. Lars fekk vite denne domen 12. desember 1812, og han vedtok. Skiftet etter Lars i 1826 synte ei brutto formue på 360 rdl.



Jarle Tusvik, fødd 1944, har arbeidd som informasjonssekretær hos Ekornes, men er no pensionist. Han er ein dyktig historieforteljar og har stor interesse for slektsforskning og sogearbeid.

## Damekoret frå januar 1934

Av Jarle Tusvik

**Gudrun Karlsdatter Hatlemark Lien var initiativtakaren for skiping av eit damekor på Aure i januar 1934. Det hadde vore interessant å høyre om nokon av lesarane kjenner meir til dette koret.**

Gudrun Hatlemark Lien var dotter til Karl Johan Gulliksen Hatlemark.

Ho vart fødd i Hatlemark 1. oktober 1901, gift i 1930 med Sigvald Lien frå Vanylven, i Uranienborg kirke i Oslo. Gudrun døydde på Sykkylven Buas 7. januar 1991. Dei som kjende Gudrun, hugsar nok henne best som sydame. Ho budde ei tid hos kaptein Aure, ei tid på Hareid og seinare i Skogvegen på Aure.



Ungdomsbilde av Gudrun Hatlemark Lien. (Foto utlånt av Jarle Tusvik).

Frå rekneskapsboka for damekoret:

Tirsdag den 16/1 1934 vart det skipa eit damekor her på Aure. Medlemer er desse: fru Tora Klepp, frk Johanne S. Aure, fru Ella Slinning, frk Anna Hjelle, fru Signe Fredriksen, frk Aslaug Brudevoll, fru Gudrun Lien, frk Ingeborg Erdal, fru Johanne Ås, frk Johanne Olsen, fru Jenny Hellesylt, frk Hjørdis Gausemel, fru Beate Klokk, frk Nelly Haram, fru Jensine Velle, frk Julie Blindheim, fru Kristine Hellesylt, frk Lilly Rønes, fru Karen Bakken, frk Judith Mølnes, fru Borghild Strømme, frk Sina Vik, Frk Ovidia Aurdal, frk Aslaug Roald, frk Lina Riksheim, frk Berta Velle, Frk Olga Amdam, frk Oddlaug Aure, frk Borghild Blindheim, frk Borghild Aure, frk Lovise Blindheim, frk Karoline Nyhagen, frk Signe Aure, frk Bertha Strømsheim, frk Ingeborg Strømsheim, frk Anna Aure, frk Julie Brudevoll, frk Kari Vinje, frk Jensine Aure, frk Berta Blindheim, frk Helga Ramstad. Medlemmer som har kome til etter skipinga av koret var Torbjørg Tandstad, Anna Haram, Ella Myren og Petra Brudevoll.

Til styre vart vald: Gudrun Lien (formann), Ovidia Aurdal (kasserar) og Sina Vik (skrivar). Til dirigent fekk me K.G. Hatlemark, som lova å kome innover og øve kvar torsdagskveld.

Torsdag den 18/1 -34 hadde damekoret fyrste øvinga si. Me heldt til på Ungdomshuset, og det var godt frammøte. Me tok til med å lære på «Eit lite kvæde» av Ola Berg.

Sundag den 21/1 hadde damekoret øving på Privat-Banken på Aure. Mest alle var møtt fram, og øvinga gjekk godt. Tok og til å øve på «I Guds natur».

Torsdag den 25/1 hadde damekoret øving på Ungdomshuset «Valhall» med sværande godt frammøte. Heldt fram med å synge på «Eit lite kvæde», og «I Guds natur».

So fekk me take til å øve på «Skjønne mai» av



Gudrun Hatlemark Lien i eldre år. (Foto: Jarle Tusvik).



Songar, dirigent og far til Gudrun, K. J. Hatlemark. (Foto: Utlånt av Jarle Tusvik)

L. M. Bien. Alle vart einige om å betale kr 0,25 kvar månad, som skulde gå til ymse utgifter.

Neste øving vart halde søndag den 28/1 i småsalen på Ungdomshuset. Endå veret var stygt var det nokso bra frammøte. Me øvde på «Skjønne mai». Torsdag den 14/2 heldt damekoret øving på Ungdomshuset Valhall. Det var godt frammøte, og me song på dei songane me ha lært på før. Torsdag den 22/2 hadde damekoret øving på Ungdomshuset Valhall. Me tok til å lære på «Suomis sång» av Fredrik Pacius. Søndag skulde det vore øving. Søndag den 25/2 hadde damekoret øving på Ungdomshuset Valhall. Held fram å øve på «Suomis sång».

Torsdag den 1/3 hadde damekoret øving igjen. Det kom spørsmål frå mannskoret, om me ville øve eit par songar i lag med dei, og då ingen var i mot det vart det bestemt.

So vart det bestemt at på neste øving skulde kontingenten betalast. Søndag den 4/3 hadde damekoret øving på banksalen på Aure. Me øvde på «Suomis song».

Torsdag den 8/3 hadde damekoret øving på Ungdomshuset Valhall. Me tok til å øve på «Lomskyrkja» av Sparre Olsen. Torsdag den 15/3 hadde damekoret øving på Ungdomshuset Valhall. Me heldt fram å øve på «Lomskyrkja». Det var godt frammøte.

Torsdag den 22/3 hadde damekoret øving på ungdomshuset.

• *Noten til «Suomis sång» av Fredrik Pacius.*  
 Link til Wikipedia: [http://en.wikipedia.org/wiki/Fredrik\\_Pacius](http://en.wikipedia.org/wiki/Fredrik_Pacius). Link til framføring av «Suomis sång med FN kören frå 2009»  
<http://www.youtube.com/watch?v=iqn1W1qLpJk>



Per Svein Tandstad, fødd 1939, har granska historia og ætta til Gudbrand i Vik – stormannen som skal ha hatt bustaden sin på Vik i Sykkylven. Her er det han har kome fram til. Per Svein Tandstad er pensjonert lærar, bonde, dirigent og muskar.

## Gudbrand i Vik

Av Per Svein Tandstad

### Etter det ein veit, er der to som har heitt Gudbrand i Vik, Det er Gudbrand Berdorsen Vik og Gudbrand Gudbrandson Vik.

Tre kjelder fortel om dei: Eit brev frå 19. april 1344 var det kalla inn åtte menn av høg byrd og i viktige stillingar til møte på Steindalsloftet til herren på Giske, Erling Vidkunson. Han var den mektigaste mannen i landet på den tida. Han eigde ein tidel av Noreg og hadde mellom anna vore drottsete for Kong Magnus Eriksson (drottsete – i kongens stad). Grunnen til dette møtet var at Erling Vidkunson skulle kjøpe garden Humla i Borgund av Ogmund

Eriksson. Garden vart rekna til ein verdi av 15 mmb (månadsmatbol, det vil seie at den kunne skaffe mat til 15 familiar med fire medlemmer kvar).

Den andre gongen vi høyrer om Gudbrand i Vik, er i samband med våpenskjoldet. Dette våpenskjoldet er nr 142 av våpenskjolda i Danmark-Noreg. Riddarar og høgare adelsfolk (baronar, her-tugar) hadde våpenskjold. Dei måtte lærast opp i våpenbruk og fekk riddarslaget, ei høgtideleg handling der dei svor truskap til kongen eller drottsetet.

### Gudbrandswick

Tredje gong er når Gudbrand i Vik er nemnd som

eigar av garden Vik i erkebiskop Aslak Bolts jordebok. Aslak Bolt kallar til og med garden for Gudbrandswick. I 1344 er Gudbrand i Vik riddar, av høg byrd og eig mykje jordegods.

Gudbrand var son til Berdor Berdorson på Barstad. Han var riddar og ein av dei mektigaste mennene på Sunnmøre på byrjinga av 1300-talet. Han delte eigeidomane sine i tre hovud-delar og ein mindre del til dottera. Dei tre hovud-delane var Søre Sunnmøre med hovudsete i Eiksund, Midtre Sunnmøre med hovudsete i Vik i Sykkylven og Indre Sunnmøre med hovudsete på Ringstad på Stranda.

Dottera Herborg fekk 23 mmb (Leira 13 mmb, Brudevoll 6,5 mmb og Apalset 3,5 mmb). Grensene mellom dei tre brørne var Flåskjær, sør for Søre Vartdal mellom broren i Eiksund og Gudbrand, og Skotet mellom Gudbrand og Rove på Ringstad.

Bjørn Jonson Dale nemner at Gudbrand i Vik truleg var gift med ei dotter til Vidkun Erlings-son, men namnet på henne har ingen funne. Broren i Eiksund er også ukjent med omsyn til namn. Fleire samtalar med historikarar i Herøy og Ulstein har ikkje gitt resultat. Etter vanleg namne-skikk skulle han heiter Berdor eller Bardor etter bestefaren.

I somme kjelder er det nemnt ein Hallstein a Stauri (Stryn), men det er noko usikkert. I tida 1314 –20 er der ein Stauri som gav 2 mmb til presten på Eide i Stryn. Dette blir stridstema mellom den mektige Erik Rosenkrantz (d. 1568) og knapen (stor-bonden) Anders Torgilsson på Ytre-Eide eit kvart tusenår seinare. Det står nemnt at Anders hadde den gamle sunnmørsætta og at han reiser til



Per Svein Tandstad har det siste året studert historia og slekta til Gudbrand i Vik. Her med ein modell av det han meiner er våpenskjoldet til storbonden i Sykkylven. Foto: Kjetil Tandstad.

Bergen for «å ta seg ein prat med Erik». Dei vert så «skiønt forlikte».

Om Herborg Berdorsdottir er det å nemne at ho fekk ikkje born. Ho kjøpte provent (opphald) for seg

### Ættetavla til Gudbrand i Vik (farsida)

Den gamle Hjortdalsætta: Grimer (Grim) (980 -)

Ketil (1010) - Turid Hallenkin (skakkinn) (1040)

Skald Berse (1080)

Turid Bersadotter – Karl på Straumsheim

Hedin Karlsson (1150) – Gurid Karlshovdotter av Giske d. 1217

Jon a Ake – Rangvidur Ulfsson

Bardor a Inulcemi (Emblem) – Margrete Jonsdotter Grotgarder Hedinson (bror)

Berdor Bardarstad – Magnhild Arnesdotter (dotter til Arne på Korsbrekke)  
(Bård på Barstad) Hallvard Lid (Uksv. sl.) – Hakatle

Berdor Berdorson på Barstad – Ragnhild Hallvardsdotter frå Ørskog

Ukjent namn – Gudbrand Berdorson – Rove Berdorson Ringstad Herborg (ikkje gift) – Hallstein a Stauri Eiksund

Gudbrand Gudbr.s Stor slekt

### Slekta til Gudbrand i Vik på morssida

Pål Skofteson (Aura-Pål) – Sigrud Torkjellsdotter frå Aurland i Sogn

Ingebjørg Pålsson – Kollbjørn på Greipstad

Sigrud Kollbjørnsdotter – Jon Asgautson Raud frå Sylte

Arne på Korsbrekke – Solveig Gamelsdotter frå Velle f. ca. 1150

Magnhild Arnesdotter – Berdor på Barstad

Berdor Berdorson, f. ca. 1250 – Ragnhild Halvardsdotter

Ukjent namn – Gudbrand Berdorson – Rove Berdorson – Herborg Berdorsd. Hallstein a Stauri

Gudbrand Gudbr.son

Stor slekt

sjølv og terna i erkebispegarden i Nidaros i 1325. Dette har ein skriftlege kjelder på. I 1338 «hadde ho lyst til å fare heim» og sa opp proventet sitt – enno ikkje i nokon høg alder. Om Rove Berdorsen har eg funne ut at Rove ikkje er døypenamnet, men eit kallenamn.

Gamel på Velle var gift med Tora Gudbrandsdotter. Far hennar var Gudbrand Toreson. Han var også far til seks lendmenn. (Noko å vite for dei som bur eller ættar frå Velle). Det er nokså truleg at Gudbrand i Vik har namnet sitt etter tipp-tipp-oldefaren Gudbrand Toreson. Kollbjørn på Greipstad er også tipp-tipp oldefaren. Legg vi på endå ein tipp, kjem vi til Giskeherren Aura-Pål.

Presten i Borgund Hans Strøm reiste i 1750-åra rundt på Sunnmøre og skreiv mellom anna ned segner om ymse stormenn. Diverre tok han feil med omsyn til årstal. I staden for 1344 brukar han 1544. Segnene han skreiv ned har levd på folkemunne heilt fram til vår tid.

### Segna om brørne Gudbrand og Rove

Rove budde på Ringstad og eigde mange bruk i Stranda, Norddal og Stordal kommunar. Han hadde vore i skogen med mange mann og bygd seg staselege hus. Det er mykje truleg at han hadde vitja broren Gudbrand i Vik og sett på husa som var der. Når no nyhusa på Ringstad var ferdige, så bad han broren ein tur dit inn. Gudbrand såg sjølv sagt dei fine husa og han måtte skryte litt. Men det gjekk inn på Gudbrand at broren sa at «dette er noko anna enn «revehyttene ute på Vik».

Då han kom heim var det å setje i gong med eit storarbeid. Her skulle det byggjast. Han plukka ut dei største og finaste furene som var i skogane frå Jarnes til Tu. Då tømmeret var kome på plass ved og på berga nedanfor Blakstad, så samlast alt arbeidsfolket til eit stort måltid. Segna seier at det gjekk med ei tunne med smør til å kline flatbrøda med. Etter denne hendinga heiter berga her for Kliningsberga. Av tømmeret laga dei ein stor flåte. Den var så stor og djup at den skrapa ned på botnen på Vikefluda – og dit er det mange famner – minst åtte.

Tømmeret var saga og høvla, øksa og stelt. Det vart lagt ned mykje arbeid på berre ein stakk. Slikt tømmer kan ein sjå i Lånastova på Sunnmøre Museum, som står der i dag. Eit slikt stort hus vart kalla ei lån. Etter dette vart garden kalla for Lånagarden. På Ringstad har dei også Låna-

garden. Han som bur der i dag, heiter Otto Opshaug. På begge desse stadene var dette dei største og finaste gardshusa i bygda.

Av hunane som vart att etter saging, laga Gudbrand og mennene hans ein flott skigard. Den gjekk frå husa og enda mot sjøen. Her var ein svær portal og eit led med lås i. No var Gudbrand klar til å be broren til gjestebod.

Då Rove var ventande, var der alltid folk på utkikk etter båtar som kom til syne ved Ørsneset. Då bodet kom, gjekk Gudbrand ned og låste att porten. Rove kom til Lånafjæra og fann ein låst port i staden for ein blid bror som tok imot han. Rove banka og ropte, men det gjekk likevel ei stund før Gudbrand kom og låste opp. Rove gissa nok dette var ein hemn for det han hadde sagt om «revehyttene på Vik». Så vart det nok ein heidundrande fest i den nye Lånastova. Der vanta det nok korkje mat eller drikke.

På 1300-talet gjekk der nok ein veg gjennom tuna på Vik og ut til Aure der kyrkja låg. For Gudbrand var ikkje dette godt nok. Difor laga han ein hellelagd veg utover frå Lånastova og ut til kyrkja. Der er diverre ikkje nedskrive kvar den gjekk. Den skulle framleis vere synleg på Hans Strøm si tid.

### Minne-øl

Ullavika låg under garden Aure. Garden var på 6 mellag (1 ½ våg) og hadde eit lakseverpe. Etter preika ein søndag vart presten invitert til middag hos Gudbrand i Vik. Her fekk han servert laks. Dette tykte presten var overmåte godt og skrytte av kor vel det smakte. Gudbrand Gudbrandsson likte svært godt dette skrytet og gav Ullavik og lakseverpet til kyrkja. Men vilkåret var «at hans Skaal skulde drickes efter hans Død på Oure Kirke-Backe». Presten måtte syte for at det vart kjøpt eller bryggja øl ein gong i året. Dette skulle bli servert til ålmugen etter kyrkjetid – til minne om Gudbrand i Vik. Kyrkjebakken er der Overåhuset er i dag. Brygginga gjekk på omgang og dei som bryggja, slapp tienda til kyrkja det året.

Ved kyrkja i nordleg retning, står der i dag ein bautastein. Den skal etter segna vere oppsett av ein av gudbrandane. Dette har eg etter historikaren Stein Arne Fauske. Den er av vanleg gråstein 2,5 meter høg over bakken, 90 cm brei på det breiaste og 35 cm tjukk. Eit bra lass for ei tvidrette (To hestar som dreg) på snøføre.

Vik er eit einstavingsord. Slike namn seier oss at der var tidleg busetnad – truleg i steinalderen. På

alle måtar ligg garden slik at dette kan stemme. At her budde storfolk før Gudbrand busette seg her, er mykje truleg. Då arkeologar undersøkte grunnen der vegen går til Sykkylvsbrua, fann dei eit halssmykke som har tilhørt ei kvinne av høg byrd. Det kan vere frå omtrent same tid som Hammarset var sæter. Hammerset kunne ha vore setra til hovdingen i Vik. Kva som låg i jorda der Brunstad- og Sandellafabrikken ligg i dag er berre noko vi kan tenkje oss.

Etter gudbrandane si tid, var Vik busett ei kort tid av slekningar frå Ringstad. Etter det vart Vik kyrkjegods frå Klokkehaug til Tandstad grense. Slektla stadig nye bruk under si makt-sfære. Dei overlevde Svartedauen og la såleis under seg aude bruk. Heile kongeriket Danmark Noreg var i pengenaud, kyrkja likeså. Dei som hadde pengar, fekk kjøpe gardar og bruk billeg.

*Viig, Velle, Sætre, Aurebygd*

*Ber stor Frygd.*

*Grebstad, Eidem ligger mig nær.*

*Det holder ieg meget kiær».*

Segna seier at det var Gudbrand Gudbrandson som dikta verset.

Aurebygd er truleg frå Ørsneset til Aurdal, Grebstad og Eidem er nemnde i verset. Andre stader står det at Gudbrand i Vik eigde til «Ørskoug Grense». Den gjekk der ei lita elv renn ned i Andestadvatnet utanfor Furneset. Tømmeret til Lånastova tok han i skogen frå Jarnes til Tu. Det fortel oss at han eigde til grensa mot Hjørundfjorden som då gjekk ved det ein kalla Sykkylvsbruna. På farssida ættar han frå Karl på Straumsheim, som eigde gardane innover frå Riksheim. Sætre er nemnt. Då står berre Erstad att. Ikornnes er ikkje nemnt. I diktet er nemt

Velle og ein veit at Gamel på Velle truleg åtte det meste nedanfor Brauta.

Framanfor Brauta åtte systema Herborg 6,5 mmb (Brudevoll), men kva med resten der framme? Det var frå tidleg underlagt hovdingane på Hjortdal. Meir enn Brudevoll følgde nok med når Turid Bersedotter gifte seg med Karl på Straumsheim.

Straumgjerde var audegard som Tandstad Ytre og Tandstad indre. Straume er noko for seg sjølv. Det var ikkje Rosenkrantz-gods og ikkje kyrkjegods. Eigane budde seinare på Hitra. Ein stad er det nemnt at Straume låg under det Karl på Straumsheim åtte. I så fall kom det med i eigedomane til Gudbrand i Vik. Vi ser at Gudbrand eigde storparten av det som var Sykkylven i si tid. Vidare eigde Gudbrand eigdommar i Barstadvika, Nordre og Søre Vartdal, Ørskog, Emblem og Hjørundfjord.

Når Gudbrand Gudbrandsen døyr og der ikkje er arvingar, så «raskar» Giskegodset til seg svært mange bruk. Ein veit sikkert at heile Aurebygd hamnar der, men også mykje meir. Utover 1500-talet er svært mykje blitt til Rosenkrantz-gods. Giskegodset sine eigarar hamna nemleg på Austlandet og svektest.

Det kjem tilbake og blir stort ved at Erlend Einrideson av Losnaætta gifte seg med Gudrun Olafsdotter, som er medeigar i Giskegodset. Dotterdotter deira, Magdalena, arvar mykje av dette godset og blir gift med Holger Eriksen Rosenkrantz. Dermed får vi Rosenkrantz-perioden.

Kyrkjegodset veks til fram til reformasjonen 1537. Då vert alle bruka krongods. Kongane fører krigar og har stort hoff. Dei har konstant penge-mangel og må låne av rosenkrantzane, som tek pant i gardar som Kongen eig. Såleis er den siste rosenkrantzen, Erik Rosenkrantz, den rikaste og mektigaste mannen i Noreg.



Kjell Løseth, fødd 1941, er tidlegare lærar og skulesjef i Sykkylven. Han er no pensjonist og syslar blant anna med organisasjonsarbeid, revy og lokalhistorie, og er styreleiar i Storfjordens Venner.

## To sykkylvsdiktatarar

Av Kjell Løseth

**Sykkylven har fostra mange diktatarar som skriv poesi og anna litteratur. Mange av dei er ikkje lenger imellom oss. To som fortener å kome fram i lyset med diktinga si er Inga Klokk og Bernt Fauske.**

Inga Klokk vart fødd tett attmed dei Sju søstrene – på Horvadrag – høgt over Geirangerfjorden seint på 1800-talet. Dramatiske hendingar i farleg natur gjorde at familien måtte flytte frå Horvadrag. Dei slo seg ned på Klokk i Ramstaddal.

Inga vart heilt blind i ungdommen. Broren Sigvald, som var nokre år yngre, vart også blind. Desse to søskena budde i lag. Dei dreiv småbruk på Melset i nær 30 år!

Inga var lærar i søndagsskulen i over 50 år. Ho hadde eit stort pedagogisk talent og levande-gjorde dei bibelske forteljingane på ein stillferdig og truverdig måte. Alle borna var svært glade i Inga. For den langvarige og trugne innsatsen i søndagsskulen blei ho heidra med Kongens fortene-STEMEDALJE.

Inga hadde ei biletskapande evne med ord. Ho har etterlate seg prologar, julesongar, talekor og dikt av høg kvalitet. Dei fleste dikta er ei hylling til dei kristne verdiane. Også i naturskildringane er det ein religiøs undertone. Inga var blind og kunne såleis ikkje skrive ned dikta sine etterkvart. Ho laga vers «inni seg». Så tok ho oppatt vers for vers til ho hugsa dei. Det var imponerende at ho kunne halde greie på alle versa, og framføre dei utan å famle.

Som blind kunne Inga ikkje skilje natt og dag. Likevel skreiv ho målande naturdikt. Ho hadde minna i seg frå før ho blei blind i ungdomen. Ho skildrar korleis livet letnar om våren når jorda tek helgaplagget på og blomane slær ut i sommarsola. Då kan også menneska sanke helsebot og kraft akkurat som fivrelde som yppar seg frå blom til blom. I diktet SOLA hyller ho dei livgjevande strålane frå sola samtidig som ho ønskjer at Vårherre skal gi livsens varme med sine «kjærleiksstrålar».

### SOLA

Velkomen, velkomen  
Du solauga blid!  
Du skin over hutrande dalar.  
Du kjem med eit bod  
om ei ljosa tid.  
Til hjarte du underleg talar.

Du er ikkje gretten,  
du er ikkje sur.  
Du lyser mot alle på vegen.  
Du er ikkje sorgtyngd.  
Du er ikkje stur.  
Du gjer kvar ein vandringsmann fegen.

Du gir ikkje opp  
om skodda sig inn  
og fåfengt enn synest ditt yrke.  
For neste dag  
du ei opning finn  
og strålar med nyvunnen styrke.

Frå lysets Herre  
du bodet fekk:  
Gi menneske strålane dine!  
Så hjarteisen  
kan bråne vekk  
dei tela sinna kan tine.

Frå same Herre  
Har eg bod:  
Ver du mitt ljøs i verda!  
Lat kjærleiksstrålar strøyme ut  
til dei som frys på ferda.

Ja, livsens sol,  
vis du meg veg.  
Eg vil di gjerning gjere.  
Når is og kulde trugar meg,  
lat varmen kome ifrå deg,  
så eg ditt bod kan bere.



Inga Klokk, omgitt av søndagsskuleborna då ho fekk overrekk Kongens fortene-STEMEDALJE i 1967. Foto: Privat.



Sylfest frå Horvadrag, som tok namnet Klokk etter at han flytta frå Horvadrag, kona Lovise, Oline Marta, f. Møllsæter og Inga Klokk heilt til høg. Foto: Privat.



Familien; med søsken og svigersøken: Første rekkje frå venstre: Inga Klokk, Anne Marie Homlong, Lovise Klokk, fødd Homlong og Sylfest frå Horvadrag (som tok namnet Klokk då han flytte til Ramstaddal), Andreas Klokk og Klara Tafjord Fiskarstrand. Bak frå venstre: Liv Tafjord Lien, Svein Myklebust, Oline og Iver Myklebust, Ragna Tafjord, Sigvald Klokk og Rolf Tafjord. Foto: Privat.

Mange av dikta hennar handlar om blomar, dyr og fuglar. I diktet DEN HEIMKOMNE vev ho saman flyttfuglane sin heimkomst med lengtinga etter ein evig heim for menneska.

### DEN HEIMKOMNE

Høyr vesle fuglen kvitrar: Eg er så glad!  
Å, Sjå kor allting glitrar,  
høyr kor han syng sitt kvad.  
No er eg heimattkomen frå lange ferdaveg.  
Her finn eg herlegdomen. Å, sæle, sæle meg!

Der i det andre landet eg aldri høyrde til,  
for stivt var tungebåndet, men no eg syngje vil!  
Då eg på lette venger mot fedrelandet for,  
kom lyd i mine strengar. No syng eg høgt i kor!

Takk, vesle ven for songen.  
Eg vart så hjarteglad  
For nett med same trongen,  
eg nynnar og eit kvad.  
Eg og er heimattkomen frå lange ferdaveg.  
No ser eg herlegdomen. Å, sæle, sæle meg!

Eg lenge gjekk og sukka som gjest i  
framandt land.  
Eg leita etter lukka, men aldri lukka fann.  
Då kom ho, hyrdirgrøysta. Min Frelsar kalla meg.  
Så varmt og mildt han trøysta, og tok meg  
inn til seg.

Her vil eg gjerne vere ein songfugl i Guds vår,  
og frelsebodet bere i mine småe kår.  
No er eg heimattkomen frå lange ferdaveg.  
Eg bur i herlegdomen. Å, sæle, sæle meg!

Inga Klokk



### Kjelder:

Eigne bandopptak  
Arne Grimstad : Boka «Lys i Mørket»

Bernt Fauske er eit velkjent namn for dei fleste i Sykkylven og vidare utover. Han var disponent og skipper i reiarlaget «Brandbåtane A/S».

Brandbåtane – 7 i talet – var evangeliserings- og turistbåtar som segla langs heile norskekysten og etterkvart mykje vidare. Turar på Middelhavet til Egypt og det «hellige land» vart vanleg.

Bernt Fauske var skipper, reiseleiar og predikant på turane som har hatt over 100 000 passasjerar. Talane hans både på land og og sjø, går det gjetord om.

Mindre kjend er kanskje hans evne til å skrive dikt. I 1935 gav han ut «Eit og anna – dikt for ymse høve» på eige forlag. Som naturleg kan vere, hadde mange av dikta hans eit religiøst innhald, men han kunne også skrive om ulike samfunnsspørsmål – ofte i ein humoristisk tone.

I diktet «Tobaken» kan ein seie at han var langt føre si tid. På den tida var det nesten sunt for nykonfirmerte gutar å begynne å røykje. Røykjelov var det ingen som hadde tenkt på ein gong. Fauske hadde nok eit stort poeng:

### TOBAKEN

Om eg brukte tobaken  
so var eg ein tull,  
sjølv om han heitte  
«karvablad», «mixture» eller «rull».  
Og om eg brukte «cigarette»,  
«snus» eller «cigar»,  
So måtte eg vel vera  
--- temmeleg rar.  
For tobaken i «skrå»  
Og tobaken i «snus»,  
lagar ufjelge kjeftar  
og ufjelge hus.  
Og «cigar» og «cigarette»  
og pipa med «glod»  
forpestar med røykjen  
den luft som er god.

Bernt Fauske

Bernt Fauske hadde også meiningar om øl og brennevin:

### ØL OG BRENNEVIN FØR OG NO

At Ølet styrkte kroppane  
Det trudde alle før.  
Difor dei fylte koppane  
Når folk kom innfor dør.  
Og alle drakk av bollane  
Og smatta: «Det var godt!»  
Så rodna dei i kollarne  
Og ingenting vart smått.

At brennevin var glimrande  
dei tvila ikkje på.  
Dei drakk og vart så svimrande  
at knapt dei kunne stå.  
Då kom det mot i karane!  
Dei vart båd' stor og sterk,  
so husmenn åtte gardane  
og gjorde stormannsverk.

No hev dei snudd seg tidene  
og alle ting er vendt  
so me ser grandt dei sidene  
som før var lite kjendt.  
Og om no tida seinare  
vil snu seg endå meir  
då ser me sidor fleir.

Men folket no finn grunnane  
og dreg ein sodan slutt:  
Gjeng rusdrykk inn i munnane  
so rømer vitet ut.  
For rusen stig til toppane  
og jagar vitet burt,  
og so styrer rusen kroppane  
til der på nytt vert turt.

At kroppane vert likare  
når dei er vortne full,  
og at ein drikk seg rikare  
det veit me no er tull.  
For tek vitet røminga  
gjer kroppen galmannsverk,  
sjølv om mannen etter døminga  
er vorten stor og sterk.

Bernt Fauske



Bernt Fauske på sine eldre dagar. I heile 53 år var han drivkraft og primus motor i reiarlaget Brandbåtane og i Norges Kristelige Ungdomsforbund. På i alt sju båtar frakta han meir enn 100.000 passasjerar langs norskekysten og til totalt 25 ulike land rundt om i verda.

### Kjelder:

Eigne bandopptak  
Bernt Fauske: «Eit og anna»  
Arne Grimstad: Lys i mørket



Guro Leirimo, fødd 1992, er medlem av redaksjonen i årboka. Ho studerer økonomi og administrasjon ved Høgskolen i Ålesund. Ho tek på seg oppdrag for Sykkylvsbladet, spelar gitar og er glad i lese bøker og gå turar ute i naturen.

## Ny giv for naturmuseet

Av Guro Leirimo

**Det heile byrja som ein idé på ein kommunefest, men utvikla seg raskt til ein plan. Tilfellet, kombinert med stort engasjement, gjorde at Sykkylven fekk det einaste naturhistoriske museet mellom Bergen og Trondheim.**

Museet var unikt då det opna for snart 35 år sidan og det har utvikla seg mykje sidan starten. Samlinga på 67 dyr har auka til over 200. Det unike museet flyttar no frå Vikøyra til Aure sentrum. Tida for vidareutvikling og nyskaping er langt frå over!

### Då det heile byrja

Det var under ein kommunefest for dei tilsette i 1978 at Kjell Løseth og Tore Hals kom i prat med taksidermisten Stein Ivar Bakka om samlinga hans og tanken om ei viltutstilling.

– Vi såg elgen han hadde ståande, og spurte om vi kunne få låne den til eit programinnslag. Vi måtte bruke ein lastebil for å frakte det store dyret, så der stod vi tre karar oppå lasteplanet med elgen gjennom sentrum, fortel Kjell Løseth. Mange stoppa sjokkerte opp då vi kom køyrande forbi, det var nok litt av eit syn!

Proessen med å få museet, starta offisielt i kulturstyret mars 1978, etter at leiar Kjell Løseth og kultursekretær Tore Hals hadde lufta tanken med Stein Ivar Bakka om å overta samlinga hans. Idéen om eit zoologisk museum vart lagt fram. Dei fekk samrøystes positiv respons. På møtet den 4. april 1978 vart det semje om å ta saka opp til realitetsdrøfting i eit ekstraordinært møte.

Det var ikkje berre på lokalt plan idéen om eit naturhistorisk museum i Sykkylven fekk positiv tilbakemelding. Hals fekk positive reaksjonar blant anna frå Sunnmøre Museum, fylkeskonservatoren, Universitetet i Bergen, Skogbruksmuseet og skuledirektøren i fylket. Til og med første-

preparant Jan Haugsbø frå zoologisk museum ved Universitetet i Bergen kom på besøk. Etterpå fekk han eit brev frå Haugsbø, der det blant anna stod: «De pattedyr og fugler som Stein Bakka har tilbudt Sykkylven kommune er av meget god kvalitet, spesielt pattedyrene, men samtlige kan trygt anbefales.» I tillegg meinte Haugsbø at prisen for utstillinga var rimelig, og rådde til at planane vart gjennomførte.

### Skjer i sjøen

Utfordringa var kostnadane rundt kjøpet. Det fanst nemleg ingen fylkeskommunale eller statlege midlar til etablering av museum. Det var vanskeleg å vurdere kor mykje kapital prosjektet trong. Etter etablering ville det vere mogleg å få driftstilskot, men det var usikkert. Til slutt fekk dei gjennom ein avtale om å betale kjøpesummen over tre år. Med positiv respons frå alle kantar valde dei å gjennomføre prosjektet.

Kulturstyret fekk 27.11.1978 fullmakt til å kjøpe viltutstillinga frå Stein Ivar Bakka, noko dei hadde bede om på møtet i mai 1978. I kulturstyret sat Kjell Løseth, Bjørg Brunstad Johansen, Ingeborg Hjorthol, Kristian Vatsaas, Petter Kaldhussæter og Karsten Myrseth. Berre ein person i kommunestyret stemte imot, fortel Kjell Løseth. Det vart peika ut ei lita arbeidsgruppe frå kulturstyret som fekk det praktiske ansvaret for utarbeiding av planar. Grappa besto av Kristian Vatsaas, Kjell Løseth og Bastian Sætre.

Sommaren 1980 opna museet i Klocksfabrikken. Under opninga var det stor mediedekning, både NRK og fleire aviser tok turen, i tillegg til svært mange besøkande. Som einaste reine naturhistoriske eller zoologiske museum mellom Bergen og Trondheim, var dette eit særmerkt museum også på nasjonalt plan.

### Flyttesjau

– Frå 1992 skulle lokala i Klocksfabrikken byg-

gjast om til helsesenter. Museet måtte flytte. Det enda opp på den tidlegare møbelfabrikken Hole & Lillebøe, etter kvart kjend som Elvetun, fortel Halstein Kurseth.

Valet stod mellom fleire ulike lokale, men då taksidermist Stein Ivar Bakka heldt til i same bygget på Vikøyra, var dette ein naturleg plass. I andre etasje fann dei seg godt til rette. Ein vona at Riksantikvaren skulle legge godvilje til og kjøpe bygget. Dessverre fall dette gjennom, så dei fortsette som leigetakarar, men hadde flaks på andre område. Til no var det kommunen som hadde stått for finansiering og drift. I 2007 vart Magnhild Vatne tilsett som avdelingsleiar i samband med at Stiftinga Sunnmøre Museum overtok driftsansvaret.

Drift av museum er kostbart, og må vere ei klar prioritering for å få det til å fungere.

Sykkylvspolitikarane har engasjert seg og brukt ressursar, vist velvilje og interesse for museet, noko det står respekt av, fortel Halstein Kurseth. Dei første 15 åra dreiv Sykkylven kommune museet åleine, utan tilskot.

### Kompetanse

– Kjøpet av viltutstillinga til Stein Ivar Bakka var

nok til ei viss grad næringsstøtte, og eit ønske om å bevare denne spesielle kompetansen i bygda, fortel einingsleiar Halstein Kurseth.

Bakka si unike samling av utstoppa norske dyr hadde han opparbeidd gjennom fleire år, og han dreiv bedrifta si stort i 1990-åra. Han hadde både tilsette og taksidermist-lærlingar i verkstaden sin, samt ei lita underbedrift som laga formene som danna innsida av dei utstoppa dyra.

Det passa godt å ha museet i same bygg som taksidermisten ettersom han ofte hadde oppdrag med preparering, reparasjonar og liknande i museet. Seinare flytta Stein Ivar Bakka bedrifta si, Villmarksprodukt, til eige lokale på Velle.

Streifturistar som brukte å besøke museet i 1990-åra har det blitt færre av. Som heilskap har dei likevel hatt mykje besøkande i form av skular, barnehagar, vaksenopplæringa og andre grupper frå Sykkylven og nærområda. Det er altså eit museum for lokalbefolkninga. I same lokala har kommunen gitt lokale til kunstgalleri og kunstnaratelier. Denne satsinga blei kalla Sykkylvsmodellen. Det har vore ein styrke å ha galleriet, kunstnarane og museet i same bygg, meiner Kurseth. På Elvetun har det dei siste åra vore flotte arrangement og gode utstillingar, og desse



Det er eit stort flytte- og gjenoppbyggingsarbeid som ligg framfor oss, seier avdelingsleiar Magnhild Vatne ved Sykkylven naturhistoriske museum, i arbeid med å merke ein fugl. Foto: Guro Leirimo.



Ungane gir tydeleg tilbakemelding på kva som er kjekt og kva som er mindre er kjekt, fortel dagleg leiar Magnhild Vatne i Sykkylven naturhistoriske museum, her i selskap med ein velvaksen elg. Foto: Guro Leirmo.

styrkar kulturtilbodet i bygda. Det er framleis det einaste naturhistoriske museet i fylket!

### Framtidsutsikter

I løpet av vinteren får Sykkylven naturhistoriske museum ny drakt og nye lokale. Museet vert flytta til sentrum og samlokalisert med Møbelmuseet, noko avdelingsleiar Magnhild Vatne er godt nøgd med.

– Vi vil dra museet fram i lyset igjen, vise fram og gjere samlinga vår meir tilgjengeleg for folk, fortel ho. Ho ønskjer å gjere folk bevisste på at museet er ein del av tilbodet i bygda, og at det skal bli ein naturleg besøksstad for både innbyggjarar og tilreisande. Dette blir enklare med to museum samlokalisert, då to tilsette gjer det mogleg med meir fleksible opningstider.

– Vi har ei viktig samfunnsrolle med å formidle naturkunnskap, seier Magnhild Vatne. Den sentrumsnære plasseringa gjer det enklare for besøkande i sentrum å ta turen innom, og ikkje minst blir det no gangavstand til fleire skular. Nokre kalla museet for ein skjult diamant, det ligg vel noko i dette. Men ein diamant kan flyttast, påpeikar ho.

– Vi bidreg med kompetanse til skulane, og tilbyr ulike opplegg tilpassa forskjellige klassetrinn. Eit besøk hjå oss skal vere lærerikt og gje borna ei oppleving, seier Magnhild Vatne.

Ho vart tilsett ved museet i 2007, og har stått ansvarleg for desse opplegga. Ho fortel at skulane spør etter det museet har å tilby, og museet har fått mange positive tilbakemeldingar. Dessutan får ein spontan og verdifull respons frå borna som kjem på besøk.



Vi måtte bruke ein lastebil for å frakte det store dyret, så der stod vi tre karar oppå lasteplanet med elgen gjennom sentrum, fortel Kjell Løseth som var med på opptakten til det som skulle bli Sykkylven naturhistoriske museum. Foto: Guro Leirmo.

– Då kjem det tydeleg fram om noko i opplegget er kjekt eller ikkje fullt så kjekt, seier ho med eit smil.

Også barnefamiliar har vore flinke å delta på arrangement som teater og Naturhistoriske dagar på museet. Naturhistoriske dagar har vore eit vellukka konsept, men krev mykje ressursar og tid for eit museum utan vennelag. Vi er avhengige av hjelp frå styret og kollegaer, som har vore flinke å stille på, fortel Magnhild Vatne. På Naturhistoriske dagar finst det mykje å oppleve for store og små. Ut på tur med naturlos, ulike barneopplegg, ope museum og diverse foredrag. Når det nye museet blir opna, vil ein starte opp att med slike arrangement.

### Dyr med historie

Dei om lag 250 dyra som har stått i glassmonter dei siste åra, har halde seg godt i den stabile temperaturen, skjerma frå sollys. Under flyttinga vert dyra registrerte og informasjonen som finst registrert i den digitale museumsbasen Primus. Det er kjekt når det finst ei historie rundt dyret. Dette kan gi større formidlingsverdi, forklarar Vatne. Til dømes fekk museet inn ein hønehauk frå Ullavik-området som hadde floge på ei flaggstong, noko som har blitt ei historie å fortelje dei besøkande.

Vi ønskjer at dei nye utstillingane blir så gode og spennande at folk kjem på besøk igjen og igjen. Dette krev sjølv sagt at vi klarar å fornye oss, noko som blir enklare med meir fleksible og opne lokale, forklarar Vatne. Den nye utstillinga skal stå klar før sommarsesongen.

I den nye utstillinga får besøkande vandre frå



Isbjørnen er alltid ein attraksjon for dei som besøkjer naturmuseet. Foto: Guro Leirmo.




Det er fleire store og majestetiske dyr i utstillinga. Stein Kåre Nygård stod for målinga av kulissane i den gamle utstillinga. Her frå høgfjellsmonteret med moskus og rein. Foto: Guro Leirmo.

sjøkanten, eller historisk sett iskanten, og gjennom ulike naturlandskap opp til høgfjellet. Til no har zoologi vore sentralt, men framover vil også botanikk og geologi få plass på museet. Dette er ei naturleg utvikling, ettersom dyra sjølv sagt høyrer til i ulike landskap.

– Vi kjem til å fokusere på ulike tema, til dømes våtmark og kvifor vi må ta vare på denne, rowiltforvaltning før og no, og mykje anna. Vi håper å overraske folk med dei ulike emna, seier Magnhild Vatne. Det vil og kome ein verkstad der besøkande kan få prøve å lage noko sjølv. Blant anna vil digitale hjelpemiddel som filmsnuttar, bilete og lyd verte nytta, i tillegg til informasjonstekst.

Dei besøkjande har altså mykje spennande i vente!





Rolf Sagen, er fødd 1940 i Høyanger, men vaks opp i Sykkylven. Han har gitt ut meir enn 30 bøker i mange sjangrar. Mest lokal koloritt finn vi i collagen Kvengedal (1970), med sitat frå Sykkylvsbladet og Mørkets gjerningar (1976), med handling frå ungdomsmiljøet i Ålesund. Blant dei viktigaste bøkene hans er den elleville Springfart ved fjorden og den kritikarroste romanen Lyden av vatn. Rolf Sagen grunnla Skrivekunstakademiet i Hordaland i 1985 og verka som lærar og dagleg leiar der til han pensjonerte seg i 2007.

## 30.6

Av Rolf Sagen



Den siste boka hans er MS Liv og kom i vår, ein lyrisk roman basert på ei gammal loggbok. I 1970 kjøpte han motorskøyta MS Liv for å sigle frå Sykkylven til Oslo. Forfattaren var lite sjøvan, kameraten noko meir. Men skuta er skrøpeleg og alt før dei når Stadt er dei i trøbbel. Det blir ein tur der dei lærer mykje nytt både om seg sjølve og kvarandre og

boka blir eit nærgåande møte mellom den aldrande og den unge Rolf Sagen. (Utdraget av romanen blir publisert med velvillig løyve frå forlaget Skald)

### 03.00

Natt.

Vi er trøytte og motlause. Det har hendt mykje. Eg orkar ikkje nemne det no. Vi har vore uheldige –.

### 08.30.

Vi har nett vakna. Eg er svoltten. Morgonen har gjeve oss ein lys idé.

(Rart vi ikkje har tenkt på det før. Vi kan jo bruke stålplasten). Det var toppakninga som rauk. Heldigvis var vi ikkje ut på Vanylvsgapet då det hende. Dette var det andre uhellet. (Før det måtte vi skifte trykkventil). Toppen var så rusta at vi ikkje maktar å få laus mutrane. Ikkje med vårt verktøy. Men vi har stålplast. No skal vi tette lekkasjen.

Vi har ete frukost med godt humør.

Fisken smaka like godt som i går.

Ein del sjø no, men vinden er spak. Det verste er at vi ikkje var tidleg nok oppe til å høyre værmeldingane. Vi prøver utover igjen. Vi er alt på veg no.

### 11.30

Helvete! Vi har full stopp i motoren. Vi må snu, og gå for halv maskin.

På Haugsholmen har dei verktøy. Ut igjen. Men kvifor ville Arthur så nødig inn igjen til Haugsholmen? Å gå over Stadten for halv maskin og med ein motor som kan stogge når som helst, det er galskap. Han veit det. Det friskar på. Vinden dreiar mot sørvest. Vi er usikre på kva dette kan bli til –.

### 20.30

Måløy.

På hamna driv det sildefeitt. Kvit som mjølke. Det legg seg inn til båtsida. Har funne ein plass ved brygga. Vi er våte og trøytte. Eg verker i høgne kneet og i ryggen. Er ikkje van med hardt arbeid. I fleire timar har eg stått og aust vatn i lasterommet med ei bøtte. Båten vår er slått lekk. Sjølv når vi ligg i ro, må vi pumpe med korte mellomrom. Men ute på Stadthavet strakk det ikkje til med handpumpa. Ein måtte stå i rommet og ause med ei bøtte. I strekk heile tida. Når båten la seg hardt over til sida, kom vatnet inn mellom dei øvste borda i skutesida. Der er sprekkene så store at vi kan sjå gjennom. Men i tillegg lek ho i botnen. Det verkar som botnen held på losne. Vi kunne ikkje snu no. Vi har alt gjort for mange vendereiser. Vinden auka. Kom vi berre forbi Buholmen, skulle det bli betre, sa vi. Det er nett her. Det er strau-men akkurat her. Det var høg stampesjø. For ikkje å ta sjansar gjekk vi for halv maskin. Det var då vi

merka det. Ho tok inn meir og meir vatn. Vi ville ikkje snu no når vi var komne så langt. Vinden syntest å spakne litt. Men på det siste stykket vart sjøen grovare.

I rommet hadde vi to fulle oljefat. Om eit av dei sleit seg, kunne båten bli knust. Heile tida gjekk vi med denne otten. Vi fekk sjøen på sida. Det hende at båten la seg meir enn førtifem grader. Sjøen fossa over rekka. Vi kjende ingen trøytteleik. Berre hurtige rørsler. Hurtige tankar som vi freista å halde borte. Hadde eg vore åleine, hadde det gått gale denne gongen. Ein mann kunne ikkje klart det. Arthur sa lite. Han verka heilt spak. Om eg hadde foreslått å snu, ville han sikkert late eg overtale. Men vi leita begge etter gode grunnar for å halde fram. Sa det høgt, ropte det til kvarandre. Det høyrdest ut som ein samtale, men det var to redde menn som tala til seg sjølv.

Vi var heldigare enn vi kunne vente, vinden spakna. Skydekket letna. Sola kom til syne bak eit tynt sky-lag. Ein snurpar dukka opp bak oss. Tryggare det óg. Men sjøen var like grov. Og båten tok inn vatn.

Seinare, komne langt inn i Sildegapet, såg vi

at sjøen mørkna igjen medan Bukketjuvane gliste kvitt der ute.

Stadtlandet er som ein knyttneve ut i havet. Den farlegaste strekinga på heile Norskekysten. Dei mørke bergveggene står steile. Tek imot havet og kastar det tilbake. Ingen kan kome seg opp der.

Det bryt kraftig kring nokre skvalpeskjer. Sjøsprøyten står høgt til vørs. Fargen skifter frå djupgrønt til kvitt. Berre no og då kan vi sjå den mørke hoggtanna –.

Vi var heldige. Havet ville ikkje ha oss. Ikkje denne gongen.

Søndagsmorgon. Alt er vått av nyleg regn. Fjorden skinande i morgonsola. Her er så stilt, og vi er heilt innfanga i det store bildet. Vi dreg inn den kjølige lufta, som ein drikk vi aldri blir utyrste av. Vi er utvakte og i bakrus. Hadde berre lagt oss ned for ei stund. Men Arthur hadde sovna. Då eg fekk han i, var han så frostig, forbanna og aggressiv: Kvifor faen kunne eg i helvete ikkje ha stengt av gassen. Eg har aldri sett han slik før (Korleis skal eg ta dette? Eg kutta minnet og lét som eg sov.)



Thor Willy Strømme, fødd 1979, er møbelaarbeidar, historisk interessert og medlem av Sykkylven sogenemnd og redaksjonen for Årbok for Sykkylven.

## Tynesbilen

Av Thor Willy Strømme

**Dei køyrde standsmessig på femtitalet, arbeidarane på Tynes-fabrikken. Statsråd Mowinckels gamle stasbil skyssa turistar i Geiranger før han vart sett inn for å frakte fabrikkarbeidarar i Sykkylven.**

Eg vil i denne artikkelen skrive litt om ein kjend bil i Sykkylven som kanskje er i ferd med å gå i gløyme-boka. Det skal ha vore ein mørkegrøn Studebaker 1929 modell, som statsråd og statsminister Johan Ludwig Mowinckel ein gong hadde eigd. Fabrikkeigar Bernhard Tynes (1909–1989) kjøpte denne bilen, mest sannsynleg av Geiranger Skysslag rundt 1950. Denne bilen sette han inn som arbeidsrute slik at arbeidarane på fabrikk skulle kome seg til og frå arbeidet. Denne skyssen vart det slutt med då bussen tok over som arbeidsrute.

Bjarne Muldal, fødd 1921, fortel at det var han som henta denne bilen på Hellesylt. Då han skulle ta med seg bilen attende til Sykkylven, tok den gamle eigaren av skilta, fordi han skulle bruke skilta på ein ny bil han hadde kjøpt. Då dette skjedde, ville ikkje Bjarne Muldal køyre bilen til Sykkylven sidan det også var vinter og hålfeføre. Det enda med att seljaren måtte køyre bilen til Sykkylven og ta rutebilen tilbake.



Ein grøn Studebaker 1929 – slik Tynesbilen såg ut i si velmakt.

Bilen var i dårlegare stand enn seljaren hadde gitt inntrykk av, så det vart nokre tvistar rundt dette kjøpet. Bjarne Muldal var ein av dei som køyrde denne arbeidsruta ein periode, men gjekk etterkvart lei. Det var mykje ekstraarbeid med å moke fram bilen om vinteren, sidan han ikkje hadde garasje til bilen. Ikkje fekk han betalt for arbeidet heller, anna enn gratis skyss til og frå jobb.


### Statsråden

Johan Ludwig Mowinckel (fødd 1870 i Bergen, død 1943 i New York) var en norsk skipsreiar og politkar. Han var statsminister i periodane 1924–1926, 1928–1931, og 1933–1935. Mowinckel var også Venstres parlamentariske leiar i ei årrekke, handelsminister 1922–1923 og stortingspresident 1916–1918. Han representerte ein liberal venstretradisjon i åndskulturelle spørsmål og var liberal i økonomisk politikk.

Det var han som var første eigar av Tynesbilen, som enda sine dagar som arbeidsrute til Tynes Møbelfabrikk frå byrjinga på 50-talet til ca. 1960. Det var som oftast oldefar min, Alfred Olaus Strømme (1909–1994) som køyrde arbeidsruta i dei om lag ti åra bilen var i drift. Ein gong bestefaren min, Petter Andreas Strømme, skulle starte bilen med sveiva, mista han taket og sveiva kom i retur slik att han fikk slått ut ei tann. Dette skjedde berre kort tid etter at bilen kom i drift.

### Siste reis

Då bussen tok over arbeidsruta, vart bilen ståande i Klokkergarden på Grebstad og forfalle. Bernhard Tynes hadde sagt frå om at han ikkje ville ha bilen attende. Ein gong i siste halvdel av 60-talet blei bilen taua fram i grushola til Bjarne Aurdal på Kjemphol og dumpa der. I følgje Petter Andreas Strømme var bilen i ok teknisk stand. Hadde det blitt sett inn eit nytt batteri, hadde bilen gått. Den dagen bilen blei taua fram til sin siste kvilestad,



Studebakeren i Klokkergarden tidleg på 60-talet, Dei to gutane som er på ein «biltur» er Per Atle Strømme (framme) og Harald Jarle Grebstad. Foto: Privat.

ville ikkje bestefar hjelpe til. Han såg det som galskap å kvitte seg med denne spesielle bilen.

Det har i ettertid blitt leita etter bilen. Ein har funne noko av torpedoveggen til Studebakeren, men det var lite og inkje å samle på. Bakakselen på Studebakeren skal ha blitt skrudd av før dumpinga av Bård Hole på Stranda, og den skal i dag vere montert på ein Studebaker som no tilhøyrrer Union Hotell i Geiranger. Bakakslingen og ei artig historie rundt bilen er nok alt som er igjen i dag.

På bildet ser vi bilen stå attmed revahuset i Klokkergarden i byrjinga av 60-talet og det er Per Atle Strømme, fødd 1958 (framme) og Harald Jarle Grebstad (1957–2010) som sit i bilen.

### Leikeplass

Det var mange unge som fekk øvingskøyre med akkurat denne bilen, også bestefar, så det var mange som vart skuffa når bilen plutselig ein dag var borte. Borgar Tynes, fødd 1944, brukte også å leike i bilen medan den stod på fabrikk og arbeidarane var på jobb.

Bilen vart også brukt til andre bilturar. Det hende seg at det blei ein liten tur på søndagar, og det var stor stas når ungdommane fekk sitje på og bli med på biltur, når ferda gjekk til for eksempel Ramstaddalen. Bjarne Muldal brukte og av og til denne bilen til å køyre ungdommar på dans rundt omkring i bygda for litt pengar. Bernhard Tynes meinte han skulle ta meir betalt for desse turane, sidan bilen var dyr i drift.



Alfred Olaus Strømme (1909–1994) var ein av sjåførane som frakta Tynes-arbeidarane på jobb i Mowinckels gamle Studebaker. Foto: Privat.



Hans Strømmegjerde, fødd 1929, fortalde i fjor om sine opplevingar som soldat i Tysklandsbrigaden. Seinare vart han kalla inn til langvarige repetisjonsøvingar. Her fortel han om øvinga Blåtind, som varte i to månader.

## Øvinga Blåtind 1954

Av Hans Strømmegjerde

I 1954 vart 2. bataljon kalla inn til to månaders repetisjonsøving. Grunnen til at repetisjonsøvinga skulle vare så lenge var at vi var i ferd med å gå over frå engelske våpen og oppsetning til amerikanske våpen og Nato-oppsett. Det innebar nye tyngre våpen som rekylfrie kanonar, bazooka og mitraljøser. Vi skulle bere med oss alt dette under forflytting. Vi kjende oss mest som kløvhestar.

Vi møtte på Setnesmoen i byrjinga av august, og fekk levert svenske uniformer og tyske hjelmar, kokekar og gassmasker. Dei svenske uniformene

fekk vi ikkje bruke synleg i Nord-Norge. Omstillinga var hard. Det var mykje nytt å setje seg inn i. Å setje seg inn i Tysklandsbrigaden sine oppdrag var på mange måtar enklare.

### Kondisjon

Og så var det dette med kondisjon. Ein dag hadde vi ein lang utmarsj. Vi starta på Setnesmoen, gjekk opp gjennom dalen og opp Trollstigen og ned på Slettvikane i Valldal. Det var mange som var ganske sårførte den kvelden og saniteten



Setnesmoen 1954. Foto: Hans Strømmegjerde.

hadde si fulle hyre med å kurere vassblemmer. Dagen etter fekk vi bilskyss heim til leiren og det var vi takksame for.

Vi låg på Setnesmoen ein måned. Og vi måtte finne på eit kvart for å halde humøret oppe. Det vart spikra opp ein danseplattung på sletta og arrangert dans. Det kom tre busslastar med sydamer frå Storm konfeksjon i Isfjorden. Då vart det liv i leiren.

I månadsskiftet august–september vart vi sende nordover. Turen gjekk med den gamle englandsbåten «Jupiter». I tillegg til dei vanlege lugarane, vart lasterommet innreidd med 2 x 2 meter soveplassar. Berre ein enkel leder gjekk ned. Etter to netter og ein dag var vi framme i Sørreisa. Leiren stod klar for oss. Den første dagen var det litt dårleg vær med snø ned i bøgarden, men så letna det opp og det vart fine dagar resten av månaden. «Øvelse Blåtind» tok til 15. september og varte til 25. september.

### Sommarfjøs

Då øvinga tok til, fekk vi i tredje lag, tredje tropp løyve til å innta ein sommarfjøs på Hemingjord. Vi fekk kvar vår bås. Ingen fiendtlege lopper vart observerte. Vi fekk også utlevert ei 12,7 mm mitraljøse, men den var det ingen som kunne bruke, så ho vart fjerna etter nokre dagar.

Ein kveld medan vi slappa av i sommarfjøsen, vart det kommandert utrykking. Ein invasjon var på gang. Vi marsjerte ned til sjøen og gjekk i stilling. Fleire tusen mann stod klare for å ta imot invasjonen. Ein fenrik gjekk att og fram og refererte det han hadde sett: Tre store fartøy og fem små nærma seg sakte mot land. Tida gjekk og invasjonsflåten kom ikkje nærare. I vår tropp var det ein fiskar som sa at dette var sildebåtar som lyste for å få silda opp. Fenriken og sildefiskaren fekk lånt ein båt og rodde bort til invasjonsflåten.



2. bataljon lastar om bord i den gamle englandsbåten «Jupiter» på Åndalsnes i 1954. Foto: Hans Strømmegjerde.

Dei kom att med ei hank med sild. Fenriken var merkeleg still resten av øvinga.

### På høgare hald

Vi marsjerte tilbake til sommarfjøsen og slappa av. Etter eit par dagar braut vi opp for å gå til åtak på Varanger bataljon. Kven som vann, veit eg ikkje. Det vart avgjort på høgare hald.

Så gjekk turen heim til Setnesmoen med gamle «Jupiter». Då fekk dei som låg i lasterommet på veg opp ligge på lugarar. Det var berre det at det var tre mann på lugaren og berre to senger, så ein måtte ligge på golvet. Fire år etter var det ei ny repetisjonsøving. Då vart begge bataljonane til IR 11 og ein del andre avdelingar innkalla. Vi vart plasserte på Dombås med avslutting i Folldalen. Det var sterk kulde – rundt 40 grader. Det vart lite kriging. Vi hadde nok med å overleve.



Kjetil Tandstad, fødd 1950, er avdelingsleiar ved møbelmuseet i Sykkylven og er tidlegare journalist i Sunnmørsposten. Han har tidlegare presentert utdrag av det presten Hans Strøm skreiv om Sykkylven i *Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over fogderiet Søndmør* frå 1766. (Årbok for Sykkylven 2002). Denne gongen er det amtmann Gulbrand Thesens omtale av Sykkylven frå 1861 som står for tur.

## «Mandfolkene ere hengivne til Reiselivet og Dagdriverie»

Av Kjetil Tandstad

**Statistikk er viktig i eit moderne samfunn. Kongen, amtmannen og forretningslivet hadde stort behov for grunnleggjande opplysningar om landet og distriktet dei skulle administrere. Dei topografiske undersøkingane som vart gjennomført, gjorde greie for naturrikdommar, geografi og produksjon.**

Presten Hans Strøms «Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over fogderiet Søndmør» frå 1766 var den første skikkelege skildringa av landskap, næringsliv og folkeliv på Sunnmøre. I åra framover kom det rapportar til amtmannen som vart samla og utgitt. Dei topografisk-økonomiske rapportane vart stadig meir pålitelege og objektive.

Embetsmannen Jens Edvard Kraft (1784–1853) er rekna som landets fremste statistikar i perioden etter 1814. Hans storverk var Topographisk-Statistisk Beskrivelse over Kongerike Norge som kom ut i perioden 1820–35. Dette verket danna mønster for mange andre rapportørar utover på 1800-talet. Jens Edvard Kraft skriv pent om Ørskog og meiner at landskapet rundt hovudkyrkja er blant dei yndigaste strekkingar i Fogderiet. Men Sykkylven var gjevare: «Dog staar Hovedsognet, saavel i Henseende til Folks Fæmengde som Fruktbarhed, tilbage for Annekssognet, der i forening med Strands Prestegjeld maa ansees som den fruktbaraste Deel av Fogderiet.» (1832).

### Folkeauke

Tema for denne artikkelen er resultatene som amtmann Gulbrand Thesen kom fram til då han målte og talde folk og land nokre tiår seinare. I 1855 var folketalet i hovudsoknet Ørskog 1839 medan det i Sykkylven anneks budde 1593. Det samla folketalet var altså 2971. I 1825 hadde det samla folketalet vore 2332. Det hadde altså vore



Amtmann Gulbrand Thesen meinte mannfolka i Sykkylven var for mykje på farten og at dei dreiv dank. Han gjer eit unntak for Velledalen og Hundeidvik. Men sykkylvkvinnene fekk betre karakter.

ein folkeauke på 640 personar eller formidable 27,5 prosent i løpet av 30 år, går det fram av Gulbrand Thesens beskrivelse av Romsdals Amt.

I 1840 hadde hovudsoknet Ørskog 118 gardar med totalt 359 oppsitjarar. 61 gardar låg i hovudsoknet Ørskog medan det var 57 gardar i anneksed Sykkylven. Talet på oppsitjarar var 160 i Ørskog og 199 i Sykkylven.

Thesen gir uttrykk for at han finn det underleg at Sykkylven, som er vel så produktiv som hovudsoknet, skal vere anneks under Ørskog. Heile prestegjeldet er eitt formannskapsdistrikt, det er også eit felles skule- og fattigkommisjonsdistrikt. Prestegjeldet er samansett av to ulike delar utan felles interesser, skriv han i sin Beskrivelse af Romsdals amt som kom ut i Kristiania i 1861. Slik målber han ei meining som skulle føre fram til deling av formannskapsdistriktet slik at Sykkylven vart eigen kommune frå 1883.

### Farleg fjord

Ein grunn til at det var vanskeleg å halde prestegjeldet samla, var kommunikasjonane. Rett nok var det samband over Storfjorden, men på grunn av «det fremragende Gausnes, og de høie Fjelde østenfor og Strømmens Krydsning i Fjordens Bøining» er (fjorden) temmelig vanskelig at befare, om den ei maaskje ikke hører til de farefulleste Fjordstrekninger i Amtet», skriv han. Sykkylven hadde totalt 81.392 alner med veg. Det var veg gjennom Ramstaddalen, frå Søvik til Aure, frå Aure til Drotninghaug, frå Aure til Aursneset og frå Ikorntnes over Hundeidet til Myrset.

På Hans Strøms tid – altså hundre år tidlegare – var det moderne å kalla Sykkylven for Lille Danmark på grunn av den fruktbare jorda, skriv Thesen. Dette komplementet meiner han bygda har fått først og fremst fordi her budde nokre danskar som dreiv godt jordbruk. Og jorda er så visst ikkje dårlegare enn i andre distrikt. Men like sikkert er det at det i vår tid ikkje kan merkast beiring i driftsmåten, refser han. Det einaste måtte vere at ein i den siste tida har teke i bruk hjulsledar for å frakte avlinga til erstatning for sledar utan hjul, skriv han.

### Godt med korn

Han medgir likevel at kornavlingane i Sykkylven er gode. I tillegg er gardbrukarane sine eigne oppgaver mindre upålitelege enn i dei austlege landskapa. Dei oppgjevne dyrkingsmengdene nærmar seg lensmannen sine oppgaver. I følgje desse vart det sådd 99 tønner bygg, 541 tønner blandkorn, 883 tønner havre og 367 tønner poteter. Det skulle gi ei sannsynleg avling på 696 tønner bygg, 4.246 tønner blandkorn, 4.856 tønner havre og 3.303 tønner poteter.

Amtmannen påpeikar at her ikkje blir dyrka korkje rug eller kveite. Likevel skulle det ikkje vere tvil om at avlingane ikkje berre skulle vere store nok for innbyggjarane, men at det også skulle vere ein del til overs som kan seljast. Men det heiter likevel at det ikkje er noka overflod og at ein snarare må innføre varer.

Saka er vel den, at ved sida av mindre godt hushald er det også så lett å skaffe seg det ein treng slik at folk flest ikkje legg vinn på innskrenkingar og omtanke og at folk heller vil delta i meir eventyrlege fiskeri og vidløftige handelsreiser som krev større utrusting og proviantering enn det ein får i utbytte. Ved nærare undersøking vil ein kanskje også finne at det blir selt atskillige

kornvarer på slike reiser, skriv Thesen. Han klagar over at sykkylvingane så godt som ikkje driv hagedyrking. Landhandlaren og eit par gardar er unntaket. Det er også dårleg med dyrking av rotfrukter. Det blir berre dyrka litt kålrabi og nepe, men berre i liten målestokk. Lin, humle og hamp blir ikkje dyrka i det heile.

### «Ilde ansett»

Oversikta frå Gulbrand Thesen fortel at det var totalt 281 hestar, 2.206 storfe, 3.278 sauer og 100 griser i Sykkylven og Ramstaddal midt på 1800-talet. Her er meir storfe enn i meir austlege landskap. Det er fordi klimaet er mildare og lengre beitesesong. Det låge talet på griser i landbruket viser at ein ikkje har noko begrep om kor viktig det er med svineavl i landbruket. I den siste tid har sykkylvingane likevel redusert noko på svelteforinga av storfe og ein har også forbetra avdråtten. «... men hidtil har Søkelvens Smør været ilde anset og Ostetilvirkningen er yderst maadelig – ligesaa Fjøse og Stalde», skriv han.

Gulbrand Thesen refsar sykkylvingane for små og utilstrekkelege leveransar av furutømmer. Lauvskogen er derimot frodig og kan seljast som ved eller materialar til husflid. Bergverksdrift finst ikkje, men det er påvist kopparmalm i Ramstaddal og mineralkjelder på Stave. Det er også teglverk på Aure og to små potetkokeri i bygda. I vinterfisket tek heile Sykkylven del med eigne båtar. Sommarsilda går både inn Storfjorden og inn i Sykkylvsfjorden og det er kveite å få i Storfjorden. Kor mykje dette fiskeriet gir for Sykkylven, veit Thesen ikkje, men gir eit anslag på i underkant av tre våger klippfisk og i tillegg tran og rogn og laks til ein verdi av 500–600 spesiedaler.

### «Dagdriverie»

Sjølv om det har vore oppmuntra til husflidproduksjon, er det lite respons hos mannkjønnnet, klagar Thesen. Strøm nemnde ikkje husflid i sitt verk og det er eit dårleg teikn, skriv han. «Den almindelige Mening med Hensyn til Sykelvens Sogn er ogsaa, at Mandfolkene er hengivne til Reiselivet og Dagdriverie. Dog gjøres Undtagelse i denne strenge dom for Velledalen og Hund-Eidet. Men der nevnes ingen Producter af Mandkjønnets Husflid, som sælges udenfor Bygden, uden nogen Kjørreler og Gaardsredskaber». Kvinnene får derimot betre karakter. Det er dei som står for dei forbetringane som har kome når det gjeld avdråtten og stell av krøtera, rapporterer Thesen.



Kjell Løseth, fødd 1941, er tidlegare lærar og skulesjef i Sykkylven. Han er no pensjonist og syslar blant anna med organisasjonsarbeid, revy og lokalhistorie.

## Bomber mot Brand IV

Av Kjell Løseth

**Den 29. april 1940 – nokre veker etter krigsutbrotet i Norge – hende det noko dramatisk og tragisk med menneske om bord på Brand IV. Båten gjekk mellom Ålesund og Åndalsnes som hospitalskip og skipper var Bernt Fauske. Båten vart bomba av tyske fly. Det var nærast eit under at ikkje meir enn fem menneske miste livet.**



Bernt Fauske (1896 – 1980) var reiar og skipper, reiselivspioner og organisasjonsmann, ein populær talar og ein triveleg reiseleiar.

Eg vart godt kjend med Bernt Fauske, som budde på Fauske i Sykkylven. Det var interessant å snakke med denne mannen som hadde opplevd så mykje, og ikkje minst å sjå museet han hadde bygd i huset sitt. Det var fullt av gjenstandar frå sjølivet hans. Han bad meg ta vare på ein perm med avisutklipp frå «Brandtida». Her fann eg artikkelen han hadde skrive, m.a i Sykkylvsbladet om bombinga av Brand IV.

Dagleg høyrer vi om bombing av menneske og bygningar i Syria, Irak og andre stader. Midt-Austen og mange stader i Afrika er prega av djupe intense og regionale spenningar, valdelege konflikhtar og rivalisering mellom statlege og ikkje-statlege aktørar og mellom religionar. Mange land opplever i dag mangt av det Bernt Fauske skildra om dramatikken om bord i Brand IV då krigen rasa i Noreg.

Bernt Fauske skriv: «Vi flytta til Oppdøl og låg der i fred og ro heile sundagen. Alle hadde vi god tid no, tok turar og prata med den vi ville. Dr. Blix, den stillfarande, merkelege mannen, som

etter planen skulle bli sjef om bord, fekk eg ein gild prat med no. Eg skal aldri gløyma han.

Kl. 19 la vi frå land og gjekk innover fjorden. Finevêr i høgste potens. Folk stod i flokkar på land her og der. Dei såg etter oss og vinka så smått. Vi kjende kor der var usynlege band mellom oss! «Gud signe deg Norge, mitt deilige land».

Ein båt lasta med matvarer låg ved brygga. Han var her i går og, men fekk ikkje lossa, gøymde seg så bort ute i fjorden i dag, og kom så inn att no i kveldinga. Det brende på Åndalsnes i kveld og. Der strauk nok den siste resten av den vakre staden. Det brann i fjellssidene og. Det såg ut som tende faklar på eit kjempetre, der dei lyste gjennom nattedimma.

Det vart born og sjuke om bord i dag som sist. Då var det hundre, no er det knapt firti. Klar å gå med ein gong, i morgon kveld får de henta hundre nye her. Som båten seig fram, kom det ein ordre: Oppom Nordvika på utoverveg. Natta var på det mørkaste no. Vi famla oss fram i mørkret til bryggja i Nordvik. Vi skulle ta med nokre matrosar som vart såra i dag.

### Sløkk alle lys!

Eit fælsleg drønn fekk oss til å kveppa. Var det bombing på nytt der ute på neset? Sløkk alle lys! lyder ordren no, og mørkt vart det overalt. Nedover bakkane kom så den eine båra etter den andre. Kamerat vart boren av kameratar og hamna i ei eller anna, etter tilhøva bra køy om bord i Brand IV. Dei leid vondt mange, men bar det tolsamt. Sjukesyster og doktorar gjekk der som gode englar mellom køyene og stelte for dei sjuke på aller beste måten.

Brand IV kom til Ålesund ved 8-tida om morgonen og var reiseklar ved 10-tida. Då vende baugen alt nordover og det vart telegrafert: Full fart. Vêret var strålande. Ikkje eit fly var å sjå no. Vi hadde fått om bord noko takstein i Ålesund, og no var eit par karar i gang med å kle styrehus-

taket. Steinen kunne verja mot maskingeværkuler. Eg tok ein runde og helsa på mannskap og sjukepersonal. Alle var i sær godlag. Alt gjekk liksom så stilt og knirkefritt. Alle hadde ei kjensle av at mange var hjelpne der hjelp trongst. Oversystra stelte med noko sengetøy oppe i dekksalongen – alt skulle gjerast klart til kvelden.

Då vart det med eitt slutt på idyllen: Eit fælsleg brak høyrdest like ved. Det rykte uhyggeleg i båten, og der borte tvers av b.b. baug ca. 50 m undan, fræste det opp ei uhyggeleg blanding av sjøsprøyt og krutrøyk. Var det alvor? Utenkeleg. Men der var ikkje andre båtar å sjå, og eit fly sigla stolt vidare der oppe ... Det måtte då vel vera eit mistak korso, tenkte eg. Raude-Krossen syner då langan leid, og då er det ikkje skil på ven eller uven.

### Livbelte på

Då braka det laust på nytt, og denne gongen nærare. Tvers midtskips om b.b. ca. 25 m ifrå, såg det ut som vulkanutbrot. Livbelta? Høyrde eg nokon spurde om då eg kom ned trappa til matsalen. Ja, det var nett det rette ordet. Ta livbelta på, alle! Det vart gjort i ei fart. Berre motoren dura og båten skar seg fram gjennom den lette bylgjekrusinga. Kjem der fleire bomber?... Merkelege kjensler: Ikkje hjartebank, ikkje kneskjelv, men tryggleik og fred..så kom det att no og: Guds fred som overgjeng all forstand skal vara hjarta og tankar i Kristus Jesus.

Å, dette er fælt, sa sidemannen. Eg vart merk-sam på ei flis som var lausbrotta av rorledningskassa. Eg bøygde meg for å sjå nærare etter. Då var det at det hende: Eit fælsleg brak, og det kjendest som båten hoppa bortover ein steinmur medan det lukta brent og svidd overalt. Glasbitane frå rutene kom piskande innover oss, dørfyllinga om b.b likeeins, og kompasset i taket kom dansande ned. Hardt ror styrbord, vart det sagt, og rorgjengen og båt lystra som vanleg. Eit gløtt på kartet. Jau, leida var klar beint oppi vika. Stødig så! Stødig så, ja! Det bar breint mot land. Tru om dei der oppe er tilfredse no, eller kjem det fleire salvar?

### Blodet rann

Vi nærma oss land, slo sakte fart, stopp, og så full fart akterover, sidan stopp og sakte framover. No låg Brand IV fint og lagleg med baugen frammi ein berghammar. Landgang vart opplagt i ei fart, og folk sprang opp. Men du for eit syn: Blodet

rann av dei fleste – av andlet, panne, nakke og armar. Av dei 25–30 som var med, var vi berre 4 som ikkje blødde. Eg traff sjefen – prof. Kreyberg – oppe på berget. Han blødde og. Eit fælsleg hende! Ja, der er visstnok to døde om bord, sa han.

Fly! Ja, der høyrdest eit. Fly, fly! vart det ropt, og så sprang vi for livet alle – kvar til sin kant for å gøyme oss. Eg såg så eit hammarnyfe nær nedmed jorda. Der kraup eg innunder og var i skjul. Flya dura der oppe, iblant nokså lågt over oss. Iblant høyrdest knitring frå maskingevær og noko susa gjennom lufta. Det såg ut som flya tok rundar – sørom fjellet og hit att. Dei hadde visst noko føre på to kantar.

Det vart ei togn og eg stakk hovudet fram. Då såg eg det rauk svart sørom fjellet. Det var nok oljetanken på Bjørnøy som hadde fått det. Flya kom att gong på gong i på lag ein time. Då stilna det av. Eg stakk hovudet fram på nytt. Var det over no tru? Kvar var dei andre? Ikkje liv å sjå. Eg fekk våga meg ned til båten. Kan hende var det nokon som trong hjelp. Kom det fly, fann eg vel eit skjul nærare. Eg krabba over haugen og inn på bakken. Der låg ei kvinne på sjukebåre midt på luka. Ho var visst i uvit.

### Døde og skadde

Eg gjekk vidare med ein gong. Kom så ned trappa. Å, for eit syn! Veggen var innbroten, alle vindaugo knust, og inventar sundbrote og i knas. Og der – å tenk, skulle du ikkje lenger du Kalle? Her har du altså sige saman med eit vitnemål om Gud på lippene. Eg smatt fram mellom brota bak gjennom matsalen. Der låg ei sjukesyster – også ferdig med dette liv. Der ute på akterdekket låg Dr. Blix. Augo var brostne no, og handa kald. Og der låg to bortmed rekka. Andleta såg eg ikkje, men eg tykte draga kjensel på folka. Eg gjekk nærare, og la til rette ein for ein. Så skulle du ikkje koma lenger du Ellen heller! Og du Sverre! Gud signe minnet ditt, Sverre.


Her var visst ikkje fleire, korkje levande eller døde, og eg gjekk opp att på fordekket til henne som låg der. Ho hadde rådd ved seg no. Er det vondt? Ja, her, sa ho og tok seg for bringa. Her har nok fare noko gjennom brystkassa. Ho fraus, og eg fann klær. Dei måtte springa frå meg, for det kom fly, sa ho. Spring du og om det kjem fly.

Folk frå land kom til no. Dei tok med seg henne som hadde vondt for brystet. Ho og ein som hadde vondt i kneet vart sendt med motorbåt til

sjukehuset i Ålesund. Eit par karar kom bilande. Dei kom for å hjelpe. No hjelpte dei eit par av oss til å fortøya båten mellom to nesoddar. Så kunne vi trygt gå på land.

### Førstehjelp

Oppe hjå lærar Bjørnøy var fullt hus. Det store kjøkenet var omskipa til sjukerøktrom. Professor Kreyberg og systrene dreiv førstehjelparbeid i stor stil. Dei sydde og plastra og forbatt – først andre, så seg sjølve.



Den bombeherja «Brand IV» – med Raudekross-merket godt synleg – i opplag i Øggardsvika på Tandstad etter det tyske åttaket i april 1940. Seinare vart båten henta av tyskarane og sett i stand. Den vart først brukt som vaktbåt langs Mørekysten. Dei to siste krigsåra som losjibåt i Molde. I 1945 vart båten pussa opp og henta heim til Sykkylven.

I skyminga sa vi farvel til vertsfolka våre på Bjørnøya og reiste om bord att. Vaktskipet frå Ålesund kom no for å hjelpa om det trongs. Kommandanten kom om bord. Her var det ikkje så fint no som sist, sa han. Men båten flaut og maskina verka som vanleg. Og snart var vi i Ålesund. Dei såra vart sendt til sjukehuset for ettersyn. Mange frå land kom framom, stogga, såg, og gjekk stilt vidare. Sume kom om bord, gav eit varmt handtrykk, sa nokre ord som varma. Forbitra tonar, hat og hemn høyrdest ikkje. Nei, Meistern sa: Elska fiendane dine, velsigna dei som bannar dykk, bed for dei som vil gjera dykk skade og forfylgjer dykk. No kjende eg at det var ikkje berre ord, men realitetar.

Før vi visste det, melde radioen at Brand IV var bomba. Folk som ikkje ana, kvakk. Heime i Sykkylven var det kome eit telegram: «Vi kjem venteleg heim i kveld. Bernt og Brandmannskapet». Så er dei gudskjelov i live, sa dei som vara oss til. Dei venta spent på ankomsten.

Ut på natta vakna folk av ein kjend motordur. Dei ville ikkje tru sine egne augo, men det var Brand IV.»

### Retting til brannbilde Johansgarden

Gustav Tandstad har ei retting å kome med til bildeteksten på bildet av brannen i Johansgarden i 1952. (Jostein Drabløs: Brannvern i Sykkylven, Årbok for Sykkylven 2013.)

Øyvind og Odd Tandstad kunne ikkje vere med på slokkinga. Øyvind var berre ni og Odd berre åtte år, seier han. Men Gustav Tandstad var sjølv med og hjelpte til under brannen. Han vart jaga ut av huset av Elias Tandstad og Johan Johansen.

– Eg hugsar Johan – Buvik-Johan som vi kalla han – rykte ut overskapa på kjøkenet og bar dei ut – med alt innhaldet i, seier han.



Jarle Tusvik, fødd 1944, er nyslått pensjonist etter eit langt liv i administrasjonen i Ekornes. Han har stor interesse for slektsforskning og sogearbeid og er kjend for sine muntre historier i festleg lag. Han er medlem av årbok-redaksjonen.

## Møbelgründerar i Sykkylven (Del 2)

Av Jarle Tusvik


### Rajo Møbler AS

Det var Jon Bjørgvik (f. 1932, d. 1997) og Ragnar Sandnes (f. 1939) som etablerte bedrifta i 1971, og namnet er sett saman av dei to første bokstavane i førenamna til skiparane.

Fram til 1971 arbeidde både Bjørgvik og Sandnes hos Jarnes & Krokå Møbel- og Trevarefabrikk. Første åra leigde dei lokala etter Ako Møbler AS i Tusvik. Dei hadde då kvar for seg laga barnestolar i kjellarane sine i nokre år. Sandnes selde stolane til Austlandet og Sørlandet, medan Bjørgvik selde mest nord for Dovre. Dei kom i gang i leigde lokale i Tusvika.

Dei tilsette ikkje faste medarbeidarar den første tida, men fekk god hjelp av konene sine i fabrikkdrifta. Treverket tok dei i hovudsak frå Riksheim Trevarefabrikk. Det var salongmøblar som vart hovudprodukta til Rajo, men dei heldt ei tid fram med å lage møblar for born. I denne delen av produksjonen fekk dei nytte materialane som vart til overs i produksjonen elles.

I 1975 bygde dei ny fabrikk i Våtmyr. Verksemda hadde i 1975 åtte tilsette, i 1980 var



Ragnar Sandnes.



Ragnar Sandnes (til høgre) og Jon Bjørgvik flankerer møbelagent Sveinung Walseth på møbelmessa på Sjølyst i Oslo i 1993. Foto: Sykkylvsbladet.

arbeidsstokken auka til 14. Fleire av desse var deltidsarbeidande. Ein periode midt i syttiåra hadde Rajo Møbler vanskar med å få tak i nok folk som kunne arbeide på fulltid. I staden nytta dei ein del av den reservearbeidsstyrken som kvinnene representerte. Det vart gjennomført fleksibel arbeidstid for desse, slik at dei kunne kome og gå når dei ville.

Etter at Bjørgvik og Sandnes pensjonerte seg kom sonen til Ragnar Sandnes, Gunnar Sandnes, og Bjørn Våtmyr inn på leiar- og eigarsida. I 2012 kjøpte Rajo Møbler opp Sandvik Møbler i Ørsta. Då hadde dei allereie ei tid hatt eit samarbeid med Sitwell i Stordal. Desse bedriftene vart fusjonerte i nyskipinga Furnia. Dei fekk lokale i det tidlegare fabrikkbygget til Hjellegjerde Møbler



Jon Bjørgvik.

i Sykkylven. Rajo AS gjekk for kort tid sidan inn som ein del av den nye møbelbedrifta Furnia. Furnia gjekk over ende i 2014.

## JARNES:

### Ottar Hustad Småindustri

Ottar Hustad (f. 1910, d.1998), starta med småindustri på Daveneset i 1943, med produksjon av barnestolar og leikety.



Gjerde Møbler og Ottar Hustad Småindustri (næ rast).

Gjennom krigsåra heldt han jamn produksjon fram til 1949 då han gjekk over til å lage kjøkeninnreiingar og bygde då også ny verkstad. Han var for det meste åleine dei ti åra verkstaden var i gang. Då dei ferdige kjøkeninnreiingane kom på marknaden, måtte han legge ned drifta.

### Gjerde Møbler A/S

Joseph Marvin Karlsen Gjerde (f. 1910 i USA, d. 1999). Saman med mor si kom han frå Amerika til Jarnes 4½ år gammal. Faren kom heim to år etter. Josef Gjerde reiste i ung alder til Amerika att og var der til 1934. Starta med arbeid på fabrikk, men i 1938 tok han til med eiga verksemd i kjellaren.



Gjerde-fabrikken på Ikornnes var ein stor arbeidsplass.

Han danna aksjeselskap med aksjekapital på 6 750 kroner, fordelt likt på fire medeigarar, Karl Gjerde (far), Ragnvald Gjerde (bror) og naboen Petter Båtsvik. Første produkta var klosettsete i tre, og månadsproduksjonen kom etter kvart opp i 500 sete. Første tida heldt dei til i bustadjellaren til Karl Gjerde på Jarnes. Alt året etter bygde dei eige fabrikkbygg nær tunet. To år seinare vart det bygt eit større bygg nede ved sjøen på to etasjar.

Etter at produksjonen av klosettsete vart avvikla då det vart vanskar med å skaffe trevirke, gjekk dei over til å lage trerammer til dei lokale møbelfabrikkane. Under krigen laga bedrifta også salongbord i finert materiale. Bemanninga var på knappe ti personar fram til dei første krigsåra. Frå då steig arbeidsstokken gradvis til tjuve i 1955. I 1953 vart bedriftsnamnet endra til Gjerde Møblar AS.

I 1957 vart det ført opp eit større fabrikkbygg på tre etasjar i betong.

Produksjonen var først stolar, men så gjekk han over til fabrikkasjon av glasfiberartiklar saman med broren Konrad Gjerde. Av produkta kan nemnast kasteslukstenger og skistavar. Glasfiberproduksjonen medførte tap og bedrifta drog med seg etterverknaden av tapet i mange år framover. Gjerde Fabrikker AS heldt fram med produksjon av stilfulle salonger til bedrifta vart avvikla i 1976 og J.E. Ekornes Fabrikker AS kjøpte anlegget.

### Jarnes & Krokå A/S

Jon Karlsen Jarnes (f. 1915) arbeidde i verkstaden til faren og lærde snikkaryrket. Fekk sidan arbeid ved fabrikk til J.E. Ekornes og vart arbeidsformann der. I 1947 slutta han for å ta seg meir av garden, og tok på same tid til med verkstad med stopping av møblar. Han bygde fabrikk nede ved sjøen same året og fekk svogeren Per G. Krokå (1916–2004) med som kompanjong. Firmaet fekk namnet Jarnes & Krokå Møbel- og Trevarefabrikk.

Utgangspunktet til verksemda var trappeverkstaden som Karl J. Jarnes dreiv. Etter at Jon K. Jarnes fekk med seg svogeren Per Krokå, kom dei i gang med trappe- og møbelproduksjon i huset til Karl J. Jarnes frå januar 1947. Dei delte oppgåvene slik at Per Krokå fekk ansvaret for trappeavdelinga, medan Jon Jarnes tok seg av møbelproduksjonen. Det gjekk ikkje lang tid frå den formelle skipinga, tidleg i 1947, før verkstadlokala i bustadhuset til Karl Jarnes vart for tronge. For å bøte på plassmangelen, leigde dei to kompanjongane ei tid snikkarmaskiner ved J.E. Ekornes Fabrikker. Delane vart frakta med hest frå Ekornes-fabrikk til kjellaren på Jarnes.

Karane bak Jarnes & Krokå såg seg ut ei tomt nede ved sjøen der dei ville reise fabrikk. Hausten 1947 henta dei eit fabrikkbygg på Stranda. Bygget vart demontert og reist opp att på Jarnes, i Rongavika. Romjula 1947 kunne det nye fabrikkbygget i tre takast i bruk. Jon Jarnes hadde framleis hand om den ekspanderande delen, møbelproduksjonen. Heilt frå starten vart det lagt vekt på å lage enkle og robuste bruksmøblar; stolar og sovesofaer. Snart overlet Jarnes & Krokå trappeproduksjonen til to av dei tilsette, som skipa eige firma.

Bedrifta hadde ein stabil arbeidsstokk, men talet på tilsette kom aldri over 20. Fram til 1955 var det i underkant av 10 tilsette, i 1989 var bemanninga 18 personar. Jarnes & Krokå fann ein



Jon Jarnes.



Per Krokå.

nisje innan rimelege bruksmøblar. Verksemda satsa friskt på heiltre furemøblar etter at andre generasjon tok over den daglege leiinga frå årsskiftet 1985/86. Då tok svigersonen til Per Krokå, Bjørn Henriksen, over som disponent. Son til Jon Jarnes, Kjell Arne Jarnes, vart produksjonsleiar. I 1989 vart bedrifta registrert som aksjeselskap.

Jarnes & Krokå var i ein del av møbelbransjen som var særleg utsett for konkurranse frå lågkostland, og tidleg i 1990-åra gjekk lønsemda ned. Etter ei tid med forsøk på omstillingar vart bedrifta avvikla. Nokre av dei tilsette i Jarnes & Krokå starta opp Jarnes Møbler i 1996. Dei leigde lokale i industriområdet i Vikøyra og spesialiserte seg etter kvart på leveransar til hotell/restaurant/bar- og båtmarknaden. Kolleksjonen besto av stolar, sofaer og ørelappstolar. Ekornes kjøpte tomter og bygningar av banken i 1996.

Delar av fabrikkbygget til Jarnes & Krokå vart gjort om til restaurant og selskapslokale. Firmaet som driv dette heiter Verkstaden Bistro. Det vart starta i 2003 og er drive av Bjørg og Lidvar Kurseth.



Jon Jarnes (t.v) og Per Krokå gjekk saman og dreiv møbel-fabrikken Jarnes &amp; Krokå Møbel- og Trevarefabrikk..

## Årdal Møbel AS

Jon A. Årdal (f. 1932 i Jølster, d. 2011) starta heime i kjellaren på Jarnes i 1969 med stoppa stoler og barnestoler.

I 1972 flytta Årdal over til ei fløy i fabrikk til Peder Olav Jarnes, mens syavdelinga fortsette i kjellaren i bustadhuset. Seinare i 1975 kom Kårdes Hagen med som eigar. Dei tok då til i 2. høgda hos P.O. Jarnes Møbler. I 1980/81 var det 11 tilsette.

Dei gjekk konkurs i 1983. Etter dette vart det drive produksjon i mindre målestokk i Nordex-bygget og hos Emco i Straumgjerde. Dette tok slutt i 1988.

## IKORNNES:

### P.O. Jarnes Møbelfabrikk

Peder Olav Karlsen Jarnes (f. 1921, d. 1993), starta denne møbelfabrikk på Ikorannes i 1947, i leigde lokale på kaia på Ikorannes.

Dei første åra var det tre-fire arbeidarar i bedrifta. I 1949 var talet på arbeidarar kome opp i seks. Tidleg i 1950-åra bygde P.O. Jarnes fabrikk på Ytre Ikorannes. Bygget var i mur og på to etasjar med ei grunnflate på 300 kvadratmeter. Med betre plass var det grunnlag for å auke arbeidsstokken. I 1955 hadde møbelbedrifta 16 personar på lønninglista. Den fekk då også eiga maskinavdeling. P.O. Jarnes Møbelfabrikk laga salongar og lenestolar i mellomstokket. Produkta vart selde over heile landet. I 1971 vart verksemda slått konkurs.



P.O. Jarnes Møbelfabrikk.

### Erstad Trevarefabrikk

Johan O. Erstad (f. 1878, d. 1964). Dette var ein tidlegare trevarefabrikk på Ikorannes som sto omtrent der Ekornes ASA har sitt administrasjonsbygg i dag. Bedrifta vart etablert på Ikorannes i 1904 av Johan O. Erstad, som ei vidareføring av møbelverkstaden faren Ole B. Erstad, som dreiv frå 1871 i Instebakktunet på Erstad. Ole Erstad laga kommodar, senger, nattbord og benker. Dette vart selt til møbelhandlarar i dei næraste byane. Til arbeidshjelp hadde Ole Erstad læregutar som han tok inn åtte-ti av i gongen. Høgsesongen for trevareproduksjon var vintertida, for då var det lite å gjere på gardane. Læregutane hadde ikkje løn i den tjue veker lange læretida, og dei måtte sjølve halde seg med mat og olje til lampene. Det dei hadde igjen, var solide kunnskapar i handverksbasert møbelframstilling.

Verkstaden til Ole vart reine snikkarskolen, dit kom det ungdomar både frå Sunnmøre og Nordfjord. På Erstad hadde dei og «internat». Eit stabbur tente som sove- og opphaldsstad for læregutane. Kona til Ole, Olave, heldt dei som ikkje gjekk heim til middag, med varm mat.

Johan O. Erstad kom tidleg med i arbeidet på verkstaden. Det vert fortalt at han allereie i 1890 fekk ombodet som arbeidsformann, berre tolv år gammal. Dei halvaksne læregutane måtte pent lystre han i arbeidstida, men under middagspausen fann Johan det tryggast å gøyme seg, elles kunne det vanke juling.

Frå 1895 vart Johan tiltrudd ansvaret for kjellarverksemda, og det gjekk ikkje lang tid før han byrja å sjå seg om etter ei eigna tomt for å føre




Erstad Trevarefabrikk er den raudbrune bygningen midt på bildet.

opp ein større verkstad. Før han kom så langt, var han frå 1900 eit par år ved Trondhjems Tekniske Skole og tok eksamen ved arkitektlinja der. I 1904 skipa han Erstad Trevarefabrikk, og same året kjøpte han ¾ mål av Petter H. Ekornes for å kunne bygge fabrikk. Når Johan valde Ikorannes som lokaliseringstad, var det fordi det var isfri hamn der, og der fekk han stabil tilgang på vasskraft frå Ikorneselva. Fallet i elva kunne utnyttast på ein stad som låg berre 200 meter frå kaiplass. Bygget frå 1904/05 var i tre høgder med ei grunnflate på 200 m<sup>2</sup>. Det brann ned i 1907, men vart ført opp att på same staden kort tid seinare.

For å få varene ut frå fabrikk og råvarer inn, la dei eit jarnbanespor ned til hamna. På skinnene trekte dei ei tralle, først med handemakt, sidan med vinsj. Erstad fekk omdreining til den nyinnkjøpte turbinen ved å leie vatn gjennom ei renne og inn i andre høgda på fabrikk. Via eit sinnrikt system av reimoverføringar dreiv denne turbinen fleire maskiner i dei to produksjonsetasjane. Fabrikk vart utstyrt med dei mest moderne maskiner som var tilgjengelege for trevareindustrien, og Johan Erstad var ein av dei første på våre kantar som fekk damp tørke for trematerialar. Det var i 1912/13.

Johan Erstad konsentrerte produksjonen om polerte møblar, kommodar, senger og speilbord med dreia føter, i tillegg til dører, vindaug og trapper. Det gjekk mykje dører og vindaug til Ålesund i samband med attreisninga etter brannen i 1904, og desse vart laga på bestilling. Møblane vart produserte i seriar. Johan Erstad heldt oppe forretningssamband som faren hadde etablert. K. Vågnes i Ålesund, som dei var knytte til gjennom slektsband, var den viktigaste avtakaren. Kring 1915 bygde Johan Erstad eige elektrisitetsverk. Aggregatet var på 50 hk, og det var ingeniør Drege på Stranda som monterte det. Tidlegare hadde det vore vanskeleg å få jamn kraft til maskinene, særleg vintertida når vassføringa i elva var lita. Det private kraftverket forsynte og andre gardar på Ikorannes med straum inntil det kommunale kraftverket på Riksheim kom i drift i 1918. Frå då av gjekk også Erstad over til å ta kraft frå kommunekraftverket.

Johan O. Erstad stilte høge kvalitetskrav til seg sjølv og medarbeidarane sine. Heilt frå starten i 1904 engasjerte han finsnikkarar frå Bergen for å rettleie læregutane på område der han sjølv ikkje hadde gode nok kunnskapar. Særleg gjaldt det polering av soveromsmøblar i mahogny. Også i



John A. Erstad, fotografert ved aldersheimen på Vik i 1964. Foto: Johan A. Aurdal.

bruken av spesialmaskiner drog han nytte av fagfolk som vart henta til fabrikk for kortare periodar.

Erstad var borte frå Sykkylven i seks år frå 1924. Den tida var han m.a. disponert for Stjørdal Møbel & Trevarefabrikk, og han var engasjert i trelasteksport til England. Frå 1924 til 1930 var Erstad Trevarefabrikk leigd ut til brørne Bernt og Ole Stave, som hadde vore ved verksemda i mange år. Dei heldt fram med det same produktutvalet som Erstad Trevarefabrikk hadde slått inn på tidlegare. Namnet på bedrifta vart heller ikkje endra.

I 1930, då Johan Erstad kom attende til Sykkylven, søkte han patent på ein vevstol han hadde utvikla. Det nye ved vevstolen var at han hadde ståande slagbom i staden for hengande. Elles var han berre halvparten så stor som dei tidlegare vevstoltypene. Stolen vart laga i tre breidder. Den minste utgåva var på ein meter, dei andre på 1,30 meter og 1,60 meter. Vevstolen hadde automatisk framdrift. Erstad produserte også ein enklare type kontramarsj. Det var ei innretning for veving på opptil åtte skaft, til dømes til dukar med eit innvikla mønster. Vevstolen gav verksemda ein god skuv framover. Etterspurnaden etter møblar i heiltre mahogni fekk ein svikt etter at billegare finerte møblar vart introduserte. Tynes Møbelfabrikk, som kom i gang i 1927, var først ute med slik produksjon i Sykkylven.

Ved sida av at Erstad Trevarefabrikk gjekk over til å lage vevstolar, fann leiinga ved verksemda



også ein nisje i produksjon av lenestoltreverk til lokale møbelfabrikkar. Dører, vindaug og trapper vart framleis laga som tidlegare. Sønene til Johan, Olav og Petter, tok over fabrikkjen i 1939. Olav Erstad var dagleg leiar fram til han døydd i 1968. I 1965 brann fabrikkjen ned for andre gong. Då starta Olav og Petter eit nytt aksjeselskap og reiste nytt fabrikkbygg på 400 m<sup>2</sup> nede ved sjøen. Det nye selskapet vart kalla Erstad Trewarefabrikk A/S. Etter at Olav døydd, tok Petter over åleine. Han hadde då i fleire tiår drive møbelfabrikk på Hareid. I 1971 vart fabrikkbygget selt til J.E. Ekornes Fabrikker A/S, og i 1977 vart også tomte overlata til storkonsernet.

## J.E. Ekornes AS

Jens Ellingsen Ekornes (f. 1908 d. 1976). Alt som smågut synt han interesse for det som vart yrket hans. I fritida heldt han seg mykje ved bekken som renn gjennom garden. Der laga han ein kvern kall som kunne drive eit «sagbruk». Sagbladet var løket av ein hermetikkboks, og med det skar han skiver av rå poteter. Han fekk denne «saga» til å gå, og yrket hans vart å få ting til å gå.

I ungdomstida hans fór mange til Amerika. Ein god del over 1000 utvandra frå Sykkylven. Men Jens meinte han kunne skape seg ein leveveg heime. Etter folkeskulen tok han framhaldsskulen, og var glad då han fekk læreplass hjå korgmakar Andreas Riksheim frå Tynes. Etter eit par år fekk han arbeid ved Stranda Kurvmøbelfabrikk A/S, og der fekk han lære meir både av faget og om fabrikkverksemd.

Han tok til å lage korgmøblar i kjellaren heime i 1928. Snart tok dei til å stoppe puter i korg-

møblane, og Jens forstod at dette var noko å satse på. Saman med ein kamerat frå Stranda leigde han eit hus på Aure i 1929. Der vart det plass til lager i kjellaren, verkstad i første etasje, kokelag og kontor i andre, og dessutan hyblar. Det gjekk godt, og snart vart det for lite plass. Det var uråd å finne høvelege lokale for utviding i Sykkylven, og etter drøftingar med Ørsta kommune vart det til at verksemda vart flytt dit ved årsskiftet 1931/32. Då hadde dei alt starta med fabrikkasjon av salongmøblar, og namnet vart Møre Lenestolfabrikk A/S.

Her gjekk fabrikkjen også godt, men etter eit par år sa Jens Ekornes opp stillinga som disponent. Han tenkte å ta over garden heime, og hadde store planer om rasjonalisering og spesialisering av gardsdrifta. Men interessa i anna leid vart for sterk, så gardbrukar vart han ikkje. I staden bygde han sin første fabrikk på Ikornnes i 1934. I eigen skog fann han og faren rikeleg med tømmer, og dei hadde sagbruk. Dei første åra var det møbelfjører dei laga, og dette førde til fabrikkasjon av madrassar. Då trongst det meir plass og fabrikkjen måtte utvidast. Etter krigen tok Jens Ekornes ein tur til USA. Der fekk han sjå og lære mykje, og han kjøpte nokre maskinar som kom til å skape litt av ein revolusjon i produksjonen heime. Fabrikkjen gjekk etter kvart så godt at det vart utvidingar så å seie årleg.

Jens Ekornes hadde mange interesser utanom fabrikkjen. Han var aktiv kommunepolitkar, vart ordførar, og sette spor etter seg som politkar og. Det var t.d. han som la fram planar om byggjefelt i Vikedalen, før nokon annan hadde tenkt på slikt. Han var formann i styret for kraftverket, og forstod at kraftverket i bygda snart ville bli



J.E. Ekornes AS, slik fabrikkjanlegget på Ikornnes fremstår i dag.



Jens E. Ekornes og kona Petrine utanfor huset sitt på Ikornnes.



Ikornnes-fabrikkjen i 1953.

for lite. Han gjekk sterkt inn for at bygda måtte kome med i Tussa Kraft. Var med i styret for to bankar, i styret for MRF, og i hovudstyret i Norges Industriforbund. Han var òg aktiv i humanitært og kristeleg arbeid. Var med i styret for Norges Kristelige Ungdomsforbund, og i sokneråd og bispedømmeråd.

Han gjorde opptak til bygging av kyrkje på Ikornnes kombinert med forsamlingshus. Og han gjorde Det Norske Misjonsselskap til medeigar i fabrikkjen ved ei gåve på 5,5 millionar kr. For samfunnsgagnleg arbeid vart han riddar av 1. klasse av St. Olavs Orden.

Ein kan undre seg på korleis han fekk tid til alt. Noko av forklaringa på det er at han hadde brørne Martin og Leif til å ta seg av verksemda når han var vekk, i seinare år også sønene til broren Sigurd.

Og dei som kjenner Petrine, kona hans, veit at ho hadde umåteleg mykje å seie for han. Ja, det vert fortalt at Jens sjølv ofte sa at Petrine hadde eit betre både økonomisk og politisk gangsyn enn han sjølv.

25. november 1976, då han var på veg heim til middag, var det brått slutt på eit aktivt liv.

## Sigurd Ellingsen Ekornes

(f. 1906, d. 2004). Sigurd var bror til Jens E. Ekornes. Han gjekk i snikkarlære på Erstad Trewarefabrikk og arbeidde der ei tid som snikkar. Flytte i 1932 til Ørsta og var produksjonssjef på Møre Lenestolfabrikk A/S til 1966.

Av broren Jens fekk han leige Solid Lenestolfabrikk som Jens hadde teke over etter konkurs. Der starta Sigurd delproduksjon til J. E. Ekornes



Sigurd E. Ekornes.

Fabrikkjen saman med sonen Kjetil. Etter ei tid starta han Svanemøbler A/S saman med brørne sine, og i tillegg overtok dei Vik og Blindheim Møbelfabrikk A/S. Var aktiv her enno i 1981 saman med sonen Kjetil.

## John Sætre Snikkarverkstad

John S. Sætre (f. 1914, d. 1975), hadde snikkarverkstad i kjellaren i bustadhuset sitt på Sætre. Frå 1950 tok han opp produksjon av enkle klappstolar med seglduksete til bruk i båtar. Som hjelpesmann tilsette han ein mann.

John Sætre utvikla ein sovesofa som han søkte patent på, og sjølv laga han treverket i sofaen. P.O. Jarnes Møbelfabrikk laga han ferdig og sto for salet. Verkstaden vart avvikla tidleg i 50-åra.

# Langeneset 1951

Av Hans Strømmegjerde



**Langenesstølen ligg midt på Langenesvatnet i Straumsdalen. Det er framleis idyllisk der, men spora etter setra som låg der forsvinn meir og meir.**

Langeneset vart truleg bygd mellom 1887 og 1907 og det vart sætra her fram til 1943 då stølen vart flytta til Osen. I 1951 stod sela på Langeneset framleis, men var alt då til nedfalls. No står det berre nokre murar att av den setra som folk feilaktig kallar Gamle-Langeneset. Men det rette namnet på området der sel og hytter ligg i dag, er Osen og ikkje Langeneset.

Bileta over viser korleis stølen såg ut i 1951 og kven som eigde de ulike sela:  
 1. Simo-selet, 2. Pål-selet, 3. Johansselet, 4. Nedst-Øggardsfjosen, 5. Nedstøggardsselet, 6. Simofjosen, 7. Eilevselet, 8. Inste-Øggardsfjosen, 9. Johansfjosen, 10. Gjerdeselet, 11. Teiefjosen, 12. Sølmon-fjosen, 13. Gjerde-fjosen og 14. Fausaselet.  
 (Foto: Hans Strømmegjerde).



Fiske i Langenesvatnet ca. 1953. Dei tre personane på bildet som viser fram fangsten dei har fått med garn er Kjell Tandstad (Johans-Kjell), Nils Riksheim (Gylja-Nils) og Karl Emdal. (Foto: Hans Strømmegjerde)



Kveldsstemming frå Langenesvatnet. (Foto: Hans Strømmegjerde).

Stein Arne Fauske, fødd 1977, er historikar og bygdebokforfattar og arbeider for tida med bygdebok for Haram. Han er medlem av Sykkylven sogenemnd.

## Amerikabrev – nytt prosjekt i regi av sogenemnda

Av Stein Arne Fauske

**Kring 1000 sykkylvingar emigrerte til USA og Canada i perioden 1870–1920. For dei fleste som reiste var avreisedagen eit endeleg farvel med slekt og vener. Det var ikkje gjort i ei hand vending å kome seg over Atlanterhavet på besøk. Den einaste kontakten med slekta heime skjedde via brev. Nokre var trottige brevskrivarar, medan andre ikkje ga lyd frå seg i det heile.**

Amerikabrev er ei unik historisk kjelde. For det første fortel dei om nybyggjarlivet i USA, kor stort alt er og om alt som er annleis enn i gamlelandet. Mest like interessant er det å sjå kva emigrantane spør om. Det kan vere om stoda hennar sjuke

mor, eller korleis det går med planen om å byggje ungdomshus på Aure.

Vi i sogenemnda er viss på at der finnest mange gamle amerikabrev i skuffer og skap kringom i bygda. Dersom du har slike brev, helst eldre enn 1925, håper vi du tek kontakt. Sog-nemnda vil i første omgang avfotografere/scanne brevet. Det er ikkje snakk om å låne brev. Avfotograferinga vil skje på staden. Målsetjinga er å kunne lage ei bok som skildrar ulike sider ved utvandringa i lys av dei breva utvandrarane sende heim til slekt og vener. Dersom du har amerikabrev/utvandrarbrev eldre enn 1925, gjer vel å ta kontakt med Sykkylven sogenemnd v/ Stein Arne Fauske.



På bilete sit Lars og kona Anna framme. Bak f.v. er sønene Petter og Lewis, og truleg dottera Anna. Biletet er teke på farmen deira i Bad-Axe, Wisconsin, truleg kring 1890.

### Eit amerikabrev frå 1875

Lars Ananias Larssen f. 1839 frå Larsgarden på Indre Fauske og kona Anna Pedersd. Frøysa frå Sunnylvn utvandra i 1875 frå husmannsplassen Hjellebruna under Hjellane (gnr. 5).


Sterling Juli 17th 1875

Kjære Brodersøn og Moder

Undskyld kjære Venner at jeg ikke har skrevet tilbage siden jeg kom over til Amerika; men Aarsagen hvorfor er den at vi syntes det var best at se sig lidt om først, saa vi kunde have lidt at skrive om. Vi gik ud fra Bergen den 1ste juni og kom til Qubeck den 14de i samme og den 18de ankom vi til vort Bestemmelsessted som hedder Bad-Ax.

Reisen over Atlanterhavet, samthele Reisen var kun en Lysttur alle af os Friske. Dernæst vil vi fortælle Dere at vi har taget os Homestead-Land (det vil sige saadant Land som vi faar af Regjeringen kun for faa Doller nemlig: hvis man tager 1 eller 2 Fyrtier koster det 7 Dollars tager man 3 eller 4 Fyrtier koster det 14 Dollars). Vi har taget os 2 Fyrtier hvilket er det samme som 320 Maal norsk. Vi har tillige kjøbt os en Ko, som vi betalte med 23 Dollars. Dagen efter vi havde kjøbt den kalvede den. Vi bor hos Ole Pedersen endnu, men til førstkommende Høst er jeg tænkt paa at bygge paa mit eget Land. I sommer vil jeg bryde til Ager omtrint 1 Akers hvilket udgjør 4 Maal. Begge vores elste Døttre har taget sig tjeneste for 8 Dage siden. Mit Land ligger saalangt fra min Svigerbroders Land som fra Fauske til Aursnæs. Hermed maa vi slutte for denne Gang hils alle vores bekjendte og sig at vi lever meget vel. Vær af den Godhed at send os nogle Linier med det første Dere kan. Hermed hilses Dere paa det kjærligste fra os Lars Larsen og Ane Pedersd.

Min Adresse er Lars Larsen,  
Purdy P. O. Vernon Co.  
Wisconsin North Amerika.



# Bilet kavalkaden 2013

ved Monica Aure

Her er nokre glimt av små og store hendingar i året som gjekk, henta frå Sykkylvsbladet sitt fotoarkiv.



I starten av året kunne Møbelmuseet invitere til ei ny og utvida fast museumsutstilling om norsk møbelindustri gjennom tidene. Der vart det blant anna stilt ut 30 av dei møblane som er kåra til å vere dei mest vellukka blant norske designmøblar, og stolar, bord og sofaer som viser møbelproduksjonen gjennom mange tiår. På biletet viser Kjetil Tandstad elevar frå ungdomsskulen rundt i lokala. Foto: Monica Aure



Vêret i Sykkylven har vore meir omdiskutert i år enn på lenge. I vinter kom det knapt nok snø, så det vart få dagar med puddersnø i skibakken. Redninga for skitrekket vart kunstsno. Også sommaren vart annleis enn ein er van med. Sol frå skyfri himmel nærast kvar dag heile ferien er ikkje kvardagskost på desse kantar. På biletet Viktoria Tanghe (t.v.), Ole Martin Klokkehaug og Oline Klokkehaug som kosa seg i akebakken, trass i snøangelen. Foto: Monica Aure.



I mai vart det observert ulv på Melset i Ramstaddal. Fleire i bygda opplevde å sjå ulven på nært hald. Det vart ei storstilt ulvejakt i heile bygda. Fellingsløyve frå fylkesmannen vart innhenta, og eit jaktlag i regi av viltneimda var ute og leita etter ulven. Dei fekk hjelp frå tre ekvipasjar frå Gudbrandsdalen med spesialtrene hundar. Ulven blei felt 5. juni, og skal stoppast ut og synast fram ved Sykkylven naturhistoriske museum. På biletet er Arnt Ove Aure, leiar i Sykkylven Sau og geit. Foto: Arild Leikanger Aure.



Kommunestyret vedtok å legge ned dagsenteret ved BUAS, og dette skapte eit enormt engasjement i bygda. I juni starta Reidun Idland Velle ein underskriftsaksjon for å få synleggjort den massive motstanden mot vedtaket. I løpet av eit døgn var det 1507 personar som skreiv under på listene hennar. Desse overrekte ho til ordføraren før han skulle i kommunestyremøte. Vedtaket blei omgjort og dagsenteret freda, i alle fall for ei stund. Foto: Arild Leikanger Aure.



Friidretten blomstrar i Sykkylven, spesielt etter at bygda fekk eit flott anlegg på Ikkornes. Hermann Velle Aurdal har verkeleg markert seg i friidretts-Noreg. Han har fått mange gode plasseringar, og kan blant anna smykke seg med noregsmeistertittel. Han vart også plukka ut til å vere med på det norske friidrettslandslaget for ungdom. Foto: Rune Helle.



Sykkylven gatebilklubb inviterte til Street Meet i august. Ved storhallen laga dei til ei stor bilutstilling, der i underkant av 150 bilar deltok. I tillegg hadde dei lydkonkurranse der deltakarane testa stereoanlegga sine og burnoutkonkurranse der dei skulle svi dekk. Om lag 500 publikummamarar var innom det røyk- og lydfylte arrangementet. Foto: Monica Aure.



Kraftig nedbør i slutten av august gjorde store skadar flere stader i bygda. Spesielt på Ikkornes fekk ein merke det. Eit hus stod i fare for å bli tatt av vassmassane, vegen i Meieridalen vart skylt vekk og også i fabrikkområdet til J. E. Ekornes vart det jobba på spreng for å halde vatnet frå Ikkorneselva under kontroll. Framleis er det mykje arbeid som står att, før alt er som det var før flaumen på Ikkornes. Foto: Arild Leikanger Aure.



Den nye allmenningskaia på Aursneset skulle etter planen stå ferdig i 2007. Røyra som stikk opp av sjøen, har vist kvar kaia skal plasserast, men heile prosjektet har stått i stampe. – Etter iherdig jobbing er arbeidet med kaia i gang igjen. I november skal den vere ferdigstilt, fortalde ordførar Petter Lyshol og dagleg leiar i Storfjordterminalen, Bjørn Idar Lyngvæer i september. Foto: Monica Aure.



Sykkylven musikkråd arrangerte i september den tredje utgåva av Musikkfestdagane, med arrangement frå tidleg til seint. Aktørane opptredde i sentrumsgatene og i ulike konsertlokale, og ein fekk verkeleg oppleve kva som rører seg i kor- og korpsmiljøet i bygda. Blant dei som spreidde musikkglede var bandet Saft Suse. På biletet er Aud Marit Tafjord og Tor Årdal. Foto: Jelyn Bentzen.



Alle kommunar som hadde under 30 prosent kvinner i kommunestyret etter valet i 2011, fekk tilbod frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om å vere med i prosjektet Lokalvalgdagen. Sykkylven er blant desse 72 kommunane. Målet er å auke kvinnerepresentasjonen, og difor fekk blant anna kommunestyret i Sykkylven besøk av valforskar Guro Ødegård som heldt føredrag. I lang tid etterpå gjekk debatten om kvinner i politikken og hersketeknikkar i avisspaltene. Foto: Monica Aure.



I haust har mange sykkylvingar vore klistra til skjermen for å følgje med på varaordførar Olav Harald Ulstein som var blant deltakarane i TV2-serien Farmen. Han kom heim til Sykkylven i oktober, då innspelinga av serien var ferdig, så ingen fekk vite kor langt han kom seg. Sykkylvsbladet vitja han då han kom heim, og fekk vere med han første kvelden han såg seg sjølv på TV. Foto: Monica Aure.



I august kom det fram at ei gruppe interessantar har planar om å bygge eit høghus på opp til 20 etasjar i Sykkylven. I oktober var det gjort offentleg at det er ei gruppe lokale interessantar med Ståle Welle i spissen som har starta arbeidet med forprosjektet for å få på plass eit kombinasjons- og signalbygg på den attraktive godsterminaltomta. Welle reknar med at det innan nyttår vil bli avklart om høghuset som mellom anna skal innehalde kompetansesenter, hotell, restaurant, butikkar og leilegheiter let seg realisere. Foto: Frank Kjode.

## Desse har vore med å støtta utgjevinga av Årbok for Sykkylven 2014

### Sparebanken Møre

- Coop Mega Sykkylven
- Amatec AS
- Nyborg AS
- Formfin Møbler AS
- Nordea
- SandellaFabrikken AS
- Spar Sykkylven, Elias Vinje
- B.S. Aure AS
- Handelsservice AS
- Sykkylven Gjensidige Trygdslag
- Sykkylven Bok & Papir AS
- Kiwi, Sykkylven
- Ekornes ASA
- Møre Trafo AS
- Advokat Kjetil Kvammen
- Brunstad AS



## Eit ord

Ein tekst er ein tanke.  
Eit ord er ei ånd.  
Eit dikt er ein draum,  
som fort flyg forbi.  
Eit vers er ein fugl som vaker i natta,  
og lettar når morgonen stig.

*Roald Solheim*



(Foto: Hallvard Sandvik)

ISBN 978-82-92269-22-0



9 788292 269220

Mai  
Mandag Tirsdag Onsdag Torsdag

4 5 6  
11 12 13  
18 19 20  
25 26 27